

# **SOCIO, A MI ME FALTA... – KAMERAT, EG MANGLAR...**

**-EIT STUDIUM AV GÅVER, NETTVERK OG KAPITAL PÅ CUBA.**



MASTEROPPGÅVE I SOSIALANTROPOLOGI

AV

ELLEN ANGELIKA FERNÁNDEZ FIVELSTAD

VED

UNIVERSITETET I BERGEN

HAUSTEN 2008





## FORORD

VÅREN 2006 REISTE EG TIL CUBA FOR Å STUDERE DER GJENNOM EIN NORSK ORGANISASJON. UNDER OPPHALDET BUDDE VI I HUS SOM HAR KONSESJON TIL Å LEIGE UT ROM TIL TURISTAR, (*CASAS PARTICULARES*). KONSEPTET KAN I STOR GRAD SAMANLIKNAST MED **BED & BREAKFAST**, DER EIN FÅR SERVERT FRUKOST PÅ KJØKKENET TIL FAMILIEN OG OGSÅ DELER STOVA MED DEI. I DENNE FAMILIEN MØTTE EG MIN NOVERANDE EKTEMANN, OG FATTA ETTER KVART OGSÅ INTERESSE FOR Å GJERE FELTARBEID HER.

GJENNOM DETTE OPPHALDET OG FLEIRE BESØK ETTERPÅ LA EG MERKE TIL AT SOSIALE NETTVERK HADDE EI STOR TYDING I DAGLEGLIVET. DET VAR MANGE MATVARER SOM BERRE KUNNE SKAFFAST VED Å KJENNE DEI RETTE PERSONANE, ELLER TENESTER EIN FEKK UTFØRT VISS EIN KUNNE SNAKKE MED DEI RETTE KONTAKTANE. EG LA OGSÅ MERKE TIL AT EIN FØRESETNAD FOR AT DETTE SKULLE VERE MOGLEG VAR AT EIN HADDE EIT GODT NAMN OG RYKTE I BYEN. DETTE HAR SEINARE BLITT UTGANSPOINTET FOR FELTARBEIDET OG DENNE OPPGÅVA.

NO NÅR EG HAR DET FERDIGE RESULTATET VIL EG FØRST OG FREMST TAKKE VEILEDAREN MIN, ELДАР BRÅTEN FOR EIT GODT SAMARBEID, GODE RÅD OG TILBAKEMELDINGAR. TAKKE MINE INFORMANTANE MINE FOR ALL INFORMASJONEN SOM DEI GAV MEG, OG HISTORIENE DEI FORTALDE. *UN GRAN GRACIAS A MI FAMILIA CUBANA, A MIS AMIGOS QUE ME HAN AYUDADO MUCHÍSIMO,*

NÅR EG NO AVRUNDAR EIN DEL AV UTDANINGA, SYNES EG DET ER RETT Å TAKKE ALLE SOM HAR HJULPE MEG GJENNOM STUDIELØPET, TAKK TIL MIN FAMILIE: TIL MAMMA OG PAPPA, SOLVEIG OG IRIS MEN OGSÅ TANTE ÅGOT. TAKK TIL VENANE EG HAR STUDERT ANTROPOLGI MED, ISÆR KAJA, HÅKON LIV OLENE OG MIA, MEN OGSÅ TIL GUNHILD, SYLVI OG DINA. ¡VIVE MAISON RAJA C 2!

TAKK TIL LÅNEKASSEN, FOR REISESTIPEND, STIPEND OG LÅN.

SIST MEN IKKJE MINST GÅR MIN UFORBEHOLDANDE TAKK TIL MIN KJÆRE EKTEMANN, (*GRACIAS A MI ESPOSO, TU ERES MI TODO*), SOM HAR VORE TIL STOR HJELP UNDER FELTARBEIDET.

# INNHALDSFORTEIKNING

FORORD

INNHALDSFORTEIKNING

<b><u>Kapitel 1</u></b>	<b>CUBA, LANDET DER INGENTING ER SIKKERT</b>	<b>1</b>
	Det er blitt naudsynt "finne opp" forretningar ( <i>inventar un negocio</i> )	2
	På leiting etter mat	6
	Problemstillinga	8
	Cubanske kone, antropolog eller sladrebank (chismosa)?	10
	Oppgåvas oppbygging og mitt bidrag	14
<b><u>Kapitel 2</u></b>	<b>VI CUBANARAR ER FANGA OMBORD I REVOLUSJONEN</b>	<b>16</b>
	Historias gang og revolusjonens forløp	17
	Innføringa av ein sosialistisk gåveøkonomi	19
	Økonomiske og moralske omveltingar	20
	Ulike syn på den cubanske økonomien	23
	Dei nye verdifastsettingane	25
	Revolusjon for ein kvar pris (por cualquier sacrificio) ?	27
<b><u>Kapitel 3</u></b>	<b>DEN CUBANSKE GÅVEGIVINGAS SÆRTREKK</b>	<b>31</b>
	Når alle har behov	32
	Hundre kjenningar og kontaktar til hundre problem	36
	"A mi me falta..." – Eg manglar...	37
	Strategiske relasjonar	39
	"Strong" eller "weak" ties: relasjonar som er like verdifulle	41
	Stimuleringsgåver	45
	Takkegåver	48
	Vennegåver	51
	Gåver eller betalingar?	57

<b><u>Kapitel 4</u></b>	<b>RYKTE, SLADDER OG TILLIT:</b>	
	<b>AVGJERANDE FOR EIN CUBANARS NETTVERK OG KAPITAL</b>	<b>63</b>
	Strategien bak personlege nettverk	66
	Kaptial konverteringar og personars sosiale historie	69
	Åtferda på gata: historia som vert hengande ved menneskja	73
	Sladder og onde tunger: Nettverkets viktigaste informasjon	81
<b><u>Kapitel 5</u></b>	<b>VI HAR IKKJE SOSIALISME, VI HAR KAMERADERI</b>	<b>93</b>
	"La doble cara": ei offentleg- og ei privat sfære	95
	Kameraderi med sosialisme	97
	Tankar kring vidare forskning	98
<b>LITTERATUR</b>		<b>100</b>



## Kapitel 1

### **CUBA, LANDET DER INGENTING ER SIKKERT (A DONDE NADA ES SEGURO)**

I midten av Juni 2007 reiste eg ned til byen Cienfuegos på Cuba, for gjere feltarbeid fram til jul det same året. Eg ville sjå nærare på, og det som denne oppgåva handlar om, er korleis cubanarane byggjer opp, vedlikehelde og nyttar sine sosiale relasjonar. Når det skulle skapast nye relasjonar vart det ofte gitt dyre gåver, mens det var gitt lite og små gåver til dei næraste vennane. Eit gavesystem som med andre ord er motsett til det som er vanleg i dei fleste land. Å få tak i visse varer og tenester gjennom kontaktar var også avhenging av den gjensidige tilliten mellom dei to personane hadde til kvarandre, som igjen bygde på deira omdøme. Eit godt omdøme er vanskeleg å få, men lett å bryte ned. Gjennom oppgåva vil eg derfor vise strategiane cubanarane har til å finne tak i varer og tenester som dei treng. Ettersom dette kan innebære at dei skadar omdømet sitt, og korleis dei freistar å unngå dette. Vidare vil eg også vise kva konsekvensar det kan ha å få eit dårleg omdøme i visse samanhengar. Kort sagt handlar oppgåva om korleis den uformelle økonomien er bygd opp, korleis cubanarane aktivt deltek i denne, og ut frå sine handlingar får eit godt eller dårleg omdømme.

Omgrepet uformell økonomi er eit fagleg uttrykk som rommar dei økonomiske verksemdene innanfor svartebørsen og undergrunnsøkonomien. Med andre ord den delen av handelen som føregår i samfunnet som ikkje er underlagt statleg kontroll eller vert regulert av staten. Den uformelle økonomien vaks i vesentleg grad fram på Cuba på grunn av økonomiske problem i åtti åra og i svært stor grad tidleg på nitti talet. I takt med at staten delte ut mindre varer vende cubanarane seg til familie, venner, kjenningar og kontaktar for å kunne tilfredstille daglege behov. Fernández beskriver den uformelle økonomien på Cuba som ”not a faceless entity, anonymous and impersonal. On the contrary it is embodied in people. Who you know is important as your material resources. Personal relations are a resource, a form of capital – network capital – for they can provide access to different goods and services. Individuals can serve as intermediaries to others who might provide the necessary product or service” (2000: 107).

I dette kapitelet vil eg gjere greie for den formelle og uformelle økonomien som finnst på Cuba, der det sistnemnde vert vektlagt mest. Ettersom verksemdar innan den uformelle økonomien for cubanarane har vorte ein viktig måte å tene pengar på, men også kvar dag nyttar for å skaffe seg til veie blant anna mat.

## DET ER BLITT NAUDSYNT Å "FINNE OPP" FORRETNINGAR (INVENTAR UN NEGOCIO)

I følge Granovetter spelar personlege nettverk og sosiale relasjonar ei stor rolle i land med statleg sosialistisk politikk, fordi planøkonomien ikkje klarer å oppfylle innbyggjaranes ynskjer eller behov (2007: 163). Etersom staten følgjer ein forut bestemt plan i produksjonen og distribueringa av varer, uavhengig av det reelle forbruket og etterspørselen. Derfor får ein overproduksjon og overflod av nokre varer, mens det vert produsert for altfor lite av ei anna vare. Dette var ganske lett å leggje merke til i dei cubanske butikkane, i tillegg legg USAs blokade sterke hinder i vegen for importen av varer, som fører til vidare mangel på nokre varer.

Då Sovjetunionen fall i 1989 mista Cuba ein samarbeids partner gjennom fleire ti år. Den cubanske økonomien vart hardt råka, ettersom landet var blitt avhengig av pengestønadar frå stormakta i aust. Dei totale handelstransaksjonane minka med 75% og Cubas BNP fall med 35 og 45% frå 1990 til 1994<sup>1</sup>(Heldal 2008: 147). Styresmaktene erklærte unntakstilstand i økonomien, som fekk namnet Spesial Perioden i Fredstid (*Período Especial en Tiempo de Paz*) ofte forkorta til DSP. Ved å gjennomføre ulike reformer deriblant å legalisere bruken av US dollars, fekk Fidel Castro fekk økonomien på beina igjen. Dollaren vart dermed akseptert som betalingsmiddel, parallelt med den nasjonale pesoen (*pesos nacionales*) Etter nokre år vart denne erstatta med den cubanske *pesos convertibles*, *CUC*, som er knytt opp til den same vekslingskursen som US dollars. Det vil seie at ein CUC og ein US dollar har tilnærma lik verdi, og ofte vart *CUC* fortsatt omtalt som dollar. Medan ein 1 CUC er 24 *pesos nacionales* ved kjøp og 25 pesos ved kjøp av 1 CUC, mens då dollaren vart innført kosta ein dollar opp mot seksti *pesos nacionales*, og vart den valutaen som vart på svartebørsen. Dermed fekk den ei sterk stilling i dagleglivet og så å seie alle cubanarar var på jakt etter ein måte å finne tak i dollar på.

Ein av måtane å få tak i dollar på er å vere *jinetero*, der ein hjelper turistar til å finne ein *casa particular*, kafear, ein bar, sigarar eller viser dei rundt i byen mot ei slags betaling. Ofte ber dei seg sjølve til bords og forventar at turistane skal betale for deira mat og drikke, i tillegg vil dei få pengar frå denne utestaden eller *casaen*, for å ha tatt dei med dit. Ordet *jinetero* tyder eigentleg ryttar, og vart opphavleg nytta på personar som veksla dollar mot pesos på svartebørse, og dermed rei på økonomien. Desse mennene og kvinnene (*jineteras*)

---

<sup>1</sup> "Data om BNP og vekstrater for de siste 30 år samlet av Verdensbanken viser at ingen har opplevd en sammentrekning av økonomisk aktivitet over en tre års periode som kommer opp mot den som rammet Cuba mellom 1991-1993" (Horowitz & Suchlicki 1998:227 i Heldal 2008: 147).



har etter kvart fått dette tilnamnet fordi dei ofte inngår i seksuelle og/eller romantiske forhold med turistar. Der dei som regel også i større eller mindre grad tek kontrollen over turistens økonomi, så det blir sagt at *jineteros*, rir på turistanes økonomi. Denne praksisen kjem eg fylldigare tilbake til i kapitel fire.

Den økonomiske krisa som starta 1990 medførte større varemangel enn cubanarane hadde opplevd nokon gong før. Cubanarane starta derfor å selje vidare den delen av matvare rasjonen som dei får kjøpt til reduserte prisar gjennom rasjoneringskortet (*la libreta*) i statlege butikkar (*bodega*). For dette fekk dei høgare pris enn det varene i utgangspunktet hadde kosta. Desse pengane nytta dei til å kjøpe seg matvarer på marknadar drive av staten eller av privat personar som starta å selje frukt og grønt på gata. Ritter hevdar at rasjonerings systemet "converted virtually everyone into a mini-capitalist, searching for opportunities to sell and buy" (2005:11).

I 1996 var den mest akutte delen av den økonomiske krisa over, og når eg var der på feltarbeid fanst det ein god del varer å kjøpe i butikkane men det var alltid mangel på pengar. Informantane mine sa ofte at pesoen eller dollaren var "mista" (*perdido*), at dei måtte finne denne igjen gjennom å drive små forretningar (*negocio*). Desse små forretningane låg alle innanfor den uformelle økonomien som eg vender tilbake til, etter å ha gjort greie for den formelle økonomien. Cubanske myndigheiter garanterer alle arbeid og utdanning. Majoriteten arbeidar innan statlege bedrifter, ettersom det finnast få bedrifter på private hender. Lønns nivået er relativt lågt, gjennomsnittsløna ligger på 408 pesos, som tilsvarar 20 CUC eller hundre norske kroner i månaden. Det same mottek også pensjonistane. Legar, juristar og universitets tilsette har høgare lønn, mens ufaglære tener omkring 200-300 pesos i månaden (Underlid 2008: 164). Det blir gitt eit lite stipend til studentar på høgare utdanning, og desse er avhenging av hjelp frå foreldra til å greie seg økonomisk. Studerar dei i ein anna by enn der foreldra bur, får dei på rom campus saman med andre studentar, og tilbod om mat til lave prisar. Delvis må studentane betale tilbake dette stipendet gjennom *servicio social*, det betyr at ein skal arbeide for staten i to år til mindre lønn.

Nokre få cubanarar er tilsette i "joint ventures"<sup>2</sup>, bedrifter som er eit samarbeid mellom den cubanske staten og utanlandske investorar (Heldal 2008: 149). Dei einaste tilsette som får lønna utbetalt i CUC. Det vert rekna med at seks av ti cubanarar har tilgang på CUC anten gjennom at dei leiger ut hus til turistar, jobbar innan turist industrien som gir tips,

---

<sup>2</sup> "I 1998 hadde aktører fra nærmere 50 land investert \$2,3 milliarder i 357 "joint ventures", først og fremst innen turisme, gruvedrift og oljeindustri, med Spania, Canada og Italia som de mest aktive" (Heldal 2008: 149).

pengar som vert sendt frå familie i utlandet eller jobbar som dei har innan den uformelle økonomien (Underlid 2008: 165).

Ein del av denne lønna går vekk til å betale straum, telefon<sup>3</sup>, husleige og vatn, som blir betalt i *pesos nacionales*. Alle hushald kan gjennom *la libreta* kjøpe nokre kilo med ris og bønner, nokre hundre gram salt og sukker, ei titals egg, litt kaffe og matolje i månaden. Maten vert selt til sterkt reduserte prisar i *pesos nacionales*, ut frå ein statleg butikk (*bodega*). Cubanarane må sjølve ta med posar og flasker til å ha maten i, og det hender at det ikkje finst ikkje kaffe eller matolje og dette må hentast nokre dagar seinare. I tillegg driv staten utsal for kjøtt fisk, brød, og frukt og grønsaker, som også vert selt for *pesos nacionales*. Kvar søndag vart det haldt ein stor marknad der bønder og andre kjøpmenn selde matvarer frå stand. Prisane vart regulert av staten, og det gjekk rundt inspektørar og sjekke at vektene til seljarane stemde, likevel vart mykje selt til lågare pris under bordet. Til dømes vart det ropt det ropt tre ananasar for ti peso, også fekk ein gjerne eit til ”på kjøpet”. Andre gongar hende det at seljarane i skjul i tillegg til det dei hadde lagt fram selde kvitløkar, og var seljaren ein kjenning fekk ein kjøpe ei betre kjøttstykke. Frå isbaren (*Coppelia*) vart det selt rimeleg is for *pesos nacionales*, som medførte at det alltid var lange køar utanfor. Her kunne ein også kjøpe med seg is heim viss ein tok med beholdere til å ha denne i.

Staten driv også ei kjede av såkalla dollar butikkar (*la shopping*), som namnet tilseier vert varene i desse butikkane berre selt for dollar. Mykje av varene her importert frå utlandet, her vert det selt alt frå øl, vin og brus til sjampo, såpe, kosmetikk. Vidare både kjeks, ulike sorter pasta, hermetikk, frossen kjøttdeig og kylling. Dei største butikkane hadde også ei hylle for fersk mat der dei selde utanlandske ostar. Her var også sko og klede til sals, møbler, kvite –og brunevarer, golvfliser, måling og andre bygg og interiør artiklar. Når butikken går tom for ein type måling eller ein type fliser, er det ikkje mogleg å bestille inn meir så ein må alltid forhalde seg til kvantiteten som finst og om det dekkjer behovet. Dessutan er desse artiklane, især når det gjeld klede, dyre i forhold til kvaliteten ein får. Kvardagen blir forenkla gjennom at mange av desse varene også kan skaffast på svartebørsen, gjerne til ein billegare pris.

Den uformelle økonomien, svartebørsen, består av fleire typar *negocios*. Det er vanlege er å stele varer frå staten for å selje desse vidare på svartebørsen, varene blir anten stole direkte frå varelageret, eller lurt unna i produksjonen. Fiskarane leverer til dømes ikkje frå seg heile fangsten av skaldyr til staten, men gøymer unna noko til privat sal. Bøndene gir

---

<sup>3</sup> Å få lagt nye telefonlinjer måtte privat personar sjølv koste på. Derfor var det mange på Cuba som ikkje hadde eigen telefon, men berre nytta offentlege telefonar, eller hadde lagt opp ei ulovleg forlenging til nabo huset så dei kunne mot ta samtaler på den same telefonlinja som naboen mot ei lita månadleg betaling.

leverer ikkje all mjølka dei produserer og slaktar storfe ulovleg. Det er mangel på både mjølk og storfekjøtt, og dette vert derfor delt ut på diett til dei mest trengande: diabetikarar, eldre og gravide. I tillegg fekk born under sju år, også mjølk. Ein typisk *negocio* var å selje frukt og grønnsaker, som hadde blitt dyrka i eigen bakhage (*patio de tierra*) eller kom frå slektningar, vener og kontaktar på landet. Seljarane sette frukta og grønnsakene fram i døra, eller innanfor gitteret til dei store vindauga som vende ut mot vegen. Mange selde også i gata, der dei la varene på ei lita presenning, frå ein open pose ved sida av seg, eller frå ei trillebåre, eller bakpå sykkelen der dei gjekk gjennom gatene og ropte kva dei selde. Viss dei la det på presenningar på gata eller sette fram eit liter mål fullt av poteter, hadde dei som regel meir vekk gøymd like i nærleiken. Til dømes sekkar full av varer plassert bak søyler på den andre sida av gata slik at dei ikkje syntes frå vegen. Ein gong såg eg ein mann legge bønner i ei søppelkasse med ein papp bit over for å skilje maten og søppelet. Dette var for å gøyme delar av varene som dei selde, slik at politiet ikkje beslagleggje alt på ein gong.

Varene som var stelt frå staten sitt varelager, kom inn på svartebørsmarknaden på ulike måtar: Anten vart varene oppbevart hjå ein venn som selde dette ved å tilby varene til sine vener og kjende og seinare leverte dette på døra. Nokre gjekk sjølve rundt og tilbydde varene sine til faste kundar, ost som dei hadde produsert sjølve, ulike typar kjøtt eller langtidshaldbar mjølk, som dei på ein eller annan måte hadde fått tak i.

Det var to plasser i byens sentrum svartebørshandlarane hovudsakleg samla seg, i nærleiken av den største fruktmarknaden *La Plaza*, som også låg i nærleiken av nokre dollar butikkar. Her stod det som regel alltid dei same faste personar og ropte vare sortimentet til forbipasserande, mest varer som var importer frå utlandet. Varene dei selde var gjerne samanfallande med det som fantes i det nærliggande butikkane rundt. Eit teikn på at dei hadde kontaktar eller vener som let varer "forsvinne" få lagera til desse butikkane. Desse seljarane tilbydde også skaldyr som dei sjølve henta ute hå fiskarane. Etter at ein hadde fortalt sin faste seljar kva ein ville ha, fekk han henta dette i eit hus som enten låg i nabolaget eller innan ein radius på ca ti minutt med eit motorisert farty. Prisen var som regel i CUC men å betale med *pesos nacionales* var også mogleg. Aktiviteten både når det gjaldt seljarar og kjøparar var størst på morgonen fram til to tre på ettermiddagen.

I nærleiken av parken (*El Parque*), samla det seg også svartebørs seljarar, men desse selde meir nasjonale varer, slik som egg eller smør. Prisen var her hovudsakleg i *pesos nacionales*. Ved denne utsals plassen låg det også nokre lokale butikkar som selde frukt og grønt. Frå den eine var det vanleg å få sin månadlege rasjon på poteter når dette fantes. Nokre dagar etter at potetene hadde kome til butikken, men ikkje alle hadde henta rasjon sin, vart

desse tilbydd på svartebørsen. Her var det aktivitet til fire fem på ettermiddagen. Svartebørs seljarane på begge desse utsals plassane brukte heller ikkje å ha alle varene hos seg, men i eit "safe house"<sup>4</sup>. Dette var hus der svartebørsseljarane oppbevarte varene, mot ei lita betaling, fordi dei ikkje kunne ha varene i sine egne hus på grunn av redsel for at politiet gjorde razzia.

Viss eg spurte etter retninga til slike hus fekk eg alltid svært unnnvikande svar, som igjen viser til at dette skulle vere røyndomsfullt sidan oppbevaring av slike varer var straffbart<sup>5</sup>. Mens dei som stod i nærleiken av *La Plaza* reiste med motoriserte kjøretøy og henta varer, gjekk dei ved *El Parque* til fots, dette viser igjen inntekts skilnaden mellom dei to utsalsplassane. Medan mennene ved *La Plaza* tek seg betaling i dollar er det lettare for dei å kjøpe bensin som også blir selt for CUC. Medan dei som sel varene for pesos nok også har ei mindre inntekt fordi varene deira er mindre "eksklusive" enn dei importerte varene som vart selt for dollar. I tillegg til desse to plassane var det av og til også nokre kvinner som selde sminke, sko og klede i gågata (*El Boulevard*).

## PÅ LEITING ETTER MAT

Utallige gongar diskutere cubanarane mat og matvanar, kva som var yndlingsretten deira og kva type kjøtt dei likte best. Det var så påfallande mange gongar og på ein slik måte at eg tolka dette til å vere eit tema som dei var opptatt av på grunn av vanskaner kring det å finne kjøtt, sidan dette var veldig dyrt. Fem hundre gram reinskore svine kjøtt kosta 28 peso, så derfor vart egg gjerne nytta som ei erstatning for kjøtt til middag. Der eit egg kosta ein til to peso, eit brett med tre egg kosta mellom 40-50 *pesos nacionales*. Dette viser kor låge lønningane vert i forhold til prisen på maten, og som dermed gjere det naudsynt å ha ei bi inntekt i form av ein *negocio*. I ein samtale med Tina 31 år, om kva økonomiske vanskar cubanarane fekk etter DSP fortalde ho, at dette var grunnen til at ho no hadde blitt heimeverande. Eitersom ho hadde eit born over sju år som ho gjerne ville skaffe mjølk til, på svartebørsen trengde ho ei større inntekt enn den staten gav. Det var derfor meir lønsamt å vere heimeverande og finne opp ei forretning (*inventar un negocio*). Akkurat no sel ho avokado som ho får med broren sin som bur på landsbygda, men når det er slutt på avokado

---

<sup>4</sup> Dette er ei nemning som eg har funne på etter inspirasjon frå Allen Feldman (1991:44) og det er ikkje eit emisk uttrykk.

<sup>5</sup> September - Oktober 2008 var eg på nytt på besøk på Cuba. Då var det store oppslag i avisene om at gjenoppbygginga av orkanen "Ike" skulle foregå i disiplinerte former og med orden. Personar som vart tatt i å selje kva noko som helst på gata, kunne rekne med fengsel. Dagen etterpå vart det sagt at ein tilsett på eit sjukehus hadde blitt sett i fengsel for fleire år, fordi han hadde blitt tatt i å selje tre sprøyter.

sesongen måtte ho finne seg ei anna inntekts kjelde. Det er helst kvinner som driver ei forretning frå husa sine, til dømes å selje kaffe som dei har brent og mole sjølve, sel ulike typar søtsaker t.d. karamellpudding, driv manikyr og pedikyr<sup>6</sup>, varm kaffe, ulike typar frukt, sko og klede. Sist nemnde var lagt over sofa og stolar inne i husa, gjerne med eit lite utval av kapsar og vesker, og nokre kvinne sko. Dette var klede som var sendt eller tatt med frå slektningar i utlandet som vart selde for dollar. Inne i huset hadde ein gjerne eit prøverom i eitt av husets soverom eller på gangen.

På veg til *La Plaza* vart eg stogga av ein cubanar, med ein utanlandsk tax –free pose i handa, ”vil du kjøpe utanlandske sigarettar?” Spør han og opnar posen så eg fekk sjå oppi, der blant sigarettane låg det også eit par sandalar og nokre andre klesplagg. Så påstår han at alle cubanarane er galne (*locos*), fordi dei måtte selje eigendelane sine. Då eg spurte han kvar han hadde fått desse varene frå, fortel han at familien i USA har sendt det, og at dei har sagt han gjerne kunne selje det for å tene pengar. Dette var med andre ord hans *negocio*.

Fordi det er så mykje blir solgt på gata eller frå hus i gatene, er det emiske uttrykket for å handle på svartebørsen å kjøpe noko ”gjennom gata” (*por la calle*). Ofte er det også berre mogleg å finne varer gjennom venner og kjenningar og deira venner og kjenningar. Ettersom min ektemann flytta til ein anna bydel enn den han budde i, då vi flytta inn i huset til besteforeldra, måtte han på ny kartlegge kven som selde kva i dette nabolaget og bydelen. Gjennom å spørje våre venner og kjenningar som budde her, fann han til dømes fram til eit hus som selde yoghurt og eg fann fram til eit hus der det var selt kaffipulver. Vi måtte sjølve ta med flasker eller poser til å ha yoghurten og kaffien i, og venta i mottaksstua, mens dei gjekk lenger inn i huset og målte opp ønska mengde. Yoghurt kunne berre kjøpast annakvar vekedag, ettersom det var desse dagane bonden leverte mjølk til dei. Dessutan måtte vi også passe på å gå tidleg nok på dagen, fordi det av og til vart utselt veldig fort.

For å oppsummere er altså *negocios* ulike typar forretningar som gir cubanarane inntekter som ikkje vert registrert av staten, betalt skatt eller avgift på. Dessutan er dette formar for forretningar som i andre land ikkje ville ha vore ulovleg eller hamna i denne sektoren. ”Much of Cubans underground economy exists because of the unwillingness of the state to license and officially authorize activities which are permitted and legal in virtually all other countries” (Ritter 2005:1).

---

<sup>6</sup> For cubanarane er det svært viktig å ta seg godt ut på gata, der ein til dageleg bør bruke sminke. Gjerne også bruke neglelakk for å sjå godt stelt ut. Å få utført manikyr og pedikyr kostar normalt 24 peso, og blir ansett som kostbart.

## PROBLEMSTILLINGA

Cubanarane lever i ein usikker kvardag, der ”kvar trivialitet kan forvandle seg til eit stort problem” (*cualquier cosas puede convertirse en un problemón*). Derfor vert dei sosiale relasjonane og det personlege nettverket på Cuba eit slags sikkerheitsnett. Etersom ein gjennom vener, kjenningar og kontaktar kan skaffe varer som ikkje blir selt i butikkane eller få desse til ein rimelegare pris. Det finst heller ikkje elektronikk butikkar som ein kan gå til for å få reparert kvite- og brunevarer, men ein er avhengig av å kjenne nokon som kan gjere dette mot privatbetaling.

I denne oppgåva vil eg sjå på korleis cubanarane som strategiske aktørar knyt nye sosiale relasjonar. Kort sagt vil eg sjå nærare på kva strategiar som vert nytta, for å maksimere det personlege nettverket. Eg la merke til at de vert gitt få gåver i høve jul eller gebursdagar, der i mot verka det som det er den sosiale relasjonen mellom personane som er avgjerande for kva gåver som vert gitt og når dei vert gitt. Der eg vil hevde at gåvetransaksjonane har, ei klår økonomisk, taktisk og strategisk side og ved å sjå nærare på kva tidspunkt og formål dei vert gitt, vil eg kartlegge tydinga gåvene har i dei sosiale relasjonane.

Eg la også merke til at cubanarane gjerne ville knyte sosiale relasjonar til nokre personar mens dei unngår å vere for mykje saman med andre personar. Kva er grunnane til dette? - kvifor er det ikkje slik at eit stort nettverk med mange vener, kjenningar og kontaktar berre er bra, og ubetinga positivt? Kva faktorar er det som eigentleg avgjere kven cubanarane vil knyte ein sosiale relasjon til, og om dei lukkast i dette? Alle cubanarane leitar etter pengar eller ein *negocio*, ein måte å tene pengar på, kva innflytelse kan slike *negocio* ha på det personlege nettverket og dei sosiale relasjonane?

Før eg går vidare i oppgåva vil eg gjere greie for kva eg forstår med omgrepet personleg nettverk. Epstein hevdar at kvar person har eit nettverk av personar kring seg, som han er ”linked” til på mange forskjellige måtar, og har nokre generelle pliktar ovanfor (1971: 109). Det består altså av personar som ein har ulike sosiale relasjonar til, ikkje berre vener men også kjenningar og kontaktar. Det minste felles multiplum for desse personane, er det sosiale bandet dei har til den same personen, som dermed utgjer midtpunktet i nettverket.

I daglegtalet vart ofte nemninga ”ven” (*amigo*) nytta om kvarandre med ”kjenning” (*conocidos, amistades*), sjølv om dette ikkje er overeins stemmande med kvarandre. Skilnaden mellom ven og kjenning, ligger i kor godt dei personane kjenner kvarandre, men mest i kor stor grad av hjelp dei yte til kvarandre utan å forvente å

forvente ein form for økonomisk kompensasjon. Vener har eit følelsmessig nærare band enn kjenningar, dei hjelper kvarandre i alle slags situasjonar og problem utan å legge noko vidare vekt på verdien eller kostnaden av denne hjelpa. Dei gir kvarandre hjelp etter behov og etter evna dei har til å hjelpe, mens forholdet mellom venner og kjenningar er meir kalkulerande og bereknande. Der det vert passa på og vektlagt at tenestene dei ein gjere til kvarandre skal passe i verdi til kvarandre, og der dette ikkje er mogleg bør ein godtgjøring givast for oppnå ein slags balanse. Til kontaktar som er personar ein kjenner mindre er dette endå viktigare, at ein kjem med ein slags økonomisk kompensasjon for diverse tenester som vert gitt. Kort sagt er det mogleg å seie at til nærare personane stod til kvarandre til viktigare vart den økonomiske sida til tenesteytinga, og at dette skulle vere ekvivalent mellom dei to partane.

Det hende også at personar som eg visste berre var kjenningar overfor kvarandre kalla den andre personen for ven, informantane mine grunna dette med at denne personen då freista å unngå å legge vekt på den økonomiske sida til venskapen. Fordi å unngå at det skulle leggest vekt på at denne relasjonen hadde ei så sterk økonomisk side, fordi dette ville kunne vise tilbake på deira økonomiske kjøpe kraft. Til dømes sa ein av informantane mine at han ikkje kunne møte meg, fordi han skulle få ei datamaskin av ein ven, som dei ikkje lenger trengde på jobben. Datamaskiner er svært kostbare og informanten kjøpte denne av ein kjenning eller ein kontakt, men ved å seie at han fekk den, så unngjekk han å fortelje at han var i stand til å kjøpe ei datamaskin. Grunnen til at denne informanten ”pakka” eller freista å skjule kjøpet sitt, var at han hadde fleire gongar hadde freista å rømt frå landet og derfor mista sin rett til jobb for staten. Han hadde no ein fin jobba på svartebørsen men viss denne hadde blitt oppdaga ville han nok verte straffa ekstra hardt. Straff frå politiet var noko dei fleste var redde for

Ofte vart det også gjerne fortalt ein hadde vore på besøk hjå nokre vener utan å fortelje kven dette var, viss det kom fram i kva ærend ein hadde løyst noko *por la calle*, kjøpt bensin eller tatt privat timar i engelsk utanfor universitetet.

Der cubanarane ofte knytte relasjonar til kvarandre, fordi dei såg at dei ein dag kunne få bruk av hjelp av den andre personen.

## CUBANSK KONE, ANTROPOLOG ELLER SLADREHANK(CHISMOSA)?

Den dagen eg tok fatt på feltarbeidet, flytta eg også saman med min cubanske ektemann, inn i ei leilegheit som var besteforeldra hans sitt hus. Sjølv om vi budde i det same huset, forblei vi to hushaldseiningar. Det vart mi oppgåve å handle maten til oss, og nokre gongar tok eg meg av innkjøpa til besteforeldra parallelt med mine. Bestemora hadde vidare ei heimhjelp som lagde mat til dei, mens eg lagde våre måltid og vi åt som regel separat. Vanlegvis er det kvinnene som tek seg av matlaginga, der menn kan hjelpe til.

Det vart knytt store forventningar til matlaginga mi, forhåpningen til min sviger familie var at eg skulle verte ei fullgod cubansk husmor som kunne lage ris og bønner. Ei anna oppgåva som eg fekk tillagt i form av å verte sett på som cubansk kone, ettersom vi budde saman, var å servere gjestane som kom på besøk. Vanlegvis er det kaffe som vert servert, men det kan også vere heimelaga fruktjuice eller is kjøpt på den lokale isbaren (*Coppelia*). Ei oppgåve som eg synes til tider kunne vere svært vanskeleg. Etter DSP har dei fleste cubanske hushald knapt med pengar og kunne ikkje lenger servere alle gjestane som kom på besøk. Etter kvart la eg merke til at cubanarane berre serverte kaffe eller is til vener og brus og ein liten snack til framande. Mens for meg som var oppvaksen med at alle som kom på besøk skal få servert noko å bite i, kunne det verte vanskeleg å skilje mellom besøkande som burde serverast og dei som ikkje burde det. Dessutan følte eg det kunne vere støytande å overdrive serveringa fordi dette viste at eg hadde ein mykje betre økonomisk posisjon. Andre gongar kunne eg ikkje avgjere om det låg ei forventning i lufta at eg burde servere gjestane meir i og med at eg var utanlandsk (*extranjera*).

At eg var (*extranjera*) førte også til at mine venner, sviger slektningar og informantar følte ein slags trong til å integrere meg til det cubanske samfunnet. Dei la også stor vekt på at eg burde lære å lage cubansk mat. Eller ville gjerne diskutere andre menneskjer si åtferdi i forhold til cubanske "do's and don'ts", som dei meinte eg burde følge. Der det gjerne vart påpeikt at eg burde gå med meir sminke og neglelakk, fordi det var viktig å vere litt pynta når ein gjekk på gata. Desse samtalan nytta eg til å få forklart skikk og bruk som eg stussa over, eller stille spørsmål om korleis svartebørsen fungerte. Korleis personlege nettverk vart nytta og ved kva høver gåver vart gitt. Spørsmåla vart møtt med forståing, fordi eg som (*extranjera*) hadde mykje å lære før eg kunne forstå det cubanske samfunnet.

Fordi eg hadde vore på besøk til min ektemann fleire gongar før eg på feltarbeid, kjende folk meg, og hadde ein større tillitt til meg ein kven som helst annan framand. Dei hadde sett oss fleire gongar i lag og kunne plassere meg til han i nabolaget. Dessutan er min



ektemann også ein tillitsfull person som har eit godt rykte i nabolaget, dette smitta også over på meg. Vidare trur eg denne tilliten vart forsterka gjennom at eg sleit (*luchar*) med dei same problema som informantane mine. For sjølv om eg kunne kjøpe varer som låg utanfor rekkevidda til deira budsjett, måtte eg nytte like lang tid på å finne desse matvarene. Mykje av dagen kunne gå med på å leite etter matvarer og til tider ville det vere heilt håplaut å planlegge kva ein skulle ete. Dermed delte eg den same usikkerheita kring det å sette mat på bordet kvar dag.

Lazaro 45 år og taxisjåfør, spurte meg kva eg synes var vanskeleg med Cuba heilt i starten på opphaldet. Eg svarte at det var nytt for meg å gå i tre forskjellige butikkar og fem gater for å kjøpe eller finne det eg trengte. Før eg rakk å fullføre setninga retta Lazaro på meg: ”Du må gå i fem butikkar og i tjue gater (*calles*) og likevel har du ikkje funne det du trenger eller behøver. Det han meiner her er at det var mogleg å leite i fem butikkar og tjue gater, for å få tak i akkurat den frukta og grønnsakene ein ville ete til middag., utan å lukkast. Nokre gonger hjalp ikkje dette heller, viss det ikkje fantes<sup>7</sup> hermetisk tunfisk i butikken var det heller ikkje å finne på svartebørsen. Men eg la merke til at etter at det igjen var boksar med tunfisk i butikkane kom dette inn igjen i vare repertoaret til svartebørsseljarane. Fordi det var umogleg å vite kva som var til sals i gatene eller i butikkane kunne ein ikkje vite kva som kunne lagast til middag, men rettar måtte berre finnast på (inventar) etter det som fantes å få kjøpt.

Det var ikkje første gongen eg hadde fått eit slikt spørsmål, cubanarane nytta dette gjerne til innfallsport til å fortelje meg problema som dei opplevde på Cuba. Igjen følte eg at dette var på grunn av at eg var *extranjera*. Når eg var på tomannshand med mange cubanarane kunne dei beklage seg over vanskanene dei opplevde på Cuba på grunn av det politiske systemet, mens viss dei var fleire slo dei berre fast at sånn var det. Den daglege usikkerheita var eit tema som dei ofte tok opp i samtalanene på tomannshand. Den unge mora Tina fell det tungt for brystet at borna ikkje får mjølk tildelt på diett etter dei er fylt sju år, som ho har løyst med å kjøpe mjølk på svartebørsen. ”Det er vanskeleg å få tak i mjølk og den mjølka som er her smaker ikkje godt. I mangel på eit betre tilbod må eg gje mine born det eg har, i mellomtida drøyer eg om betre mjølk<sup>8</sup>, betre klede, betre skor, eit betre liv.”

Eg samla med andre ord inn informasjon gjennom uformelle samtaler, historier som informantane fortalde når eg var på besøk, eller personar som kom på besøk hos oss. Men like

---

<sup>7</sup> Samstundes kunne den visse varemangelen også verte svært prekær, då eg var på gjenvissitt i felten i April-Mai 2008 fanst det ikkje toalettpapir i butikkane i løpet av den månaden eg var der.

<sup>8</sup> Dette er ikkje rein ku mjølk, men ku mjølk og/eller pulver mjølk med vann og laktose og/eller vegetabilsk fett.

viktig vart den deltakande observasjon, i køane framfor kjøtutsalet, eller når eg vart med informantane mine på ærenda deira. Der eg kunne legge merke til dei nytta sitt kontaktnettverk til å få tak i det dei trengde, eller korleis kjøpte varer frå framande personar under bordet. Som eg etterpå freista å etterlikne når eg sjølv trengde noko som berre kunne skaffast på denne måten.

I alle desse situasjonane opptredde eg som ei husmor, ein hushald aktør på leiting etter mat. Der eg etterkvart som eg handla meir og meir med svartebørs seljarane fekk tillitt frå dei og kunne stille dei spørsmål angående arbeidet deira. At eg vart rekna som kona til min sambuar hadde gitt meg mange fordelar, men det hadde også sine ulemper. Som hans kone stod eg også som ein forvaltar av hans ære og hans families gode namn og rykte. Dette la visse føringar for korleis eg kunne velje mine informantar og kven eg kunne snakke med på gata. Ettersom ein på Cuba vert assosiert med dei personane ein er mykje saman med, derfor var det ikkje mogleg for meg å vere mykje saman med til dømes *jineteros*. Akkurat sistnemnde såg eg ikkje på som eit direkte problem sidan mange hovudfagsoppgåver handlar om dette, og eg fekk veldig mykje sekundær informasjon om desse personane det gjaldt. Både gjennom rykte, historier som gjekk om dei og eigne observasjonar. Men dette betydde også at eg ikkje kunne verte ståande å snakke med seljarane på svartebørsen for lenge, for då ville ryktet oppstå at eg var på "leiting" etter endå ein kjæraste.

Eg kunne heller ikkje gå ut på byen aleine på kvelden utan at han var med, men samstundes gav dette meg ei anerkjenning blant personane i midelklassen. Fordi dette av dei vart sett på som viktige verdiar, og dei dermed såg på meg som ein moralsk person. Sjølv føler eg at dette gav meg eit innpass i eit miljø eg lett kunne ha hamna utanfor, sidan dei personane ein lettast kjem i kontakt med på Cuba er *jineteros*. Fordi desse sjølv oppsøker og gjere seg til venns med utanlandske personar på leiting etter pengar. Vidare kunne eg som ein hushaldsaktør der eg på lik linje med informantane måtte gå på marknaden å handle mat, vere med i diskusjonar kva som fantes no av frukt og grønt og prisane. Dette trur eg medførte at det også vart enklare å kunne diskutere tema med meg som omhandla svartebørsen og gåvegiving fordi eg nærmast vart ein deltakande aktør i desse verksemdene også.

Eg la stor vekt på å få flest moglege informantar utan familiær tilknytning sett frå eit etisk og fagleg synspunkt. Derfor prøvde eg å snakke ofte men berre litt med desse personane. Der kom vente pausane til gode som det tok for ein løpegutt å hente maten eg hadde bestilt i eit hus til dei kom tilbake. Så forsøkte eg å oppsøkje desse på ettermiddagane når det ikkje lenger var så mange personar i gatene, både fordi færre kunne legge merke til dette og at dei hadde meir tid til å prate då. Ofte sat nokre av naboane utanfor husa som eg tok kontakt med

og prata litt med om laust og fast. Ved sidan av feltarbeidet tok eg eit kurs i spansk og cubanske religionar der samfunns spørsmål ofte vart diskutert med desse lærarane. Midt under feltarbeidet vart eg nøydd til å flytte inn i ein *casa particular* for i følge dei cubanske lovene fekk eg ikkje bu hjå min sambuar utan at vi var gift. Viss dette hadde blitt oppdaga kunne vi få ei saftig bot, og halvvegs ut i feltarbeidet kunne vi ikkje lenger ta sjansen på dette. Dermed sov vi i denne *casan* om natta men åt alle måltid heime hos oss sjølve. Men med dette fekk eg innsyn i, og vart på ein måte eit slags medlem til eit tredje hushald.

Mange av samtalene til mine næraste venner og informantar kom gjerne over litt mat og drikke, inne på kjøkkenet. Dette er fortlulige samtalar, og dei som gjengir desse til andre personar vert på Cuba sett på som sladrehanke. Så det er med blanda følelsar eg gjengir delar av samtalene i denne oppgåva, akkurat fordi dette problematiserar mi rolle som antropolog eller ”sladrehank”. Sjølv sagt ser eg på mi rolle som det først nemnde, der eg nyttar utdrag av desse samtalene med det formålet å belyse eller gjengi mønstra eg har lagt merke til. Der den største utfordringa kanskje ligger i at eg gjengir historier om andre personar der eg ikkje har moglegheit til å spørje desse om tillating til dette. Fordi dette er historier som eg har blitt fortalt frå andre i fortrulegheit. Mens eg veit at det er mange ting informantane mine gjerne vil eg skal ta med, for å gje eit reelt bilde av Cuba, men er litt redde for at det skal slå tilbake på dei. I oppgåva har eg freista å gitt eit så reelt bilete av Cuba som mogleg, og gjengi kvardagen med alle dens problem og utfordringar så godt eg kunne.

Alle informantane mine, og personane som eg omtalar har fått ein ”ny” identitet, gjennom eit nytt namn og ein ny alder. Altså er det opplysningane som ikkje har vore relevante for analysen min som har blitt endra. Mens yrke derimot i stor grad er beholdt i dei døma eg nemner, mens yrket til forteljaren gjerne er bytta mot eit tilsvarande sosioøkonomisk stilling.

Den delen av kapitel fem som omhandlar *jineteros*, er i stor grad bygd på andre hovudfagsoppgåver, når det stemte overens med mine egne funn og erfaringar. Sjølv om eg har mange historier som eg sjølv kunne bruke for å belyse den same tematikken unnlèt eg å gjere dette. Dette fordi det er eit forholdsvis gjennomsiktig miljø, der alle kjenner alle, eller veit kven som er mest saman med dei skandinaviske jentene. Derfor følte eg at det ikkje ville vere etisk forsvarleg å framstille alle case og historiene eg var vitne til i dette miljøet, fordi eg i nokre tilfeller følte at eg ikkje klarte å anonymisere personane godt nok. Både når det gjeld kva mine informantar spesifikt har gitt uttrykk for, eller i forhold til spesifikke *jineteros*.

## OPPGÅVAS OPPBYGGING OG MITT BIDRAG

Fordi det er vanskeleg å få forskings tillating på Cuba er det i den seinare tid berre skrive ein monografi frå Cuba, utgitt i 1997. Derfor måtte eg i stor grad byggje oppgåva mi på andre hovudfagsoppgåver. Til gjengjeld har det blitt skrive eit titals hovudfagsoppgåver innan antropologien aleine, der omtrent halvparten har handla om den uformelle økonomien på Cuba. Mange har sett korleis svartebørsen og sosiale relasjonar vert nytta som ein slags overlevings strategi frå cubanarane si side. Etter det eg kan bedømme har ikkje nokon andre til no sett nærare på gåvegivinga i det cubanske samfunnet.

Det som eg i stor grad har sakna i desse oppgåvene, og som eg vil presentere i mi oppgåve, er ei skikkeleg forklaring for kva moglegheiter cubanarane har sett får eit aktørorientert synspunkt. Vidare korleis cubanarane nyttar strategisk nyttar personlege nettverk og sosiale relasjonar , og korleis dynamikken innan desse fungerer. Altså korleis venner og kjenningar opprettar nye relasjonar men også reproduserar eksisterande relasjonar.

I denne oppgåva er det derfor min ambisjon å gjere greie for gåvegivingssystemet på Cuba. Andre antropologar før meg har sett på gåvegivinga i ulike samfunn, men eg har heller ikkje sett ei kategorisering av gåver slik som den eg synes er passande for Cuba, der mine funn tilseier at gåvene kan delast inn i tre kategoriar: Stimuleringsgåver, takkegåver og vennegåver. Dette er nemningar eg sjølv har sett opp, for å gjere det enklare å skilje mellom denotasjonane til gåvene. Altså nyttar eg desse omgrepa som eit reiskap for å klargjere og framheve dei ulike gåvemønstra som finnast på Cuba. Gåvene får her ulike meiningar alt etter i kva høve dei er blitt gitt og ved kva tidspunkt. Namna til gåvene har eg henta frå ulike emiske omgrep i språket, som vart omtalt i tilknytning til gåver, men ikkje som sjølve nemningar for kvar gåve.

Vidare har eg sett nærare på korleis cubanaranes handlingar i det offentlege rom, ute i dei ulike gatene, har å seie for deira rykte og omdøme. Gjennom det personlege nettverket er det mogleg å skaffe det meste, men nokre gonger likevel nye sosiale relasjonar stiftast, og eg vil gjerne ytte denne oppgåva til å vise at ein persons rykte og omdømmet er svært avgjerande for om han vil lukkast med dette.

I oppgåva nyttar eg teoriane til Marcel Mauss om gåvegiving, for å sjå nærare på pliktene ei gåve gir, i dei sosiale relasjonane. Granovetters teori om betydinga til ein persons sosiale relasjonar,

Eg nyttar også perspektivet til Bourdieu, som ser på menneskjer som ein strategisk og taktisk aktør i det økonomiske livet. Dessutan har eg funne hans kapital teori svært anvendeleg for å

kunne forstå og beskrive dei sosiale relasjonane, fordi dette er ein form for kapital. Dessutan også korleis andre former for kapital har innverknad for korleis cubanarane kan lukkast i å utvide sitt personlege nettverk. Hjøå begge desse teoretikarane er også det økonomiske og sosiale inn vevd inn i kvarandre, slik som eg oppfattar det også i stor grad kan vere på Cuba. Dessutan har desse perspektiva også passa inn i det aktør orienterte perspektivet eg nytta for å forstå korleis cubanarane har handla ut frå dei økonomiske og sosiokulturelle valmoglegheitene dei har. Etter kvart som eg nyttar teoriane vil eg gå grundigare inn i dei, der dette er høveleg i teksten og i forhold til mine funn.

I dette kapitelet har eg vist korleis cubanarane nyttar det uformelle nettverket til å tene pengar, men også som ein alternativ måte til å skaffe seg mat. For meg som for alle andre cubanarar førte varemangelen i butikken til at det gjekk vekk svært mykje tid i å finne mat til middag. Eg har også vist korleis mi rolle som cubansk husmor i felten der eg var med på denne leitinga etter mat gav meg eit innpass hjå dei andre cubanarane som ein av dei. Der eg også fekk stor tillit frå mine informantar i form av at eg var sambuar med ein cubanar som gjorde at eg vart sett på som meir cubansk enn turist, sjølv om eg alltid forblir ei *extranjera*.

I Kapitel 2 vil eg gje eit vidare lite historisk innblikk i Cubas revolusjonære historie, der eg også ser litt nærare på den politiske retorikken knytt opp til korleis det formelle økonomiske systemet er forskjellig frå det uformelle. Her vil eg blant anna sjå nærare om det vert følgt ulike moralitetsdiskursar eller om det er mogleg å snakke om to ulike økonomiske sfærer ettersom det vert nytta to valuta sorter på Cuba. Altså om ein får ei dollar sfære og ei peso sfære. Den uformelle økonomien består ikkje berre av kjøp og sal av varer men også utvekslinga av tenester og det er denne delen av det uformelle nettverket vil eg ta nærare for meg i kapitel 3. Der eg vil sjå nærare på korleis relasjonar strategisk vert knytt til ukjende menneskje som kan bidra med svært viktige teneste ytingar. Der eg også vil sjå nærmare på grunnane til at desse relasjonane vert knytt gjennom gåver kjøpt for dollar, mens cubanarane derimot gir gåver kjøpt for pesos til vennane sine. Kapitel 4 vil handle om moglegheitene cubanarane har til å utvide sitt nettverk basert på deira åtferd, ryktet og omdømet dei har. Kva moglegheiter dei har til å utvide nettverket eller korleis omdømet deira kan vere med på å hindre dette. Gjennom kapitel 5 vil eg sjå nærare på den doble moralen mange cubanarar nyttar for å verke som gode moralske revolusjonære og men også nærare på korleis konsum mønsteret er forskjellig ved ulike relasjonar og ”klasser”.



## Kapitel 2

### **Vi cubanar er fanga ombord i revolusjonen (*somos embarcados*)**

”Veit du kva som er den største båten i verda?” spør frukthandlaren Erwin, 32 år.

- Nei, tilstår eg.

- *Granma*, for den har elleve millionar cubanarar om bord fanga om bord (*somos embarcados*).

For å kunne forstå vitsen er det naudsynt å ta eit lite raskt historisk tilbakeblikk. Den 10 Mars 1952 gjorde den cubanske presidenten Fulgencio Batista statskupp. Fidel Castro som på denne tida var advokat, starta like etter statskuppet ein revolusjonærrørsle. Men for å lukkast i å gjere revolusjon, måtte han først ta makta, derfor angreip han og over hundre opprørarar infanteri regimets hovudkvarter, Moncada, i Santiago den 26 Juli 1953. Med dette ville han skaffe store mengder moderne våpen og få ein militær base som kunne vere eit senter for framveksten av ein nasjonal revolusjon (Bye & Hoel 2006: 168). Angrepet mislukkast, Fidel vart teken til fange og i den påfylgande rettsaka forsvarte Fidel seg sjølv. Der han nytta posisjonen til å ”veritabelt anklage mot Batista-regimet for dets brutalitet, korrupsjon og vanstyre”(Bye & Hoel 2006: 169). Høgdepunktet vart forsvarstalen, som han avslutta med dei kjende orda ”*Døm meg det betyr ingenting. Historia vil frikjenne meg*”. I talen kritisere Fidel, Batista-regimet for å gje cubanarane dårlege livskvaliteten og forsvarte sin rett til å gjere opprør mot styresmaktene. Vidare nemnde han dei fleste store opprørarane gjennom verdshistoria og greidde ut om programmet til revolusjonsrørsla. Talen vart etterpå i all røyndom smugla ut or fengselet, og smuglest av cubanarane. Gjennom dette manifestet fekk han ein brei stønad i befolkninga, som la press på Batsita regimet for å få Fidel benåda etter to år sjølv om dommen var på femten års fengsling..

Nokre månader seinare reiser Fidel til Mexico for å ”lære opp en opprørsstyrke som skulle vende tilbake til Cuba som geriljasoldater” (Bye & Hoel 2006: 171). Her møter han Ché Guevara, og omtrent eit halvtanna år etterpå, siglar Fidel Castro og Ché Guevara tilbake til Cuba i lystyachten *Granma*. Planen var å komme opprørarar i byen Santiago til unnsetning, men båten hamna i eit uvær og vart to dagar forsinka. Motgangen stogga ikkje der, for då båten nærma seg land grunnstøtte den på ein sandbanke eit stykke utanfor kysten. Ché Guevara har seinare sagt at dette likna meir eit skibbsbrot, enn ei i land stigning (Bye & Hoel 2006: 173).

Det er akkurat dette skibbsbrotet Erwin refererer til i vitsen, der ordet *embarcado* både kan bety ”å vere om bord i ein båt”, men også ”å vere fortapt”. Etter mi tolkning av Erwins vits er cubanarane på ein symbolsk måte ombord i *Granma* og dermed også ombord i revolusjonen og derfor fortapt. Etersom sistnemnde for mange cubanarar dagleg byr på mange problem og utfordringar, som ein konsekvens av landets rigide byråkratiet og sosialistiske planøkonomi. Samanlikna med andre land har Cuba økonomisk lidd skibbsbrot og ligger langt bak i utviklinga, noko som Erwin også sikter til i vitsen.

I dette kapittelet vil eg vise korleis revolusjonen på Cuba vart til, kva retning den tok, og kva konsekvensar dette hadde for cubanarane. I sær vil eg sjå på kva økonomiske endringar har hatt å seie for kvardagslivet og den uformelle økonomiens organisasjon. I det fyrste kapitelet nemnde eg at det vart nytta to former for valuta på Cuba, i dette kapitelet vil eg sjå nærmare om det er mogleg å hevde at det finnast to sfærer basert på desse to valutaene.

## **HISTORIAS GANG OG REVOLUSJONENS FORLØP**

Utan lojaliteten, diskresjonen og stønaden Fidel fekk frå kaffibøndene ville nok ikkje ha sigra. Men etter ei årrekke med utnytting av jordeigarselskapet tok bøndene gjerne opp kampen mot styresmaktene saman med Fidel (Bye & Hoel 2006: 175). Etersom han og gerilja soldatane kom for seint var styresmaktene åtvara, og flesteparten av gerilja soldatane vart drepne i eit bakholdsangrep den andre dagen.

I Januar 1957 vert Fidel intervjuet av krigsreporteren Herbert L. Matthews, journalist i *The New York Times*, som etterpå varmt omtalte Fidel (Bye & Hoel 2006: 176). Artiklane med bilete av dei to saman kom to dagar etter at styresmaktene påstod han var blitt drepen. Fidel fekk etterkvart stor oppslutning i byane og kunne 25 månader etter at han kom frå Mexico, marsjere inn i Havanna som sigersherre, Batista hadde rømt landet.

Castros politiske målsetjingar var å utrydde fattigdomen, minske den store arbeidsløysa, betre det mangelfulle helse- og utdannings systemet og sikre betre fordeling av økonomiske ressursar (Bye & Hoel 2006: 226, Suchlicki 2002: 119). Fidel ville skape eit nytt og betre samfunn, utan analfabetisme, og med like moglegheiter for alle til å ta utdanning. Cuba skulle gå frå å vere ein fristad for rike amerikanarar, ei øy kjend for å ha mange kasino, utbreidd prostitusjon og organisert kriminalitet til eit samfunn med sosial likskap og like moglegheiter for alle. I løpet av dei første seks månadane ved makta gjennomførte han dei to viktigaste reformene, jordeigar- og huseigarreforma (Bye & Hoel 2006: 226).



Jordeigarreforma fastsette ei maksimumsgrensa på sukkerplantasjar til 13 000 dekar, og jorda til utanlandske selskap over denne storleiken vart beslaglagt. Gjennom bustads reforma vart ein stor del av bustadane nasjonalisert mot økonomiske kompensasjonar og deretter omfordelt til innbyggjarane. Dette fekk ein stor del av det cubanske borgarskapet, den økonomiske eliten og best kvalifiserte arbeidskrafta, til å emigrere til USA (2006: 185-186). Cuba innførte også ein planøkonomi der ”statlige investeringer ble gjort mulig ved å holde folks forbruk på et minimum” (2006: 229). Eit rasjoneringsystem vart innført “designed to provide everyone with a basic supply of foodstuffs, clothing and household consumables in order to achieve a minimum level of equality of consumption and real income” (Ritter 2005:11).

Under president valkampen mellom Nixon og Kennedy i 1960, blei Cuba ei symbolsak, der Kennedy angreip Nixon for å vere ettergivande overfor Castro og krevde meir aktiv kamp mot hans regime<sup>9</sup> (Bye & Hoel 2006: 209). Kennedys press førte til at Eisenhower innførte ein handelsembargo mot Cuba, som endå er i kraft. Fidels motreaksjon vart å radikaliserate revolusjonen, og forholdet mellom dei to landa vart veldig anstrengt. I følge den amerikanske ambassadøren i Havanna, Philip Bonsal, gav ikkje USAs ”handlingar våren og sommeren 1960” russarane eit anna val enn å komme Castro til unnsetning (2006: 210). Sovjetunionen lovde Castro alle olje landet trengde, og fordi dei britiske og amerikanske oljeraffineria på Cuba ikkje ville ta i mot denne oljen, nasjonaliserte Fidel like gjerne desse. Dette medførte at USA annullerte ein avtale om å kjøpe cubansk sukker til høge prisar. Deretter nasjonaliserer Fidel alle amerikanske selskap på øya, som hadde ein samla verdi på 850 millionar dollar, seinare på hausten vart også dei ”største cubanske industri- og handelsforetak på private hender nasjonalisert” (2006: 211).

Handelsembargoen til USA gjorde det vanskeleg å byggje opp ein effektiv økonomi, så Sovjetunionen gav derfor også store økonomiske subsidier til Cuba, ei slags utviklingshjelp. Vidare fekk Cuba kjøpe olje av Sovjetunionen til kunstig lave prisar og selde sukker til ein pris som låg over marknadsprisen. Sukker vart med andre ord industrialiseringsprosessen, som følgde den same eksportsentrerte økonomiske modellen som også var blitt nytta før revolusjonen. Den einaste endringa var at ”moral, og ikkje materielle goder skulle drive cubanerne til økt innsats” (Bye & Hoel 2006: 227). Ein filosofien av Ché Guevara, som i nokre ti år etter revolusjonen var finansminister med ansvar for både industrien og sentralbanken.

---

<sup>9</sup> Kennedy stilte Nixon retoriske spørsmål om korleis han skulle klare seg mot Khrustsjov, viss han ikkje klarte seg mot Fidel? (Bye & Hoel 2006: 209).

## INNFORINGA AV EIN SOSIALISTISK GÅVEØKONOMI

Che Guevara hevdar at politikk kan forme individet, der kapitalismen skapar sjølvopptekne og egoistiske menneskje (2005: 66). Hovudmålet til revolusjonens var derfor å skape ein sosialisme som skulle forme eit nytt menneskje (*el hombre nuevo*) Gjennom revolusjonen skulle individet lære å fokusere på fellesskap og felles mål, for å få lukkast med dette burde varer avskaffast (2005: 63). Ettersom varer er ” the economic cell of capitalist society. So long as it exists its effects will make themselves felt in the organization of production, and consequently in consciousness” (2005: 64). Det var ein annan taktikk som måtte nyttast for å mobilisere folket, der hjelpemiddelet måtte ha ein moralsk karakter: “this instrument must be moral in character, without neglecting, however, a correct use the material incentive – especially of a social character” (Guevara 2005: 65). I følgje Mauss er gåvegiving framfor alt moralsk, ”gaven skal skape en vennskaplig forbindelse mellom giver og mottaker, og dersom operasjonen ikke hadde denne virkningen, ville den vært hensiktsløs” (2001: 52). I tråd med dette hevdar Appadurai at gaver med si resiproke and (spirit) står i rak motsetning til: ”the profit-oriented, self-centered, and calculated spirit that fires the circulation of commodities” (1986:11). Kort sagt skulle cubanarane miste sin ”varementalitet” og få ein ”gåvementalitet” (Solberg 1996: 85)

For at cubanarane skulle utvikle ein ny mentalitet der dei tilegna seg nye verdiar, måtte heile samfunnet gjerast om til ein stor skule (Guevara 2005: 65). Første steg i riktig retning var at staten starta å distribuere mat, klede, helse og utdanning til innbyggjarane som gåver. Derfor reddistribuerte myndighetene mat, klede og andre forbruksartikler til symbolske priser. Innbyggjarane fekk dermed lik tilgang på alle typar varer og tenester, især helse og utdanning. Sistnemnde vart sett på som sosialistiske erobringar og burde derfor ikkje seljast men vere ”offentlige og gratis” (Solberg 1996: 109). Ein politikk som var heilt i tråd med det nye idealet: eit samfunn med kollektiv eigedomsrett, der staten kontrollerar ”fellesskapets ressurser og bestemmer hvordan disse skal brukes” (Solberg 1996: 109). Staten tok med andre ord matvarer, utdanning og helsetenester ut frå sin tidlegare kontekst som varer og omformar desse til gåver som kan assosierast med revolusjonen og Fidel. Under Batista regimet måtte cubanarane sjølve betale utdanning og helsevesenet, der berre ein liten del av befolkninga hadde økonomiske midlar til å gjere dette. Derfor var det først med revolusjonen at helsetenestene og utdanning vart gratis, og tilgangen på desse kunne assosierast med Fidel og hans parti. Fordi gåver som blir gitt aldri kan” betraktes som helt adskilt fra utvekslerne; fellesskapet og alliansene som etableres ved gavene, er forholdsvis uopløselige” (Mauss

2001: 72). Det er med andre ord mogleg å sjå på denne storstilte gåvegivinga frå staten si side, som eit forsøk på å skape ein fastare relasjon mellom Fidel Castro og folket seg i mellom.

Vidare hevdar Mauss at gåver ”inngir samfunnsmedlemmene en følelse av at de skylder hverandre alt” (2001: 72). Gjennom desse gåvene er det lett for cubanarane å føle at dei skuldar mykje til revolusjonen. For mange tydde revolusjonens reformer ein auka levestandard, især dei aller fattigaste hadde mykje å takke Fidel for. Akkurat kva staten ynskte som attying for desse gåvene var diffust definert. Hovudtrekka har i følgje Solberg vore: arbeid, entusiasme og å vere samde med staten (1996: 109). Noko som fram til Sovjetunionens fall til ein viss grad vart følgd, men etter kvart som gåvene frå staten blei færre og av dårlegare kvalitet, har blitt sett på prøve. Men framleis får alle cubanarar utdanning, gratis helsevesen og mat på *la libreta* månadleg.

## ØKONOMISKE OG MORALSKE OMVELTINGAR

Den cubanske økonomien vart heilt avhengig av stønaden frå sovjetunionen, og derfor fekk stormaktas samanbrot fatale konsekvensar. På tre år mista Cuba 70 % av sin importkapasitet, mellom 1989 - 1992 fall olje importen frå 13,3 millionar tonn til under 4 millionar. Handelstransaksjonane fall med 75% og Cubas BNP minka med 35 og 45% frå 1990 til 1994<sup>10</sup> (Heldal 2008: 147). Reduksjonen i oljeimporten førte til så kraftige bensinrasjoneringsar at myndigheitene ikkje lenger klarte å levere minimumsmengda med mat, som var garantert gjennom rasjoneringsystemet<sup>11</sup> (2008: 147). Butikkane selde berre dei absolutte basisvarene<sup>12</sup>, bøndene vart oppfordra til å nytte trekkdyr, vidare vart 30 000 traktorar erstatta med 300 000 oksar (2008: 148). Eg har dessutan høyrte rykte om at kvar cubanar gjennomsnittleg gjekk ned sju kilo. I følgje Heldal medførte den økonomiske kontraksjonen ein sterk auke i aktiviteten innan den uformelle økonomien, der transaksjonane auka frå 17% i 1990 til 60 % i 1992 (2008: 148).

Ettersom det ikkje er gitt ut monografiar frå Cuba i denne perioden må eg forklare dei økonomiske omveltingane som kom i DSP, gjennom informasjonen eg har funne i andre sine

---

<sup>10</sup> ”Data om BNP og vekstrater for de siste 30 år samlet av Verdensbanken viser at ingen har opplevd en sammentrekning av økonomisk aktivitet over en tre års periode som kommer opp mot den som rammet Cuba mellom 1991-1993” (Horowitz & Suchlicki 1998:227 i Heldal 2008: 147).

<sup>11</sup> Det var første gong på 32 år at myndigheitene ikkje greidde dette (Heldal 2008:146).

<sup>12</sup> Vare- og tenestetilbodet mellom 1989 og 1991 gjekk ned med 30% (Horowitz & Suchlicki 1998:231 i Heldal 2008:146)

hovudfagsoppgåver<sup>13</sup>. I følgje Solberg vart personane som før DSP dreiv med svartebørs aktivitetar sett på som utaknemlege, kontrarevolusjonære, fordi dei braut den moralske fellesskapskoden (1996: 88). Det har blitt meg fortalt at når slike hendingar vart avslørt, var det ikkje uvanleg at arbeidaren dette angjekk, fekk ei skjennepreike framfor alle andre på arbeidsplassen. Så det var ikkje berre at dette var ei straffbar handling som haldt mange vekk frå svartebørshandelen, men også den store skamma knytt til dette. Majken Solberg gjorde feltarbeid tidleg på 90-talet, og påstår at familien sin resiproke byttesirkel krympa inn proporsjonalt med at det vart naudsynt å ”nytte moralsk tvilsomme metoder”, fordi det var knytt så stor skam til dette (1996: 135). Ho påstår vidare at resiprositets sirkelen berre inkluderte familien, for å lettare skjule kjensla av skam knyt til det å måtte nytte moralsk betenkelege framgangsmåtar for å skaffe mat. Altså å kjøpe denne på svartebørsen, dette medførte store økonomiske tap men var likevel betre enn å komme opp i situasjonar der ”brudd på alminneleg folkeskikk blir aktualisert” (Solberg 1996: 135). Ettersom tida går smuldrar dei moralske forstillingane bort, det å få tak i mat blir viktigare enn akkurat korleis ein får tak i maten. Det at staten ikkje lenger klarer å forsørgje innbyggjarane med nok mat vert eit legitimt argument for å nytte svartebørsen (Solberg 1996: 160, Olsen 2000:109).

For å snu den negative trenden innan økonomien, vart det satsa på turisme<sup>14</sup> og myndigheitene legaliserte dollaren som betalingsmiddel i 1993<sup>15</sup>. Formålet med dette var å fjerne valuta vekslinga mellom dollar og *pesos nacionales* på svartebørsen og inn på lovlege vekslingskontor. Men også å auke pengegåvene som blir sendt frå slektningar i utlandet. Brundenius anslår at mellom 800-900 millionar US\$ blir sendt til cubanarane årleg, og styresmaktene er sjølvsagt interessert i å få tak i delar av denne summen (2002: 368). For å gjere det enklare for både turistar og cubanarar som hadde tilgang på dollar å nytte desse, vart det opna butikkar og restaurantar der det berre kunne betalast med dollar. På desse ”dollar restaurantane” vert det servert både storfekjøtt og skaldyr, der førstnemnde berre er tilgjengeleg for cubanarane på diett. Skaldyr er endå vanskelegare å få tak i, og kan berre kjøpast *por la calle*.

Samstundes med at dollaren vart legalisert vart matvarer som matolje, tomatpuré, hermetikk også klede, sko, elektriske artiklar, kvitevarer, alkohol, toalettartiklar og søtsaker

---

<sup>13</sup> Det har blitt skrive veldig lite monografiar om Cuba gjennom dei siste ti år, og eg trur det er fordi det ikkje vert gitt forskingstillating. Nokre antropologar fekk dette på 70- talet som plutsleg vart trekk tilbake.

<sup>14</sup> På midten av 1990 talet var dette sektoren som auka mest økonomisk (Heldal 2008: 148).

<sup>15</sup> Innføringa av dollaren forbetra leve kåra til cubanarane med familie i utlandet som sendte heim pengar, men ikkje alle cubanarane fekk nytte like godt av denne ordninga. Nokre mangla slekt i utlandet og andre sine slektningar sender ikkje pengar. Den gruppa som vert hardast råka fordi dei ikkje mottek dollar er afrocubanarane, fordi det var få afrocubanarar som emigrerte frå Cuba (Ånestad 2004: 16). Dei var heller ikkje ein del av den økonomiske eliten som reiste frå landet like etter revolusjonen.

selt for dollar (Olsen 2000:60). Dette var gjort fordi staten freista å ”holde det den ser som viktig innanfor pesoøkonomien og tillate at luksusartiklar selges for dollar” (Olsen 2000:67). Desse hadde tidlegare vore tilgjengelege for *pesos nacionales*, i tillegg vart prisen på dollarvarene sett kraftig opp. Ein av dei varene som vert flytta frå ”pesobutikk” til ”dollarbutikk” var mjølk, som før DSP hadde blitt gitt til alle på rasjon, men no berre blir gitt på diett til gravide, born under sju år, eldre og diabetikarar. I følgje Olsen førte dette til eit ramaskrik blant befolkninga, ettersom dette medførte at mjølka gjekk frå å ei forbruksvare som kunne kjøpast i den statlege *bodegaen* til å vere luksusvare i *la shopping* (2000:68, 157). Ho grunngir problematikken med cubanarane si oppfatning om at varene for pesos ”skal være basert på tilgjengelighet, rimelighet og solidaritet,” og kan derfor ikkje setjast ein pris på same måte som varer som blir selt for dollar (2000:66).

Dollaren fekk der for ei ganske viktig posisjon i kvardagen, ettersom bønder og svartebørshandlarar gjekk over til å berre selje varene sine for dollar (Solberg 1996: 138). Kort sagt gjekk dollaren frå å vere ”fiendens valuta og noe kun såkalte kriminelle elementer befattet seg med” altså umoralske svartebørshandlarar, til å verte valutaen alle trakta etter. (Olsen 2000:58). Vidare påstår Solberg at ”gaveøkonomien utvikler seg til en økonomi hvor ulike prinsipper for bytte gjelder; den blir det en analytisk kan betrakte som en **multisentrisk økonomi** med fire sfærer for utveksling” (1996: 106). Ho grunnar dette med at før dollaren vart innført kunne ein sjå på den cubanske økonomien som unisentrisk, der det var staten som regulerte sirkulasjonen av økonomiske verdiar. Ettersom dollaren vart innført som valuta, vart ikkje verdien til varene ikkje lenger berre rekna opp mot *pesos nacionales*, men fleire prinsipp for bytte gjorde seg gjeldande. Vidare hevdar ho at det veks fram fire ulike sfære for utveksling: Folkets økonomi, utlendingsøkonomien, bondemarknaden og svartebørsen. (1996: 106). ”De avgjørende kriteriene for å skille mellom de kubanske sfærene er **bytternes identitet** og hva slags prinsipper som gjelder for utvekslinga, **bytteform**” (1996: 108). Analysen baserar Solberg på Bohannans (1959) omgrep av ”conveyance” og ”conversion” for å forklare bytta mellom sfærene (Solberg 1996: 107)<sup>16</sup>.

Innan folket sin økonomi er det staten og folket som er utvekslarane, staten gir sosialistiske erobringar som matvarer, helse og utdanning, og folket betalar tilbake ved å arbeide (1996: 109). ”Utlendingsøkonomien er en sfære som omfatter utenrikshandel, utenlandske investeringar, turisme, sal av mat og forbruksvarer i statlige butikker” (1996:

---

<sup>16</sup> “transaksjonene innenfor hver sfære regnes som moralsk nøytrale, disse kaller Bohannan conveyance. Conversion er betgnelsen for bytte mellom sfærer og innebærer bytte av ting som ikke 'egentlig' er sammenlignabare” (Solberg 1996: 138).

110). Dette er ei utveksling blant både tursitar, den cubanske staten og dei som har tilgan på dollar. På landsbygda sel bønder mat til cubanarar, og på svartebørsen er det svartebørseljarar som sel mat og alle slags forbruksvarer (1996: 121- 124). På denne måten hevdar Solberg at det oppstår ”adskilte bytteuniverser utfra hvem som bytter og hvordan de gjør det”, altså er det ein moralsk skilnad i å kjøpe varer frå staten eller svartebørsen (1996: 128). Ei konvertering mellom sfærene ville då innebære å bryte med prinsipp, og moral for kva som bør bytast mot kvarandre. Kort sagt hevdar ho at varene opptrer i særskilde kontekstar som avgjere om dei kan kjøpast eller bytast eller. Moralsk sett bør varer berre kjøpast av staten og det er derfor umoralsk å kjøpe desse på svartebørsen eller bondemarknaden.

### ULIKE SYN PÅ DEN CUBANSKE ØKONOMIEN

I følge Solberg er det mogleg å sjå på den cubanske økonomien som ein ”statlig gaveøkonomi med generalisert resiprositet som prinsipp for fordeling av samfunnsgoder” (1996: 85). Vidare påstår ho at ”statlige goder og tenester blir fortsatt omtalt som gaver, men det er færre av dem og noen har forsvunnet helt ” (1996: 85). Varemangelen som kom gjennom DSP gjorde det også naudsynt å kjøpe mat på svartebørsen for å overleve, og slik er det fortsatt. Rasjonen som staten delar ut er for liten til å overleve på gjennom heile månaden, og inntekta er for lite til å kunne kjøpe seg maten ein manglar især det cubanarane berre kan kjøpe i *la shopping*. Gjennom den ulike tilgangen på dollaren, og den store varemangelen vart det endå synlegare at ”alle har behov” (*todo tienen necesidades*).

Siren Olsen gjorde feltarbeid i Havanna, nokre år etter Solberg, som hadde vore ein liten by aust på Cuba. Olsen legg merke til at i takt med ein auka varemangel vart vennsforhold ”som tidligere var av ikke-økonomisk art mer og mer orientert mot det faktum at pengar er viktig for overlevelse” (2000: 83). Ho påstår vidare at dollaren forandra dei sosiale nettverka, i staden for å vere ”prega av vennskap og felles innsats for et større mål, bærer de nå trekk av å fungere som overlevelsstrategier for individene” (2000: 63). Arbeidsplassen som før var der ein fekk bekrefta sin sosiale tilhøyrrigheit vart den etter kvart ei kjelde til å skaffe seg mat å eller ting på, som ein kunne selje på svartebørsen (Olsen 2000: 63-64). Ho delte også den cubanske økonomien inn i sfærer, men då berre to: ei pesos sfære og ei dollar sfære. Inndelinga byggjer på logikken som vert følgd i økonomien, der pesosfæren er prega av statleg regulering gjennom planøkonomi, og prisen berre er ein symbolsk sum. Mens dollar sfæra er styrt etter marknadsprinsipp som tilbod og etterspørsel,

altså ein meir kapitalistisk ideologi (2000:67). I denne sfæren finn ein dollarbutikk, restaurantar der ein betaler med dollar og heile den uformelle økonomien uansett om arbeidet vert betalt i dollar eller pesos.

Olsen si sfære inndeling er den som best passer til mitt materiale i forhold til korleis økonomien kunne blitt inndelt i sfære. Eg vil likevel hevde at slik som økonomien i dag fungerer er det ikkje mogleg å dele den inn i ulike sfærer. Til ein viss grad har ein fortsatt det ideologiske skiljet mellom den formelle økonomien som er basert på sosialistiske prinsipp og den uformelle som følger tilbod og etterspørsel. Dei som arbeidar innan den uformelle økonomien på si, tek betalt pr. m<sup>2</sup>, mens til staten derimot oppgir timetalet dei nyttar på prosjektet. Då kan dei arbeide i sakte fart ettersom det dei kjenner løna deira er verdt i arbeid<sup>17</sup> mens, når dei arbeidar privat vil dei heller gjere seg fort ferdige for å starte på neste prosjekt.

Varemangelen under DSP førte til auka kjøp og sal på svartebørsen, og gåveøkonomien slik som Solberg skildra den vart svekka. Solberg og Olsen la merke til dette, mens Olsen også skildra at cubanarane vart forarga over at det dei såg på som ei forbruksvare vart tatt ut av sina naturlege kontekst og sett inn som ei ”luksusvare”. Denne forargelsen vil eg påstå har sitt utspring i at den tradisjonelle frukosten til cubanarane består av eit glas mjølk med kaffi. Det eg antek cubanarane gjorde, når staten tok mjølka ut av sin resiproke kontekst og starta å selje den som ei marknadsvare, var det som Bart kallar ”radikalt å revidere sine verdifastsettelser” (1994: 60). Ettersom staten gjorde det vanskelegare å få tak i ei vare som er viktig for cubanarane, fekk varene på *la tarjeta* etter kvart fekk mindre tyding. Dette viser også dei samtalane eg hadde med mine informantar om korleis dei såg på dei varene dei fekk på *la tarjeta*.

Eit av samfunnsproblema som kom i kjølvatnet av DSP var å forsyne befolkninga med nok straum. Styresmaktene hevda i dette øyemed at det var viktig at innbyggjarane kutta ned på gassforbruket. Derfor reduserte dei gassrasjonane kraftig og tilbudde cubanarane å kjøpe elektriske trykkkokarar til sterk reduserte prisar. Desse var frå staten si side gitt som ei slags gåve, sidan dei vart selt til reduserte prisar, mens cubanarane måtte ta i mot desse ved å kjøpe dei. Fordi staten berre delte ut gass som skulle rekke til naudsituasjonar, uttrykte Tina at ho eller dei andre cubanarane ikkje hadde stort anna val enn å ta i bruk trykkkokarane ved matlaging. For å kort oppsummere er det mogleg å hevde at trykkkokarane frå staten si side vart gitt som gåver, men for innbyggjarane var det var obligatorisk å ta i mot desse. Som

---

<sup>17</sup> Scheppele hevdar at sosialismens motto er: ”We pretend to work and the pretend to pay us” og at det like godt kunne ha vore: ”since we haven’t really gotten paid, we’ll take what is owed to us anyway” (1999:517).

tidlegare nemnt er det fortsatt mogleg å kjøpe gass til matlaging men då berre på svartebørsen, *por la calle*.

## DEI NYE VERDIFASTSETTINGANE

Eg spurte fleire av informantane min om dei såg på desse varene som dei kunne kjøpe på rasjoneringskortet som ei lønn i naturalia eller om det var ei gåve frå staten (*la comida que recibes por la tarjeta es un pago del estado o un regalo*)? Andrés starta med ein gong å samanlikne prisane på matvarene ein får hjå nærbutikken, med det som det kostar på marknaden og konkluderar med at dette er ei lønn. Joaquinn, 21 år student svarte: ”Det er eit godt spørsmål om det er ei gåve eller om det er ei betaling.... Eg vil føretrekkje å sjå på det som ei gåve, for dersom det skulle vere ei slags lønn, ville det vere ei veldig veldig dårleg lønn”. Andrés sa seg einig, det var i alle fall ikkje ei betaling, men han var også usikker på om det kunne blir sett på som ei gåve, og konkluderte rett og slett med at det er skit (*una mierda*). Den konkluderande kommentaren har ein dobbel bunn, maten som staten deler ut på rasjoneringskortet er ikkje nok til å leve på, eller svelte i hel av, men den er også av den dårlegaste kvaliteten. Det er maten og kvaliteten på maten og andre produkt som gjere at forholdet til staten er så angstrengt. På skuggesida av gata hadde eg og ei eldre kvinne slått oss ned på trammen for å ete lokale frukter. Ei kvinne i 30 åra som kjem forbi med ein plastpose i handa, fortel at ho er på leiting etter kjøt til middagen. Ho kom frå det næraste kjøt utsalet, men sidan dei ikkje hadde kjøt, måtte ho prøve hjå eit anna utsal. Like etter kjem ho tilbake, på veg til ein tredje butikk. Ho ler mens ho gjengir kva ekspeditørane hadde sagt til henne: ”Du skal sjå at det er Fidel som har stogga kjøtt leveransen fordi han sjølv ynskjer å ete kjøt til middag”. Denne spøken er veldig beskrivande for forholdet mellom innbyggjarane og staten. Problemet som eg påstår vert tatt opp i denne vitsen er at Fidel sine ynskjer og det som han ser på som fellesskapets beste går framfor den enkeltes person ynskjer og behov. Til dømes får ikkje cubanarane lov å ete skaldyr<sup>18</sup> fordi alt dette skal eksporterast der pengane til dette salet skal nyttast til å kjøpe medisinar, mat og brennstoff (Solberg 1996 :112).

---

<sup>18</sup> Dei fleste av mine informantar vart veldig overraska over at eg ikkje var så veldig glad i skaldyr, og hevda at **alle** andre turistane (*extranjeros*) var dette. Eg ser på grunnen til denne litt generaliserte antakelsen om at alle utlendingar likar skaldyr kjempe godt, er at dei tur at det må vere ein stor marknad for skaldyr sidan det vert eksporter så mykje av det at det ikkje ”blir meir til overs” til cubanarane.



Krylova hevdar at "jokes are powerful because they represent the insider's view of life as it actually is experienced" (1999: 247 i Caldwell 2004:32). Dette kom også ganske godt tilsyne under femtiårs markeringa av eit motstandsangrep mot Batista 5 September 1957. Som ein del av markeiringa var det planlagt at Raúl Castro og Hugo Chavez skulle halde tale. Dette hadde eg lyst til å få med meg, for å få eit glimt av dei to saman, som eit artig minne å ha. Det viste snart at dei som var i min omgangskrins synes det var både uinteressant og utenkjeleg å gå på arrangementet berre for å ha sett dei to presidentane saman. Utpå dagen spurte eg Rafael om han hadde vore i parken om morgonen, han ser rart på meg og spør "Kvifor eg skulle gjort det?" og svarar sitt eige spørsmål med: " Dei et vår mat og drikk vårt vatn, som betyr at det blir mindre igjen til oss". Det som for meg ville vere eit spesielt bilete å vise fram i Noreg var for cubanarane flest, og Rafael især, eit symbol på problema cubanarane opplever, på same måten som *Granma* var dette. Der mange av mine informantar gav uttrykk for at dei gjerne skulle ha moglegheit til å selje huset dei budde i for å kunne kjøpe seg eit anna, i staden for å vere naudsynt til å bytte det mot andre tilsvarande hus. Noko som gjere det problematisk å skaffe seg eit større eller mindre hus dersom dei har bruk for det. Andre land var i mykje større grad utvikla, mens dei delvis skulda revolusjonen for at dei budde i eit slikt u-land, der lovene sette avgrensingar for økonomisk sjølvrealisering. Sjølv om ein lett kunne drive fleire former for handel samstundes var dette ikkje lov, og ein måtte gjere det i skjul i staden for med alle vanskane og problema det medførte.

I begge desse vitsane ligger det også til grunn at mykje av maten på Cuba vert eksportert; skaldyr, og bakepoteter og den beste risen vert eksporterer medan dei kjøper ris frå Kina som ikkje nokon andre vil ha. Cubanarane føler på ein måte at Fidel og Raul Castro følgjer den politikken som kanskje er personleg best for dei og landet, men ikkje lenger ser den enkelte og den enkeltes behov. Derfor får dei sosiale relasjonane så stor tyding, fordi ein der har nærmare og personlege forpliktelsar til overfor kvarandre, enn den meir abstrakte staten (Henken 2005: 369). Det er óg viktig å legge merke til at mine funn tilseier at forholdet mellom cubanarane og myndigheitene har vorte meir anstrengt. Cubanarane ser på varene frå rasjoneringskortet som kvalitativt dårlege både om dette skulle vere ei lønn eller ei gåve, for dei betyr styresmaktene mange problem på grunn av eit rigid byråkrati.

## REVOLUSJON FOR EIN KVAR PRIS (POR CUALQUIER SACRIFICIO) ?

På ein murvegg i Cienfuegos står det skrive eit revolusjonært utsegn frå Fidel: ”Revolusjon er å forsvare verdiane som ein trur på, koste kva det koste vil...” (*Revolución es defender valores en los que se cree al precio de cualquier sacrificio...*). Med problema som kom med DSP spør innbyggjarane seg, især den yngre generasjonen som har vokst opp med utdanning til alle og gratis helsetenester, kor store desse offera må vere. Etter at studenten Stefan var ferdig utdanna ingeniør bestemte myndigheitene at han skulle arbeide i ein by som var seks timars køyring frå hans familie. Her måtte han arbeide fem dagar i veka, i tre veker før han fekk fri fem dagar etter kvarandre. Det vart lange og harde arbeidsdagar for dårleg lønn og derfor reiv han etter nokre månader sund attesten frå universitetet. Med dette papiret reiv han også sund sju års utdanning som han ikkje kunne ta opp igjen, men han såg på dette som betre enn å arbeide så langt vekk frå familien sin. No ville han i staden for jobbe som bilmekanikar på private oppdrag. For veldig mange var forholdet til staten veldig anstrengt på ulike måtar og av ulike grunner. Taknemlegheita for gratis utdanning og helsevesen er avgrensa. Stefan spurte meg til dømes kva var vitsen med å ha eit gratis helsevesen viss ein uansett måtte gje legane små gåver for å få skikkeleg behandling. Andre gongar kunne informantane mine beklage seg over dei stivbeinte lovene og reglane som stikke kjeppar i hjula for dei, anten ved at dei ikkje fekk pusse opp husa etter at dei leigde det ut til turistar, eller berre kan bytte hus med andre likedane hus og ikkje selje huset sitt og kjøpe eit som dei vil ha uavhengig frå kva dei har frå før.

Eg vil på grunn av mine funn hevde at det ikkje er mogleg å dele den cubanske økonomien inn i sfærer, fordi forholdet mellom staten og innbyggjarane har endra seg. Informantane mine var ikkje sikre på om rasjonen dei mottok frå staten var varer eller gåvermen dei var samde om at kvaliteten var dårleg. Ut frå eit ideologisk perspektiv ynskjer nok staten at dette fortsatt skal vere gåver, men gåveutvekslingas form slik som Solberg beskreib finnst ikkje lenger. Ettersom det ikkje lenger rår ei oppfatning at varene som vert distribuert frå staten er basert på ”tilgjengelighet, rimelighet og solidaritet” har også grunnlaget for Olsen sfære inndeling forsvunne (2000:66). Viss eg hadde kjøpt mat på gata og kome heim igjen med dette var heller ikkje informantane mine opptekne om eg hadde kjøpt denne på den statlege marknaden eller på gata, altså det som ville vere to sfærer etter Olsens syns. Informantane mine var derimot opptekne av i kor stor grad eg hadde vore flink til å plukke ut ein god mango, og kva eg hadde betalt for denne, for den statlege marknaden var alltid dyrare enn det som ein fekk kjøpt på gata.

Varene som vart selde på svartebørsen vart både selt i dollar eller pesos, der prisen var avhengig av om dette var importer eller produsert på Cuba, der sist nemnde vart selt i *pesos nacionles*. Viss ein ikkje hadde denne summen av pengar, var det mogleg å betale tilsvarende i CUC, dermed vert både valutaene og varene blanda saman på svartebørsen som gjere det vanskeleg å setje opp klare grenser mellom dei vare typane. Ettersom varer vert selt på svartebørsen som både er stole frå lagera til *bodegaen* eller i *la shopping*, slik som poteter eller tunfisk som eg nemnde i det førre kapitlet. Både mjølk og storfekjøtt vert selt på svartebørsen som anten kjem frå at bøndene ikkje har gitt dette frå seg, eller at personane som får dette på diett sel det for å ei ekstra inntekt. Det var vanleg å selje sigarettane ein fekk kjøpe gjennom *la libreta*, til litt høgare pris, og tene nokre pesos. Mariella 65 år, sjukepleiar gjorde til dømes dette, noko som eg uttrykte undring over sidan ho i sin omgangskrins kjend for å ha svært sosialistiske haldningar, av dei andre vart dette likevel unnskyldt med at ho har litt sans for forretningar (*ella es un poco negociante*). Likevel viser det godt innstillinga Mariella har til gåvene som ho får frå staten, det verker ikkje som ho har motførestillingar å tene nokre ekstra pesos, sjølv om dette skulle gå mot det sosialistiske prinsipp. Eg vil anta at ho ser på dette som ein av hennar uformelle rettar som cubansk statsborger (Jmf: Henken 2005: 369).

For å oppsummere er det altså mogleg å påstå at det ikkje lenger er pesos varene som lenger spelar ei så stor rolle, men at det er dollar varene. Fordi desse varene er importert og kjende for å ha ein betre kvalitet enn dei som er produserte på Cuba, eg kunne også leggje merke til at mange såg på varene som vart selt i *la shopping* eller for dollar på gata som luksuriøse. Dette trur eg det er fleire ulike grunnar til, for det første hadde mange cubanarar den oppfatninga at det som er dyrt må vere bra. For det andre var desse dollarbutikkane opna først og fremst for at turistane kunne nytte desse, fordi dei var dei einaste som hadde tilgang på dollar. Dette henger litt igjen, sidan det beste av råvarene på Cuba vert eksporter til utlandet og til turistane, tobakk, kaffe, poteter og skaldyr, er det lett for cubanarane å tru at varene som vert selt her er veldig bra. Derfor blir alle gåver som er betalt for dollar luksuriøse, anten dei er kjøpt i dollarforretninga eller dei vert selt på gata og var blitt tilsendt frå utlandet gjennom slektningar. Tursitar flest på Cuba vert også sett på som rike, som er rett med tanke på at ein som utlending har ei høgare inntekt enn cubanarane. Dermed vert det å vere turist som eit slags status symbol på Cuba, og derav vert det også status å handle i dollar butikkane. Ei utsegn som også får stønad av Ørmens argumentasjon, ho hevdar at ein jinetero kan komme ut frå sin låge sosiokulturelle status viss han forlet Cuba og kjem ” tilbake til med lomma full av

pengar som turist” (2004: 140). Å vere turist innebærer med andre ord ikkje berre å verte sett på som rik, men også ein høgare status.

I dette kapitlet har eg sett på korleis Fidel Castro kom til makta, og kva retning revolusjonen hans tok, og utviklinga av den cubanske økonomien under hans styre. Sjølv om to andre hovudfagsstudentar før meg, på to ulike måtar har delt den cubanske økonomien inn i sfærer, er dette etter mitt synspunkt ikkje lenger mogleg. Eg vil også påstå at det heller ikkje er hensiktsmessig, for å kunne forstå kva innflytelse økonomien har på cubanaranes daglegliv. Det som ein i staden for burde legge vekt på er ulikskapen innan den formelle og uformelle økonomien. Både når det gjeld den formelle og uformelle å tene pengar på, men også mønstera som dannar seg innanfor dei sosiale relasjonane med bakgrunn i dette. Vidare vil oppgåva handel om dette, der eg i neste kapitel vil ta for meg korleis dei formelle sosiale relasjonane skil seg frå dei uformelle vennsksrelasjonane ved å ta utgangspunkt i gåvegivinga. Der eg vil sjå på korleis gaver kjøpt for dollar, altså ”luksusgaver” vert nytta til å skape nye sosiale relasjonar.

### KAPITEL 3

#### **DEN CUBANSKE GÅVEGIVINGAS SÆRTREKK**

Etter sovjetunionens fall i 1989 gjekk altså Cuba inn i ei sterk økonomisk krise, der inflasjon og stor mangel på daglegvarer karakteriserte kvardagen i fleire år. I takt med at statens ytingar vart færre, auka tydinga av relasjonane til vener og kjenningar, som i større grad hjalp kvarandre med å skaffe det som trengdes. Når eg gjorde feltarbeid i 2007 var det framleis daglegdags å skaffe til veie varer og tenester ”gjennom bruk av gata”, (*por la calle*). Det kunne vere alt frå matvarer og gass til matlaging til bil delar og bensin. Frå byggingsmaterial og verktøy til insektgift. Frå plastsekker og pappkartongar til avløpsrør og elektriske leidningar. Alt dette var døme på varer eller artiklar ein kunne få tak i på svartebørsen, men det var også vanleg å få utført særskilde tenester som ein eigentleg ikkje hadde rett på. Det kunne vere lovstridige lisensar eller konsesjonar, reperasjonar av elektriske artiklar, bygg –og rørleggjar arbeid, eller betre medisinsk behandling som til dømes skjønheits operasjonar.

Ved å kontakte dei rette kjenningane er det til dømes mogleg å få hjelp til raskare saksbehandling, få kjennskap til utfallet av pågåande rettsakar før den blir offentleggjort, eller få bagasjen ukontrollert gjennom tollene. Alt etter kven ein kjenner og i kva stillingar dei arbeider. Det å ha mange vener og kjente auka sjansane til å få hjelp ved alle slags problem og i vanskar betydeleg.

Kvar dag vart store og små problem løyst med hjelp frå vener og kjente, fordi staten ikkje strekk til. Fordi cubanarane ikkje veit av kven eller når dei nesten gong treng hjelp er det viktig for dei å oppretthalde eit stort nettverk av vener og kjente. Fordi ein cubanar ikkje veit kven han treng hjelp frå neste gong, er det viktig å ikkje fornærme ein person slik at ein dermed ikkje kan få hjelp frå denne i framtida.

I dette kapitelet vil eg vise korleis cubanarane aktiverar dei sosiale nettverka sine, for å få tak i varene og tenestene dei treng. Fordi det personlege nettverket gir ei tryggleik i ein usikker kvardag, er det veldig viktig å stadig utvide nettverket. Varige band til heilt ukjende personar, vert oppretta, gjerne gjennom gåver, for å sikre hjelp frå desse i framtida. Eg vil belyse grunnane til at desse gåvene vert gitt ved å sjå nærare på kva gåver som blir gitt til kven, ved kva samanhenger og til kva tidspunkt. Kjennskap til så mange personar som mogleg er viktig, men kvifor er det slik at verdien til gåva er omvendt proporsjonalt med nærheita mellom givar og mottakar? Der dei dyraste gåvene vert gitt til menneskja ein kjenner

minst. Kva er det som gjere at cubanarane heller aktiverer det sosiale nettverk sitt, det vil seie går til ein venn for å få skaffe seg medisinsk hjelp gjennom ein som han kjenner, i staden for å nytta medisinsk personale tilsett av staten?

Vidare ser cubanarane ofte på gåver som vert gitt for reparasjonar eller tenester, som små betalningar. Når det vert snakka om deira tyding, vert dei omkvarande omtalt som: ei lita betaling (*un pago*) og ei gåve (*un regalo*). Er dei å forstå som gåver eller er det betalningar? Sagt med andre ord kvar sluttar gåva og kvar startar betalinga? Er det å forstå som korrupsjon, og kvifor vert desse gåvene gitt? Ligger det ein strategi bak gåvene?

I den første delen av dette kapitelet tek eg utgangspunkt i mine informantars forteljingar for å vise den tydingsfulle rolla personlege nettverk spelar i deira liv. Vidare vil eg gjere greie for dei ulike formene av gåvetransaksjonar som eg observerte på Cuba. Teoretisk vil eg nytta på Mauss og hans essay om *Gaven* og Granovetter's teori om "strong-weak links" i analysen. Eg vil freista å vise korleis gåvas tyding er avhengig av relasjonen mellom givar og mottakar.

## **NÅR ALLE HAR BEHOV**

I kapitel 2 nemnde eg at USAs handelsblokade og Cubas planøkonomi førte til mangel på varer i butikkane, til dømes kunne ein butikk ha dusinvis med hermetisk fersken men vere tom for toalettpapir, eller kjøledisken var full av frosne erter men heilt tom for frossen kylling.

Eg la merke til at det rådde ein dårleg arbeidsmoral i butikkane, der dei tilsette ikkje viste stor interesse for å yte servise, ettersom dei fekk den same lønna uansett kor mange kundar dei betente, eller hardt dei arbeidde. Det oppstår ofte ekstra lange køar fordi butikkbeteteninga arbeider sakte, anten fordjupa i eigne tankar eller i langvarig samtale med vener og kollegaer<sup>19</sup>. Det er heller ikkje vanleg at butikkane har plastposar til kundane, så det er best å ta med dette sjølv. I ein butikk spurte eg etter plastposar og ekspeditøren svarte: " Fordi dette ikkje er min butikk, bryr eg meg lite om kundane er nøgde og kjem tilbake. Hadde denne butikken derimot vore min, ville eg sjølvsgatt hatt plastposar". Eg tolkar ekspeditøren utsegn om at han ikkje bryr eg som kor mange kundar som kjem tilbake, sidan den var under statens eige og ikkje hans økonomiske bekymring.

---

<sup>19</sup> Det er ikkje uvanleg at butikk ansatte snakker med venninner angående kva som skjedde i såpeoperaen dagen før og kunden må vente til dei er ferdige.

Dei tilsette ytte berre ein god service viss kundane var venner eller kjende, og dei gongane tilsette personleg fekk fordelar av dette. La meg illustrere dette med forteljinga til elektrikaren Yoel, 21 år, som jobbar i det statlege teleselskapet, ETECSA.

*”Då eg kom på jobb tysdag vart eg beden av sjefen min om å reise til butikken der hans venn Enrique, arbeidde, for å sjå om eg kunne reparerte kjølerommet deira. Enrique fortalde at han fleire gongar hadde ringt til Havanna og bedt dei om å sende reparatørar. Problemet er, at før reparatørane kan reise frå Havanna må dei fylle ut eit skjema for kvar dei skal reise og kvifor, for å få tildelt bensin. Etter to veker hadde dei endå ikkje kommt og Enrique gav opp. I staden for å ringe til Havanna endå ein gong, ringde han til sjefen min og spurte om han kjende nokon som kunne reparere fryserommet. Som du skjønar, oppbevarer dette firmaet ein del mat. Men fordi kjølerommet deira var i ustand, måtte denne maten oppbevarast hos eit anna firma. Dette var ugunstig for då kunne dei ikkje la delar av maten dei oppbevarte ”forsvinne”. Altså kunne ikkje Enrique og dei andre tilsette ta med seg delar av maten heim. Anten for å ete maten sjølve eller for å selje varene på svartebørsen. Reparasjonen var gjort på ein liten time og Enrique vart så glad at han gav meg eit titals boksar med øl, då eg skulle til å gå.”*

Enrique arbeidar i ein butikk som sel matvarer for dollar, som også er statseigd, så det er staten som er ansvarleg for å reparere kjølerommet. Enrique ringde også til bedriftas hovudkontor i Havanna bad sine overordna om å sende reparatørar. Eit viktig poeng i Yoel’s forteljing er at Enrique vart lei av å vente på reparatørane og at ventetida inneberer eit personleg økonomisk tap. Ettersom han ikkje kan ta med seg delar av maten frå kjølerommet heim igjen, for privat konsum eller sal. Enrique tek derfor saka i eigne hender og spør i staden for ein ven som kan gje han hjelp raskare. Kort sagt ynskjer Enrique at kjølerommet skal fungere fordi han personleg tener på dette, ikkje for å tilby kundane fersk mat frå kjøledisken. Den store økonomiske tydinga dette faktisk har for Enrique gjenspeglar seg i at han gav Yoel eit titals bokser med øl, som er ei ganske stor påskjønning. Vanlegvis vert øl berre seld for dollar og er derfor for dei fleste veldig dyrt å kjøpe, og det er det andre poenget som er viktig å legge merke til i denne forteljinga. Både Enrique og Yoel nyttar statens ressursar i form av arbeidstid, utstyr til å løyse Enriques problem, han på si side nyttar statens ressursar, øl, til å gje Yoel ei gåve som takk for hjelpa. Dette er også eit av mange døme på korleis hjelp frå venner og kjende er ein måte å unngå det som Ledeneva og Olsen kalla det ”rigide byråkratiet” (1998: 7, 2000: 81). Altså at ein løyser eit problem som eigentleg er eit statleg ansvar ved hjelp av ein venn eller ein kjenning, fordi ein på denne måten kan unngå byråkratiet.

Eg spurte Yoel, om han ofte hjalp vennane til sjefen og for dette mottok gåver, eller om dette berre hadde vore ein eingongs forteelse? Yoel smilte ertande og spurte: ”Korleis kan

eg overleve med ei månadslønn pålydande tolv dollar, når til dømes ein tube tannkrem kostar ein dollar? ” Han humra litt for seg sjølv, i det han fortsette:

*”Alle direktørane her er feite, fordi dei mottok så mange gåver. Her er alle saman korruperte (corrupto), det er ikkje berre ein eller to personar, det er alle saman, (todo el mundo). Alle er i like stor grad korruperte, ein mobil telefon kostar 20 dollar og det er meir enn ei månadslønn som ligg på 12 dollar. På Cuba er det berre direktørane<sup>20</sup> som har mobil telefonar. Arbeidarane som kanskje har meir bruk for å ha mobiltelefon, enn dei som set på kontoret heile dagen, har det ikkje. Å drive reparasjonar for private formål er ikkje noko som berre eg gjere, dette er noko som alle gjere.”*

Yoel påstod altså at alle direktørar på Cuba er ”feite”, på grunn av at dei er korruperte. Gjennom si stilling som direktørar har dei gode moglegheiter til å utføre tenester under bordet, som dei mottok gåver for. Anten mat eller pengar som dei kan kjøpe mat for, og er derfor meir velernært enn sine landsmenn meiner Yoel. Dette er også uttalelsar som Solberg har lagt merke til, der informantane hennar kommenterar at direktørane ”får” mer, og dermed lever bedre enn folk flest. Det er lett å se at *los dirigentes* [(direktørane)] lever bra, er oppfatningen. Kroppene viser at *de ikke har spesiell periode*, men store mager” (Solberg 1996: 110). Dette er betydningsfulle utsegn sidan folk flest gjennomsnittleg gjekk ned sju kilo, under DSP på grunn av den store mat –og vare mangelen. Eg vil komme tilbake til spørsmåla kring korrupsjon i slutten av dette kapitelet.

Yoel utførar reperasjonar til menneskjer på privat basis, altså at han hjelper privat personar utan at dette er gitt i oppdrag frå staten, slik som til dømes reperasjonen i Enriques butikk. Gåvene han mottok for dette vert ei slags ekstra inntekt han er avhengig av, fordi lønna frå staten ikkje strekkjer til. Yoel påstår også at han måtte stele (*robar*) frå staten for å kunne kjøpe seg nye skor. Først stele ei vare frå staten som han kunne selje, også nytte pengane han fekk på dette salet til å betale dei nye skoa med. Det Yoel ”stel” frå staten er arbeidstid og at han påfører staten ein viss slitasje på dens verkty. Fordi han utførar reperasjonar for privatpersonar i arbeidstida si, for å få ei ekstra inntekt altså mot betaling. Betalinga han fekk for reperasjonen han gjorde til Enrique var nokre boksar med øl, som han då slepp å kjøpe eller kan selje vidare.

Ta imot gåver er noko ”som alle gjere”, hevdar Yoel, dette seier sjukepleiar Pepita, 51 år seg heilt einig i. I følgje henne, skuldast den utbreidde gåvegivinga dei låge lønningane: ”I andre land er lønningane høge, men her har alle låge lønningar. Dermed spekulerar folk litt i å

---

<sup>20</sup> Dette stemde ikkje heilt, sidan eg såg at det var fleire som hadde mobil telefonar. Deriblant Yoel sjølv, men han mangla sim kort så telefonen hans fungerte ikkje. Det gjorde vel derimot den til sjefen ut i frå slik som han framstiller dette. Sidan eg gjorde feltarbeid er det er blitt lovleg å eige ein mobiltelefon, dette var før forbode.



gje tenester, gjere ein teneste til nokon, for å motta ei gåve”. Pepita siktar her til at alle cubanarar mottok låge lønningar som dei ikkje kan leve på, men er avhengige av ei ekstra inntekt. Tenester som dei kan yte for private formål kan då vere ein måte å få ei ekstra inntekt på, fordi andre takker for denne tenesta gjennom gåver. Alle desse gåvene kjem i tillegg til den vanlege betalinga for denne tenesta, anten det var tenester gitt av staten eller som ein måtte betale ein lite sum til staten for å få utført. Dermed blir det gjerne ei dobbel betaling, at ein betaler tenester som ein har rett på, og i tillegg gir ei privat gåve. Då eg ved eit høve sette spørsmålsteikn ved dette, om det verkeleg var naudsynt å gje så mange gåver sidan dette etterkvart vart ganske dyrt, fekk eg den skarpe kommentar tilbake: ”her har alle behov”, til og med legane har mange behov (*muchas necesidades*<sup>21</sup>). Behovet det her vert sikta til er at alle manglar pengar, matvarer, gass, bensin, byggingsmateriale verkty og pyntegjenstandar. Er dette matvarer eller forbruksvarer som ein ikkje kan tenkje seg å behalde er det alltid mogleg å selje desse. Betydninga til pyntegjenstandar er noko eg kjem tilbake til i kapitel fire.

At også legane har mange eller mykje behov er i augefallande, fordi Pepita tidlegare hadde sagt at legane er dei personane som får det største nettverket. Ettersom legane gir behandling til mange menneskje frå alle samfunnslag og i alle yrkes slags stillingar har dei også mange kjenningar og kontaktar overalt. Dessutan vil pasientane også gje gåver for å takke for hjelpa, alt etter kva som står den gitte pasienten nærast og enklast å gje, ut frå det yrket han arbeider i eller kvar han bur. Personar som er busett på landsbygda tek til dømes gjerne med seg kjøtt.

For å kort oppsummere er det mogleg å hevde at tilsette utførar tenester der dei nyttar statens ressursar til for å auke si private inntekt. Eg hørde også andre døme på at statens ressursar vart nytta til ei bi inntekt, til dømes brukte dei som sprøyte kakerlakk gift ikkje å tømme boksane heilt og selje denne gifta vidare til privatforbruk. Eller at det vart selt måling som ”hadde blitt til overs”, eller at arbeidarar etter arbeidstid stal nylagte golv i leilegheiter staten bygde. Det var vanleg at bønder reiste inn til byen og selde ost, eller mjølk til privatpersonar som lagde yoghurt, eller brann og mol kaffibønner heime hos seg sjølve til vidare sal. Alle desse matvarene skulle eigentleg verte selt på bondens marknad eller til staten, men vart selt på privatbasis. Bøndene treng å få eit større utbytte, og kjøparane er avhengige av å få det billigare enn staten kan tilby. Dette var ”noko som alle gjorde”, og ikkje sett på som moralsk tvilrådig, fordi dette var varer som vart stolne frå staten, det større fellesskapet. Det gjekk ikkje utover ein person eller få personar slik som det ville vere å selje

---

<sup>21</sup> nødvendighet, nød, behov, trang, sult. (norsk blå ordbok nettutgave)

reseptar på medsinar, som i staden vart omtalt som *negocio sucio*, ei skitten verksemd. Dette ville medføre at apoteka kanskje gjekk tom for livsviktig medisin, som personane som då var avhengige av dette måtte kjøpe til dyrare pris eller ikkje fekk tak i. Mens andre personar som kanskje ikkje trengde å ta slik medisin misbrukte sin tilgang på denne.

Personar som ikkje arbeidde i stillingar der dei kunne selje varer eller produkt hadde sjølvstapt også *mucho necesidades*, men løyste dette gjennom til dømes å godkjenne papir som egentleg ikkje er gyldige. Jeanette fortalde meg at ho hadde bytta til seg eit større hus med fleire soverom enn det ho budde i, noko som egentleg er ulovleg. Hus kan berre bytast mot kvarandre viss dei har like mange soverom og likt konstruert tak. Jeanette unngjekk det vanskelege byråkratiet og dets stivbeinte lover, ved å få hjelp av ein kjenning som godkjende slike papir. ”Eg la fram alle papira og dokumenta som vi trengte, og ei lita penge gåve, som ein ferdig pakke, framfor kontordama og bad henne om å signere. Kontordama stempla dei umiddelbart og godkjende dermed eit bytte av hus som var mot lova.” Jeanette fortalde vidare at ho var litt brydd (*pena*) overfor fattige som sat og venta på bustad kontoret, for å få seg nye og betre bustadar, fordi ho hadde nok pengar til å gjere dette privat. Samstundes som ho viste at det ikkje var nokon som tok skade av at ho gjorde det på denne måten.

Ted Henken grunnar tjuveria og nytten av statens ressursar til eige formål, på Cuba, med at statleg eigedom er noko abstrakt. Han hevdar at ”such an abstract notion of state ownership has led in practice to the misuse and theft of state supplies, often done with little social stigma. In fact preferential access to state supplies is often understood as one of the few informal rights of state employment” (2005: 369). Granovetter hevdar på eit meir generelt grunnlag at det er nesten er forventa at dei tilsette ved butikkar skal ta med seg matvarer frå arbeidsplassen, til privat konsum eller for å selje dei vidare som ein måte å kunne kompensere for si låge lønn (2007: 163). I følgje Henken er det heller ikkje på grunn av lønningane at dei tilsette arbeidar for staten, men fordi dette gir tilgang på statens ressursar (2005: 369). Som i mine case til dømes var tilgang på måling eller insekts gift, eller at ein hadde moglegheit til å godkjenne nokre papir mot små gåver.

## **HUNDRE KJENNINGAR OG KONTAKTAR TIL HUNDRE PROBLEM.**

Informantane mine kunne ikkje presisere mange nok gongar, kor viktig det var å ha ein ven eller kjenning i dei rette jobbane. Dei la ofte vekt på at behovet for pengar er stort, men at behovet for å ha mange venner , især kjenningar var større (*necesito amistades*). Ordet

”*amistad*” kan best oversetjast med ”midtpunkt” og blir nytta for å vise at ein har nokon som ein kjenner innan til dømes byråkratiet eller helsevesenet. Fordi Cuba har stor varemangel, strenge lover og eit innfløkt byråkrati, treng cubanarane ei mengde ulike vener og kjenningar til å løyse ei mengde ulike problem. Fiskaren Andrés uttrykte det på denne måten: ”Vi lever med ei mengde problem og ei mengde med kjenningar” (*vive con tantos problemas y tantos amistades*). Når ein har til saman hundre venner, kjenningar og kontaktar vil det alltid vere ein person som har moglegheit til å hjelpe på grunn av sitt arbeid, eller sine kontaktar, uansett kva type problem ein har hamna i. Dermed er det å ha eit stort personleg nettverk, ei sikkerheit for å overleve i eit samfunn med eit rigid byråkrati, gjennom desse vennene og kjenningane er det von om ein snarveg gjennom byråkratiet, eller det er mogleg å finne ein veg rundt stivbeinte regler. Kjenningar kan la bøter ”forsvinne”, så ein slepp å betale desse, finne tak i utstyr eller materiale til huslege reparasjonar som ikkje bli selt i butikkane. Å ha mange sosiale relasjonar var ein overlevelses strategi, fordi det var umogleg å overleve med tolv dollar i månadslønns og samstundes følgje alle cubanske lovar og reglar.

Ledeneva som studerte dei personlege nettverkas tyding i Russland konkluderte med at det personlege nettverket gav personane store moglegheiter: ”Nothing is legal but everything is possible” (1998: 1). Gjennom dei rette vennane og kjenningane på rett stad er det altså mogleg å ”obtain goods in short supply and to find a way around formal procedures” (1998: 1).

### ” A MI ME FALTA...” – EG MANGLAR...

Tidlegare i kapitelet har eg skildra at det var vanleg å gje gåver til tilsette på grunn av særskild behandling eller tenesteytingar som var litt utan om det vanlege. I ein diskusjon med Martha og Pedro, to arkitektar i førtiåra, om det cubanske helsevesenet utbraut plutselig Martha: ”Hugsar du den tannlegen eg gjekk til, som vi gav 20 CUC før eg i det heile tatt opna munnen?” Dette er godt over ei månadslønn og eg er derfor svært nyfiken når Pedro starta å forklare:

*”For nokre år sidan var Martha svært plaga av tannpine, og vi oppsøkte de tannlegen eg visste var den flinkaste i byen. For å vere sikker på at han skulle gje Martha ei skikkeleg behandling gav vi hand på førehand 20 CUC. Vanlegvis når ein treng å gå til ein tannlege eller lege, går ein til venner og kollegaer og seier ”eg manglar” (a mi me falta) ein flink*

*tannlege eller lege og spør om dei kjenner ein person, for det er ikkje alltid lett å vite kven som er gode legar eller tannlegar, ettersom mange studentar består eksamen ved å gje lærarane små gåver. Viss ein person då kjenner ein flink lege vil han tilby seg å presentere dykk for kvarandre. Etterpå blir det opp deg å få i stand ein langvarig relasjon til denne persone, slik at du kan få hjelp frå han seinare. Slike vennskapelege relasjonar (amistades) blir gjerne bygd opp ved å gje ei gåve. Det som vanlegvis vert gitt er noko som ein kan nytte: ting til huset, parfyme, deodorant, vaskemiddel, såpe, klede eller pengar. Pengar er det tryggaste å gje, for det har alle behov for meir av. Ein anna grunn til at eg gav denne tannlegen 20 CUC var for å halde "eit vindauge ope" (para tener una ventana abierta), slik at vi kunne gå tilbake denne tannlegen ved andre høve. Viss eg eller Martha har nokre små ting som må ordnast med tennene og vi kjenner kvarandre kan eg kanskje gå til huset hans, neste gong eg treng hans hjelp."*

Når Pedro her snakkar om at han gav tannlegen 20 CUC for at han skulle gje Martha ei skikkeleg behandling meiner Pedro, at tannlegne skulle nytte meir enn dei tilmålte ressursane tannlegar kan nytte på kvar pasient. Til dømes gje henne meir bedøving enn det som kvar pasient kan få. Vidare er det også to andre ting som er viktige å legge merke til, det eine er nytten av nettverka som eg vil ta for meg først, og det andre er "tankegangen" bak gåvegivinga.

Viss Martha og Pedro ikkje hadde visst om denne tannlegen som var kjend for å vere den beste i byen, ville dei ha aktivert nettverket sitt for å finne ein tannlege dei kunne stole på. Ettersom det er mange som "har behov" på Cuba er det også mange tannlege- og legestudentar som unngår stryk karakter på eksamen ved å gje gåver til læraren. Men når Martha og Pedro aktiverar sitt sosiale nettverk følar dei seg ganske sikre på finne ein dyktig tannlege eller lege, fordi dette er ein person som deira venn har tillitt til. Dette er i tråd med Granovetter som hevdar at tilliten til ein ukjend person er avhengig av at ein venn eller kjenning, som kan gå god for at den ukjende personen er til å stole på (1973: 1374). Kort sagt fordi denne venen eller kollegaen har tillitt til ein person vil også Martha og Pedro få dette. Kva som er grunnane til dette, vil verte vidare belyst i kapitel fire.

Pedro fortel at viss han hadde leitt etter ein lege, ville ein kollega blitt med han for å introdusere han og legen for kvarandre, for å sikre at Pedro vert gitt ei ekstra god behandling. Ettersom legen då vil sjå at Pedro er ein ven eller kjenning av hans ven, noko som gjere at Pedro også indirekte vert hans ven. Det vert med andre ord gjennom denne forbindelsen aktivert ein følelse som Caldwell beskriver som "a personal sense of obligation to provide assistance" (2004: 85). Det same hevdar Olivier de Sardan: "One

cannot refuse a service, a favour, a bit of string-pulling or compliance to a relative, neighbour, party comrade or friend. Nor ought one to refuse the same to someone who is 'sent' by any of the above" (1999: 40).

Antropologen Melissa Caldwell gjorde feltarbeid ved eit suppekjøkken Moskva i Russland. Ho la merke til at alle desse brukarane ikkje hadde så store nettverk, men kompenserte dette gjennom å strategisk knytte vennsksbands til kvarandre (2004:142). Ho påstår vidare at russarane alltid hjalp andre som dei såg på som venner eller kjenningar av eigne venner (2004, Ledeneva 1998: 40). Legen føler med andre ord, ei plikt til å hjelpe Pedro fordi han er venen eller kjenningen til hans ven og dermed høyrer dei Pedro til innanfor den krinsen av venner og kjenningar som legen burde hjelpe. I motsetning til heilt vanlege pasientar som ein ikkje har noko form for plikt eller emosjonelle følelsar for.

Ved eit anna høve var eg vitne til ein liknande episode: Ei av mine naboar Sandra, vart kontakta av ein gamal skulevenn, for å be om at Sandras bror Paulo, tok ein re –legesjekk på kona hans. Kona hadde hatt hjerteproblem i lengre tid og legen deira hadde anbefalt operasjon, men sidan denne var ganske omfattande ville dei vere sikker på om den var heilt naudsyn. Derfor gjekk dei til Sandra for å be Paulo sjå på henne, ”og sidan Paulo veit at dette er ein skulevenn av meg vil han berre anbefale operasjonen om den verkeleg er naudsyn” forklarte Sandra til meg.

Ettersom eg var ny i byen og også hadde eit lite kontakt nettverk ,tok ein av slektningane til min ektemann meg med på ein ”introduksjons runde”. Der vi omtrent gjekk frå bedrift til bedrift for at han skulle kunne introdusere meg til alle han kjende, frå bilmekanikarar til tilsette i ein bokbutikk (*librería*). Dette grunna han med at det ikkje var godt å vite kven eg kunne trenge hjelp frå, og dermed visste kven eg kunne kontakte alt ettersom kva eg mangla.

## **STRATEGISKE RELASJONAR**

Caldwell la merke til at russarane knytte sosiale relasjoar til personane som dei såg det nyttefullt å ha relasjonar til (Caldwell 2004). Ettersom dei budde i forskjellige bydelar og dermed kunne utveksle informasjon om sal av varer, samarbeidde om innkjøp, eller gjennom kvarandre få tilgang på varer eller tenester dei elles ikkje kunne fått. Derfor vil Caldwell hevde at ”through collective efforts to manipulate the system, Muscovites graft social relations onto economic interest (2004: 33). Det tolkar eg på den måten at russarane bevisst

knytte sosiale relasjonar til menneskjer dei gjekk ut i frå ville vere fruktbart å ha eit vennskapeleg forhold til seinare. Dette gjorde dei gjennom gåver, der gåvene kunne manifestere at dei tilhørde det same nettverket (Mauss 2001: 75). Mine erfaringar visar at det same skjer på Cuba.

Tidlegare i oppgåva har eg vist korleis cubanarane nyttar sitt personlege nettverk til å finne tak i varer eller få utført reoperasjonar. Blant dei Martha og Pedro som freista å opprette ein personleg forbindelse til ein ukjend person som var tannlege, ved å gje ein meir enn ei gjennomsnitts månadsløn. Pedro trur han gjennom denne gåva kan opprette ein sosial relasjon til tannlegen, ettersom han hevdar å kunne gå direkte til tannlegens hus for å spørje om hjelp. Så når Pedro går til tannlegen hus er det ikkje fordi denne har kontor heime, men fordi dei er blitt kjenningar, i motsetning til at dei før var heilt framande for kvarandre. Dermed går relasjonen mellom tannlegen og Pedro frå å ha eit offentleg og formelt preg til å bli å vere litt uformelt, grunna gåva som vart gitt, vart tatt i mot. Ein slags vennskaps relasjon til heilt ukjende personar, det som Pedro omtalte som ”slike vennskapsrelasjonar” kan altså verte knytt gjennom gåvegiving. Det er likevel viktig å leggje merke til at dei likevel ikkje er vener, så Pedro vil nok ikkje bli beden lenger inn i huset enn mottaksstua når han vitjar tannlegen. Ein skikk eg kjem tilbake til i kapitel fire.

Grunnen til at ei gåve kan ha denne verknaden, er i følge Mauss at den inneheld litt av givarens and, *mana* (2001: 28). Mauss hevdar at: ”Ting inngis med sjel, sjeler representeres ved ting. Gaveutvekslingen skaper bånd mellom mennesker, og gjennom tingene oppnås en forening mellom mennesker fra atskilte grupper” (2001: 53, 72). Ut frå denne særeigne og ibuande krafta i gåva, kjem plikta til å ta imot gåva, og gjengjelde denne med ei ny gåve (2001: 29, 53). Mauss hevdar også at formålet med gåvegivinga er av moralsk karakter, fordi den skal ”skape en vennskaplig forbindelse mellom giver og mottaker, og dersom operasjonen ikke hadde denne virkningen ville den vært hensiktsløs” (2001: 52).

Føresetnaden for at gåver vert gitt er vissheita om at desse vert tilbakebetalt, der det er ”den gitte gjenstanden som selv utgjør denne 'sikkerheten'” (Mauss 2001: 75). Gåver vert med andre ord nytta til manifestere og personifisere relasjonen mellom personar eller grupper, og sikrar ei gjenyting ein eller anna gong i framtida. Sjølv om gåvebyttet teoretisk sett er frivillig, medfører både moralen som ligger til grunn for gåveutvekslinga og det symbolske innhaldet, at mangel på gjengjelding kan medføre ”privat eller offentleg krig” (2001: 15, 30). Det vil seie at det å unnlate å ta i mot eller gjengjelde gåva er å avvise den andre sitt tilbod om vennskap. Det vil vere det same som å ”nekte å inngå allianse og fellesskap” med givaren (2001: 30). Kort sagt har altså gåver den eigenskapen at dei kan opprette sterke band mellom

to personar, etablere ein sosial forpliktelse til gjenytelse mellom to eller fleire menneskjer sjølv om desse ikkje kjenner kvarandre. Det er akkurat dette som gjere ei gåve så særskild og skil henne frå ei betaling, som er ei utveksling som avsluttast der og då og ikkje oppretter ei form for plikt som må gjenytast ein gong i framtida.

I døma som eg har nemnt til no, ynskjer givaren av gåva å skape ein langvarig relasjon til den ukjende personen. Hadde ikkje desse gåvene vore med på å skape ein langvarig relasjon der ein kunne forvente å få hjelp ved å kontakte personane direkte ved liknande problem i framtida, ville det ha vore hensiktslaust å gje dei. Sjølv om helsetenestene på Cuba er gratis, gir mange gåver til tannlegar og leger for å vere sikker på å få god servise og hjelp i framtida om dette trengst. Dette er ikkje gjort berre ved ein enkel gåve men må heile tida forsterkast vidare og ytterlegare, anten ved besøk eller fleire gåver. Dette vil eg komme attende til lenger ute i kapitlet.

### **”STRONG” ELLER ”WEAK” TIES: RELASJONAR SOM ER LIKE VERDIFULLE**

I følge Granovetter kan mellom menneskelege relasjonar delast inn i to kategoriar: ”strong ties” eller ”weak ties”, avhengig av styrken i relasjonen. Denne vert målt etter Homans ide om at ”the more frequently persons interact with one another, the stronger their sentiments of friendship for one another are apt to be” (Homan 1950:133 i Granovetter 1973: 1362). Vidare er styrken i relasjonen avhengig av kombinasjonen mellom ”the amount of time, the emotional intensity, the intimacy (mutual confiding), and the reciprocal services which characterize the tie” (1973: 1361). Til personane som ein omgås ofte og regelmessig med og har stor tillitt til, har ein sterke band ”strong ties” ( 1983: 207). Desse sterke banda former altså den tette (dense) delen i eit personleg nettverk. Det består av dei personane som eit menneske opprettheld mest forbindelse med. Desse personane vil som regel også omgås mykje, fordi det er familiemedlemmer eller venner frå den same gjengen. Personar som ein har sporadisk kontakt med, eller ikkje stoler så godt på utgjere dei svake banda i ein persons nettverk. Kjenningar og kontakter er ” less likely to be socially involved with one another than our close friends (strong ties)” (1983: 201). Etersom desse er ”more likely to move in circles different from our own” (1973: 1371).

Men det er óg akkurat derfor “weak ties” er så verdifulle fordi dette gir “access to information different from that which we receive [in our own circle]” (1973: 1371). Fordi ein

personar i det same nettverket vanlegvis omgås mykje med dei same menneskja vil dette avgrense kvar persons tilgang på ny informasjon, eller andre tenester enn dei som personane i nettverket hans kan yte. Dette er ofte personar som ein har studert saman med og som derfor arbeidar innan det same yrket, så det er ganske avgrensa kor mange ulike yrker ein vil finne i den tette delen av ein personsomgangskrins. Fordi ein omgås veldig ofte, har ein også nokolunde ei oversikt kven som er venners venner og kvar desse arbeider. I den tette delen av nettverket kan ein person til dømes finne rørleggarar, tannlegar eller bilmekanikarar, men for å overleve på Cuba er det også viktig å kjenne møbelsnikkarar, elektrikarar eller advokatar. Det er her verdien til "weak ties" ligger, fordi personen gjennom desse kjenningane får forbindelsar til heilt andre sosiale nettverk. Når ein omgås med menneskje frå heilt andre miljø får ein tilgang på nyhende og informasjon som ikkje sirkulerar i det nettverket som ein sjølv er i. Dessutan kjenner desse kontaktane og kjenningane heilt andre menneskje som arbeidar i mange andre yrker. Granovetter legg vekt på *kven* det er, som er eins kontakt, for til fleire "weak links" ein person har til større sjanse er det for å kunne få hjelp ved eit eventuell problem (1973:1370).

Ettersom den einaste samanhengen, eller linken som finnast mellom Enrique og Yoel, går gjennom sjefen til Yoel, kallar Granovetter dette "a bridge; this is a line in a network which provides the *only* path between two points" (1973: 1364). Alle slike relasjonar er svake relasjonar, altså er relasjonen mellom Enrique og Yoel også svak. Viss Enrique klarar å opprette ein vennskapeleg relasjon Yoel, kan han også delvis få tilgang til det sosiale nettverk Yoel har. Kanskje Yoel kjenner ein baker, skomakar eller tv reparatørar. Yrker som ikkje nokon av vennane til Enrique har, men det kan komme ein dag då han treng å få hjelp frå ein av dei. Uansett om Yoel har eit stort eller lite nettverk kring seg er det alltid viktig å opprette vennskapelege relasjonar til venners venner og kjenningar. Fordi dette opnar opp ein forbindelse til eit anna sosialt nettverk og personar som ein kan kunne få hjelp frå ved framtidige problem.

Av same grunn er det også viktig for Pedro å freiste å bli ein kjenning av tannlegen, for i følge Pepita har legar veldig mange kjenningar og kontaktar i ulike stillingar det kan ein gå ut i frå gjeld denne tannlegen også.

For å kort oppsummere er det mogleg å hevde at gåvegiving er ein måte å overbygge avstanden mellom to personar på. I utgangspunktet har ikkje tannlegen nokre forpliktelsar overfor Pedro, eller noko emosjonell tilknytning. Relasjonen mellom dei kan med andre ord verte klassifisert som svak, men den vert overbygd gjennom gåva som Pedro gir til tannlegen. Fordi relasjonen vil bygge på tilliten om at den gåve vil verte gjengjeldt (Lomnitz 1977: 199



Mauss 2001:52). Vidare hevdar Lomnitz at “*Confianza* [tillitt] is the cement used to produce cohesion in [groups lacking adequate and effective coverage by social security institutions] networks, thus making them operational for purposes of reciprocal exchange in the interest of survival” (1977: 198). Sjølv om cubanarane har gratis helseteneste er det ikkje alltid dei kunne få alt dei hadde behov for her utan å kjenne dei rette personane eller gje ei gåve, noko som eg straks kjem tilbake til.

Ein kan med andre ord seie at det å ha mange kontaktar og eit stort nettverk er ein måte å overleve det ”rigide byråkratiet” på (Ledeneva: 7, Olsen 2000: 81). Der gåver er med på å binde saman ukjende menneskjer i eit nettverk, fordi det er den sterke plikta som kjem i kjølvatnet av gåve som styrker relasjonen mellom to personar som elles er svak (Mauss 2001: 53, 72). Kort sagt er det plikta til gåva, forventninga om gjenytelse som ligger til grunn for at Pedro og tannlegen har etablert ein relasjon seg i mellom. Vidare er denne relasjonen svak, men for å vere ein svak relasjon, er den ganske sterk. Med andre ord er det eit ”strong-weak tie”, det vil seie at dei fortsatt er kjenningar, men har særskilde pliktar overfor kvarandre. Tannlegen bør hjelpe Pedro viss han spør om dette i framtida, elles bryt han tilliten som dei har bygd opp, og plikta som følgde gåva. Likevel er ikkje tannlegen og Pedro vener, det kan dei først verte ved å pleie vennskapen med kvarandre godt, og etter eigne erfaringar vil eg hevde at dette berre skjer viss Pedro og tannlegen finner ut at dei har mange av dei same interessene. Det vil til dømes bety at dei i stor grad kan hjelpe kvarandre med å yte kvarandre hjelp og tenester på ulikt vis, og dermed er svært passande å ha eit vennskap. Å bli gode nære venner kan ta månads ja kanskje årevis å bygge opp, der ein stolar på kvarandre i veldig stor grad, slike venner vil gjerne omtalte kvarandre etter familiære termar der dei seier at dei er som brør.

Nokre veker etter at eg hadde hatt samtalen med Pedro om tannlegen han hadde gitt 202 CUC til, skulle Martha vitje ein medisinsk spesialist. I dette høve diskuterte Martha og Pedro kva som ville vere ei passande gåve for Martha å gje til legen. Dagen før Martha hadde time, viste Pedro meg ei avtalebok som han hadde kjøpt, og som Martha skulle gje til legen. Denne boka, var på lik linje med dei andre gåvene som blir gitt til ukjende personar, kjøpt for dollar. Kort sagt er dei aller fleste gåvene som blir gitt til ukjende personar, anten som ei stimulerings- eller takkegåve, kjøpt for dollar. Som oftast er dette: parfyme, deodorant, vaskemiddel, såpe eller klede. Det einaste unntaket, er at det vert hevda at bønder gjerne gir storfekjøtt, men det er også eit forholdsvis veldig dyrt kjøtt.

Eg spurde Pedro om det også er vanleg å gje gåver til den venen, som presenterar ein til lege eller tannlege når ein manglar dette, som ei ”takk for hjelpa”?

”Nei”, svarte Pedro ”det må du ikkje, men du er skylder han ei *teneste*. Det som er betre enn å få gåver frå vener er å ha mange uteståande tenester hjå dei. Dessutan kan du berre få ei ekte gåve frå gode venner, elles så er det alltid noko som henger ved.”

Slik eg oppfattar Pedro byggjer vennskaps relasjonen mellom han og hans vener på at dei yter kvarandre tenester når den andre har behov for dette. Denne hjelpa som dei gir kvarandre ved å gjere kvarandre tenester slik som til dømes å introdusere nokon til ein venn eller kjenning, vert ikkje gjenytt med det same. Akkurat slik som med gåver, er denne hjelpa noko som vert gitt tilbake etter det har gått litt tid. Dermed er det mogleg å hevde at gode vener på Cuba hjelper kvarandre med vennetenester, etter det same prinsippa som ved gåvegiving; den som mottok ei teneste, er pliktig til å gje ei ny teneste tilbake (Ledeneva 1998: 35, 37). På same måte som Mauss hevdar at den som mottok til ei gåve har ei plikt til å gje ei ny gåve tilbake, har vener og kjenningar ei plikt til å gje hjelpe dersom dei har fått hjelp.

Omgrepet venneteneste i vert dette tilfellet nytta til å beskrive ei hjelpsam handling, som ein forventar skal verte gi tilbake ei anna hjelp eller teneste. På same måte som ein er ”skylder” ein person å gje tilbake ei gåve, så kan ein vere skuldig ein person ei teneste, ei form for å gje hjelp. Det viste seg seinare under feltarbeidet at Pedro som arbeidde som arkitekt ved universitetet hjalp dottera til ein ven med å skrive henne inn på universitetet. Der Pedro introduserte kollegaen og dottera hans til nokon som han kjende innan administrasjonen, etterpå var opp til kollegaen å takke denne personen for den ekstrå gode hjelpa dei fekk, gjennom ei gåve. Kollegaen til Pedro skyldar ikkje også Pedro ei gåve men å introdusere Pedro for ein person som han leiter etter ved eit seinare høve. For å kort oppsummere er det altså mogleg å hevde at det finnast to distinkte mønster av gåve og teneste utveksling: Den eine er mellom personar som anten er heilt eller delvis ukjende for kvarandre, der det vert gitt gåver for at den andre personen skal yte god servise. I dømet der Martha og Pedro gav tannlegen 20 CUC, plikta tannlegen seg ikkje til å gje Martha og Pedro tilbake i ny gåve, men gi Martha ei betre behandling enn det andre pasientar fekk. Den andre er mellom vener, som sjeldan gir kvarandre gåver, men heller ”bytter” tenester, til dømes å introdusere kvarandre for vener og kjenningar.

Pedro snakkar om ”ekte gåver” og påstår at det ”henger noko ved gåver”. Dette tolkar eg som at han sikter til plikta til å ta imot og gjengjelde ei gåve, mens på Cuba kan denne plikta vere noko som ein elles ikkje ville gjort, altså å gi givaren av gåva ei særbehandling. Frå Pedro si side er det ein strategi å gje 20 CUC til tannlegen for å få tannlegen til å gje Martha ei betre behandling og hugse dei to i framtida, viss dei ved eit seinare høve treng

hjelp. Derfor er det ein god strategi å gje tilsette i helsevesenet og byråkratiet, dyre gåver for å få dei til å gjere noko som dei elles nødvendigvis ikkje ville gjort. Hadde ikkje denne plikta følgt med gåvene hadde det ikkje vore hensiktsmessig å gje gåver til personar i helsevesenet eller byråkratiet for å få litt "betre servise". Å gje gåver til tilsette for å oppnå særskilde goder er noko som vart meir vanleg om mindre moralsk betenkeleg under DSP, som tidlegare nemnt i oppgåva, og i tråd med utsegna til Pedro om at ekte gåver kan ein berre få frå sine venner. Når Pedro gir 20 CUC til tannlegen er dette blant anna fordi han vil overbygge avstanden mellom dei to og sikre betre behandling. Altså er det plikta til å hjelpe den som gav gåva på ein særskild måte det som henger ved gåva. Vidare forstår eg Pedro på den måten, at denne plikta er mindre i gåvene frå vennane, og at han meiner ei "ekte" gåve er meir ei altruistisk gåve enn ei betaling.

Dette vil eg komme tilbake til på slutten av kapitelet. Her vil eg berre påpeike at dette gjenspeglar seg i observasjonane eg gjorde, der eg såg at den materielle verdien til gåvene som vart gitt til ukjente folk i byråkratiet og helseapparatet var mykje større enn dei som blir gitt til eigne vener. Det er med andre ord mogleg å sjå kor nær personane står kvarandre ved å sjå på kva og kor mykje ein gir til kvarandre i gåve, og kva forventingar som ligger innbakt i gåva frå givaren si side. Eg vil derfor hevde at det finnst fleire ulike distinkte gåvetransaksjonar på Cuba, der gåva har ulike funksjonar alt etter høva kring overrekkinga.

## **STIMULERINGSGÅVER**

Som cubanarar flest aktiverte skulevenen til Sandra sitt kontaktnettverk for å få kona undersøkt av ein lege han stolte på. Paulo var den rette personen ettersom han her aktiverte relasjonen til Sandra og dermed plikta til å hjelpe veners vener (Caldwell: 2004:85). Han er ikkje aleine, mange cubanarar føretrekker å løyse problema sine gjennom nettverket sitt. Nokre gonger viser dette seg å vere umogleg, og gåver må verte gitt til heilt ukjende personar i byråkratiet og andre stillingar, for at dei skal gjere noko som dei elles ikkje ville gjort (Ledeneva 1998: 40). Dette blir ei lita ekstra betaling som skal gjere det kjekkare for den som arbeidar å gjere jobben sin. Eit tema det var naturleg å komme inn på då eg diskuterte vanskane kring det å pusse opp eit hus på Cuba med Maritsa, som hevdar at:

*"Her må ein betale med gåver for å løyse ting (para resolver cosas). Det eine er papir arbeidet når huset skal pussast opp, noko anna er å finne material. Også må ein gi nokre*

*gåver her og nokre der, til ulike folk, for å få ting gjort, for slik er det på Cuba. Trikset er rett og slett å stikke fem dollar eller meir i brystlomma til byråkraten ein ynskjer hjelp av. Når han har lagt merke til pengane er han villig til å hjelpe. Ein gong eg vitja eit kontor for å ordne nokre papir, så ville kontordama ta pause for å finne seg litt mat. Eg var rask med å be henne om å bli sitjande og sjå på papira mine, og at eg i staden for skulle gå ut og finne mat til henne. Ute på gata kjøpte eg ein boks med kald brus og eit rundstykke med skinke. Neste gong eg kom til kontoret, vart eg ropt ut or køa og inn på kontoret hennar før det var min tur, fordi ho visste at eg hadde tatt med meg noko til henne”*

Maritsa unngjekk kontordamas manglande innsats vilje med å gje mat i gåve, kjøpt for dollar, og slik følte kontordama seg meir villig til å hjelpe henne, sjølv om ho og Maritsa ikkje hadde felles venner eller kjenningar. Dette sikra Maritsa også at ho ved neste tur til dette kontoret vart ropt ut or køa og inn på kontoret, før det var hennar tur.

Gåva som Maritsa gav til kontordama vil i mange vestlege land verte sett på som på som smøringsgåver. Men i følgje Scheppele er gåvene i slike situasjonar erstatninga for vennsksrelasjonar fordi givaren med denne gåva freistar å etterlikne plikta venner har til å hjelpe kvarandre ( 1999: 531). Det som eg nemner stimuleringsgåver vert altså gitt ved dei høva der det ikkje finnast noko slags form for kontakt, eller indirekte vennsksrelasjonar mellom givar og mottakar. I Granovetters termer ingen form for bru mellom to personar (1973: 1364). Vidare må denne gåva giast viss ein ynskjer hjelp denne personen, elles vil ein gå derfrå med uforretta sak. I ein slik situasjon hamna den 62 år gamle , bilmekanikaren Marcello og kona Yaneysi:

*”For eitt års tid sidan fekk Yaneysi alvorlege ryggplager, eg tok henne med til ein spesialist; som var broren til ein god venn av meg. Eg var ikkje sikker på at han hugsa at eg var ein venn av Antonio, så eg spurte etter korleis det stod til med broren og kona hans, og fortalde om barnestrekar vi gjorde då vi var små. Etter at legen hadde undersøkt Yaneysi tek han meg til side og seier at trur det er ei lita skiveutgliding, men at vi for sikkerheits skuld må prøve å få tatt røntgen bilete. Vi reiste straks til sjukehuset, men det viste seg at radiografen som var på vakt ikkje ville hjelpe oss. Radiografen hevdar at det berre tatt røntgen ved nødstilfelle, fordi det er det er stramme tider. Eg måtte tilslutt nemne at eg hadde nokre liter bensin ståande i garasjen før han gjekk med på å ta bilda av kona mi. Ja ja då vi gjekk fortalde han oss i det minste at vi kunne komme tilbake ein annan gong for kva som helst slags problem (por cualquier cosa).*

I begge desse døma ser vi same grunnen for at gåva vart gitt, verken Maritsa eller Marcello kjende personen dei måtte få hjelp av, høvesvis kontordama eller radiografen. Dei hadde heller ikkje ein venn eller kjenning som kunne introdusere dei til kontordama eller radiografen, som dermed kom til å hjelpe dei fordi det var hans plikt. Men Marcello let det kome klart og tydeleg fram i samtalen til legen, at han var ein ven av broren og sikra seg dermed god servise. Mellom han og radiografen var der derimot ikkje felles kjenningar og det var ikkje til å unngå

å tilby bensinen viss han og Yanesi skulle få hjelp. I følge Granovetter er ”Material payment in return for favours ... graft. It means the absence of any possibility of personal relationship or having friends in common” (2007: 157). Medan Olivier de Sardan hevdar at ”engrained, commodified corruption is, [sett frå det utgangspunktet at tenester elles vil verte bytta], a mere symptom of the lack of an activatable network, a temporary deficit in ‘social capital’” (1999: 41).

Kort sagt er stimuleringsgåver, berre dei gåvene som blir gitt til ukjende personar. Der gåvas funksjon er å framkalle ein følelse av plikt til å hjelpe hjå mottakaren, som ein elles naturleg finn i alle vennsksrelasjonar. Mauss hevder at det følgjer tre plikter med gåva, ein er at ved å ta i mot gåva forpliktar ein seg til å gje ei ny gåve attende, så dermed er det mogleg å hevde at ein opprettar visse plikter gjennom gåva (2001: 29, 53). Med bakgrunn i dette vil eg hevde at givaren til ei gåve, i denne samanhengen Marcello stimulerar radiografens arbeidslyst, og får han til å gjere noko som han elles ikkje ville ha gjort. Hadde ikkje Marcello, nemnd bensinen for radiografen hadde den sistnemnde nok ikkje tatt røntgen av kona hans. Med ein gong han fekk tilbod om denne gåva var det ikkje noko problem, dei fekk derimot tilbod om å komme tilbake ved kva som helst slags problem. Gjennom denne gåva får radiografen ei lita ekstra lønn, men han lover likevel at dei kan komme tilbake ein anna gong med eit hvilket som helst problem. Dette viser at radiografen ikkje berre ser på denne gåva som ei slags betaling, som ein slags driks, noko som også forpliktar utover denne eine gongen. Denne skilnaden vert understreka av Granovetter: ”A gift implies the likelihood of an ongoing social relationship in which gifts and favours will continue to be exchanged, whereas tip is a one-time event which precludes further exchange” (2007: 157). Tips er altså pengar som vert gitt som ei slags gåve men høva kring denne overrekkinga tilseier at dette ikkje er ei gåve, men ei betaling. Ei stimuleringsgåve kan derfor langt på veg verke som ein tips som vert gitt fordi det ikkje finnast ein anna veg utanom, fordi ein ikkje har eit passande vennskap å aktivere for å unngå dette. Ofte kan desse stimuleringsgåvene likevel opprette ein slags forbindelse eller mellom givar og mottakar slik som Pedro hevda hadde skjedd til tannlegen, dette vil eg hevde har noko med det som vert gitt i gåva å gjere.

Eit konseptet som likna på stimulus gåver fanst også på Cuba før DSP. I den tidlege startfasen av revolusjonen tidlig på seksti talet, fremma Che Guevara ideen om at gode revolusjonære ikkje trengde høge lønningar. Å jobbe for revolusjonen burde vere ei lønning i seg sjølv, men det viste seg fort at ideen verka dårleg i praksis. Derfor starta staten å dele ut nokre slags premier, varer som kunne kjøpast for redusert pris, til dei som viste framifrå engasjement. Desse vart kalla *estímulos* (Rosendahl 1997: 37). Desse premiane som

staten delte ut og stimuleringsgåvene eg beskriver, har det til felles at dei får ein person til å gjere noko som han elles ikkje nødvendigvis ville ha gjort. Premiane var eit middel staten nytta for å få arbeidarar til å jobbe hardare for å få bli lønna med ein slik premie, og utan denne motivasjonen er det ikkje sikkert dei ville ha gjort dette. Forskjellen mellom staten sine premie gåver og stimuleringsgåver, er at først nemnde vart gitt til den tilsette **etter** at han hadde gjort framragande arbeid. Stimuleringsgåvene vert derimot alltid gitt **før** den tilsette denne tok fatt på arbeidsoppgåva si, og fungerte som ei stimulering for å få den tilsette til å gjere noko som ikkje var hans plikt.

Eit anna kjenneteikn ved stimuleringsgåver er at dette anten er CUC eller varer som er kjøpt for CUC. Med andre ord er dette dyre gåver og eg vil hevde at til dyrare gåva er, til større er forpliktelsen ein freistar å opprette hjå den ukjende personen. Dette er eit viktig aspekt ved denne gåva sidan den fungerer som ei erstatning for den plikta som elles ville komme viss ein var ein venns venn. At det gjennom denne dyre gåva oppstår ein forpliktelse er også veldig viktig, sidan dette er to ukjende menneskje som no blir i ein allianse gjennom gåve der dei elles ville ha vore heilt framande for kvarandre. No kan dei etterkvart byggje eit vennskap og få gjensidig hjelp med kvarandre i framtida. I tillegg vil eg hevde den gjenstande som blir gitt i gåve kan belyse kven givaren er og kva sosial status denne han har. Dette kjem eg til å gå nærare inn på i neste kapitel og i konklusjonen.

## **TAKKEGÅVER**

Til no har eg vist korleis gåvene som vart gitt til helsepersonell og andre offentleg tilsette sikra god hjelp, og at gåver kan skape relasjonar mellom to personar som ikkje kjenner kvarandre. No vil eg rette merksemda mot korleis relasjonane må fornyast og vedlikehaldast, fordi ein ikkje veit når ein kan få bruk for dei. Under feltarbeidet fekk eg eit problem med ei linse og måtte til augelegen ved sjukehuset. Til sjukehuset hadde eg følgje av ein av informantane mine, som kjende denne augelegen godt. Etter denne visitten vart eg fleire gonger sterkt oppmoda til å oppretthalde kontakten med augelegen, slik at eg ved eventuelle nye problem, kunne ta direkte kontakt med legen. Fordi eg til denne legen no hadde "eit opent vindauge", altså ei moglegheit til å forsterke relasjonen mellom meg og augelegen med ei gåve. Han som alle andre har "mange behov", og "då kan du gå til han igjen, viss du på nytt skulle få problem seinare" var grunngjevinga til informantane mine. Den fulle og heile verdien til at dette var så viktig, forstod eg først etter at eg møtte Esteban som fortalde:

*”For nokre veker sidan fekk eg ved eit uhell under karate treninga, ein hardknytt neve i nasen. Det blødde voldsomt og vi reiste ned til sjukehuset så fort vi kunne. Etter at vi hadde fått hjelp til å stagge den verste blødinga vart eg sitjande på venterommet i to timar, utan at noko skjedde. Først var ikkje den vakthavande legen tilstede og deretter var den vakthavande sjukepleiaren som sunken i jorda. Eg vart etter kvart lei av å vente og spurde om ein lege eg tidlegare hadde fått hjelp frå, var på vakt. Det var han men, akkurat midt ein operasjon, likevel gikk sjukepleiaren og varskudde han, for ein halv time etterpå fekk eg komme inn på kontoret hans for å verte undersøkt.”*

Det visar seg seinare utover i samtalen at Esteban hadde gitt denne legen ei stimuleringsgåve første gongen han hadde vore til behandling der. Esteban vil på same vis som Pedro sikre seg god hjelp av tannlegen, og at han kan komme tilbake ved eit anna høve viss han trengde hjelp. Altså halde eit ”vindauge ope”, Esteban fekk nok bruk for å oppsøkje legen både meir akutt og tidlegare enn han hadde forventa. Nokre dagar etter denne hendinga oppsøkte Esteban igjen legen for å gje denne endå ei gåve, som takk for den raske han hadde fått. Denne gåva er vidare med på å sikre at Esteban kan få meir hjelp i framtida og at vindaugget til denne tannlegen forblir opent.

At personar gav gåver for å eksplisitt takke for hjelpa la også Caldwell merke til ved suppekjøkkenet i Russland. Desse gåvene nemnde Caldwell ”thank- you-gifts”, gåver som alltid var tilbydd arbeidarar etter at dei hadde gjort små tenester (2004: 81): ”Although these gifts were presented as thank-you gifts, the woman claimed that she felt uncomfortable receiving them because they implied that the givers might expect her to help them in the future” (Caldwell 2004: 81). Slik som eg forstår dette utsegna til Caldwell’s informant vil ho ikkje ta i mot denne gåva som vart tilbudd henne som ei takk for hjelpa fordi det betydde at ho dermed gjorde seg pliktig til å også ved andre høve hjelpe denne givaren. Dette røyver også ved mitt poeng om at takke gåver vert gitt fordi dei kan halde ope eit vindauge, fordi gåva skaper ein relasjon, der ein er vidare forpliktet seg til å hjelpe givaren.

Ein kommentar frå Joaquin illustrerar dette på ein utmerka måte, vi snakka om at han ved ulike høve hadde fått hjelp av kjenningen Max, då Joaquin med eitt sukka og sa: ”Eg må vel snart gje Max ei gåve, ein shorts eller liknande.” ”Åh , kvifor må du det?” spør eg. ”Fordi ingen cubanar lever på luft aleine” svarar Joaquin. - ”Viss eg ikkje gir ei gåve til Max, vil han snart ikkje lenger kome hit å hjelpe meg. Får han ei gåve, vil han føle seg meir inspirert til å hjelpe meg fleire gongar. Ingen tenester på Cuba vert gjort vederlagsfrie.”

Fordi desse gåvene vert gitt for å takke for ei teneste som har blitt utført, har eg på same måte som Caldwell valt å kalle desse ”takkegåver” (Caldwell 2004: 81). Takkegåvene blir gitt **etter** at ein får hjelp som er litt utanom det vanlege, og då etter nokre timer opp til nokre dagar i etterkant.

Då eg diskuterte den utbreidde gåvaginga med Rosalia, tykte ho at det er ”etisk uriktig å be om pengar viss ein gir ei teneste eller yter si hjelp på ein eller annan måte, til kjenningar eller veners vener. Viss denne personen som ein hjelpte derimot i etterkant kom tilbake for å gje til dømes ti dollar og sa: ’Vær så god, her har du pengar å leve for (*aqui tienes para vivir*)’ er det ei heilt anna sak.” Kort sagt er takkegåvas funksjon å behalde vindaugget som er ope, opent og i tillegg styrke den sosiale relasjonen som allereie indirekte eksisterar mellom to personar. Tidlegare i oppgåva nemnde eg Yoel som hjelpte Enrique fordi sjefen hans ba han om dette, altså fordi han vart sendt av sin sjef men også fordi personen er i nettverket til ein person som er i hans nettverk (Caldwell 2004 :85, Olivier de Sardan 1999: 40). Den einaste linken mellom Enrique og Yoel går via Yoels sjef, og Enrique vil unngå å innlemme sin kamerat neste gong han får problem med kjølerommet. Derfor gir Enrique ei gåve til Yoel etter at han er ferdig med dette arbeidet, både for å takke for hjelpa, men også å opprette sosial relasjon direkte til Yoel. Som gjennom å motta denne gåva plikter seg til å hjelpe Enrique ved neste høve, derfor er det også strategisk lurt av Joaquin å gje Max ei gåve. Ved å gje denne gåva veit han at Max vanskeleg kan seie ein til å kome å hjelpe neste gong han spør om dette.

For å kort oppsummere er mogleg å hevde at stimuleringsgåver vert gitt for å opprette ein relasjon mellom to ukjende menneskje, mens takkegåver vert gitt for å styrkje ein allereie indirekte eksisterande relasjonen. Altså med andre ord å gjere denne ”sjølvstendig” og uavhengig av den tredje personen som introduserte partane for kvarandre. På same måte som ei stimuleringsgåve, er ei takkegåve, med på å stimulere mottakarane til å gjere noko som han elles kanskje ikkje ville ha gjort. Viss ikkje Enrique hadde gitt ei gåve til Yoel, eller Joaquin ikkje hadde gitt ei gåve til Max, er det ikkje sikkert desse ville ha kommt tilbake for å hjelpe dei ein gong til. I staden for hadde dei funne seg eit anna arbeid for å tene seg pengar, sidan alle på Cuba ”har mange behov”. Stimuleringsgåver og takkegåver har ein anna likskap, og det er at begge gåvene anten blir gitt i form av dollar eller i varer som er kjøpt for dollar. Mens ei stimuleringsgåve berre kan verte gitt ein gong, og deretter vert det for ytterlegare hjelp og tenester berre gitt takkegåver, vil verdien til dei sistnemnde vere avhengig av kor ofte ein trur ein vil trenge hjelp med denne personen i framtida. Verdien til takkegåvene vert med andre ord rekna ut på om ein tur ein vil trenge hjelp frå denne personen mange eller få gongar



i framtida. Ettersom dei dansar mykje på Cuba ynskte eg å ta privat timar i salsa under feltarbeidet. Men danselæraren eg snakke med ville ikkje gje meg ein fastpris for timane og eg søkte derfor råd hjå Tina for kva som kunne vere ein passende timespris. Ho meinte at viss eg skulle ha mange timar i veka, burde eg betale tre dollar for ein dobbel time, men viss det berre var nokre gongar i månaden ville fem seks dollar vere meir kurant. Dette tolkar eg dithen at eg skulle gje han så mykje pengar at eg var sikker på at han ville hjelpe igjen viss eg spurte, sjølv om det berre vart nokre få gongar i månaden. Viss eg derimot ville ha mange dansetimar måtte eg ta hensyn til mine igjen økonomi, og at læraren fekk så mykje at han hadde ei grei inntekt på dette.

## VENNEGÅVER

Hittil har eg vist korleis gåver vart gitt for å få mottakaren til yte ein betre servise, gjere noko som eigentleg var utanfor reglementet eller takke personen for hjelpa. Vidare i kapitelet vil eg fokusere på gåvene som blir gitt mellom venner, der gåvenes verdi i motsetning til stimuleringsgåvene og takkegåvene er lav. Venner og kjenningar brukte å hjelpe kvarandre med å utføre ulike reperasjonar eller gjere kvarandre små tenester, slik som vi såg før i kapitelet at Pedro skylda sin kollega ei teneste etter at han hadde introdusert Pedro til sin venn tannlegen. Denne tenesta vart seinare gitt tilbake ved at Pedro som arbeidde på universitetet introduserte kollegaen og dottera til sekretariatet ved universitetet når ho skulle innskrivast.

Eg la merke til at det kunne gå lang tid mellom kvar gong vener ba kvarandre om hjelp, og at verdien i teneste vener ytte kvarandre ikkje nødvendigvis tilsvarte kvarandre. Dette står i sterk kontrast til stimuleringsgåvene som vart gitt hjelpa vart gitt, eller takkegåvene som kom seinast eit par dagar etterpå. I følgje Rosendahls funn ville vener på Cuba "allow themselves to exchange less symmetrical gifts, while looser acquaintances must follow more timely and symmetrical patterns in the gifts exchanged" (1997: 42). Der ho grunnar dette med nærleiken mellom den sosiale relasjonen: "when the economic aspect is more important, the repayment is swift and the gift is expected to be equivalent in value to the gift that is given" (1997: 42). I motsetning til vennegåvene der "the social aspect is the vital component, the gifts can be less equivalent in value, and the interval before repaying can vary greatly" (Rosendahl 1997: 42).

Dette kunne eg også legge merke til, særleg i situasjonane der personane fall mellom kategoriane å vere vener eller kjenningar. Det er sjølvsagt ein gradvise overgang i alle desse

relasjonane og kva type gåve som vert gitt, der det ofte er ein fin balansegang mellom ei vennegåve og ei takkegåve. Der forskjellen ligger i prisen og materialet til gåva, og kor mykje hjelp mottakaren yter i forhold til verdien av gåva. Joaquin var redd for at Max ikkje kom tilbake, viss han viste han verdsette arbeidet til Max gjennom å gje han ei takkegåve. Då ville Max ha følt seg dårleg behandla av Joaquin, men også det motsette problemet kan oppstå. Der den som gir hjelp får ei fin takkegåve, men ikkje kjem fort nok tilbake for å hjelpe til meir. Viss Max hadde fått ein fin shorts og kanskje ei t-skjorte, og det tek fleire dagar før han kjem for å hjelpe, sjølv om han hadde blitt spurt, så er dette dårleg åtferd. Kort sagt ligger det ein balanse gang mellom type sosial relasjon, ven eller kjenning, i forhold til det økonomiske aspektet av kor snart ein bør komme med ei gjenyting.

Ledeneva hevdar i boka *Russias Economy of Favours* at tenestene som russarane utvekslar mellom i sine nettverk, ikkje kan målast opp mot kvarandre, eller bestemmast til ein viss verdi. Tenestene blir derimot gitt etter den enkeltes behov (1998: 3), og byggjer vidare på Campbell når ho hevdar at det derfor er vanskeleg å måle dei opp mot kvarandre: "reciprocal favours are so different in quality that accountancy is difficult" (Campbell 1977: 254 i Ledeneva 1998: 3). Eg vil hevde at tenester blant venner er meint som ei gjensidig hjelp: "reciprocity demands adequacy of response not mathematical equality" (Polyani 1957: 73). Slik eg tolkar Polyani her, er at det ikkje er viktig kva som blir ytt som gjenteneste, eller kva som blir gitt som gåve tilbake. Det som er det viktigaste i denne relasjonen er at det kjem til å bli gitt noko tilbake, der heile vennsksapsrelasjonen byggjer på dette. Viss ei gåve ikkje vert tatt i mot då eller ei ny gitt tilbake med ein gong, kan dette sjåast på som mangel på ynskje å ha eit vennskap med den andre (Mauss 2001:15). Rosendahl hevdar at "repayment is extremely important. The person who does not repay is excluded from the relationship, or nonpayment is taken as a sign that he or she wants out" (1997: 42). På same måte som at mangel på gjenyting medfører at vennskapet tek slutt kan gåvegiving også vere starten ein vennsksapsrelasjon "Acquaintances may build a friendship through their mainly economic reciprocity" (Rosendahl 1997: 42).

Emilio ein rørleggar i midten av tredve åra, utførte nokre reparaasjonar i huset vårt. Nokre veker etter desse vart avslutta viste det seg at nokre rør måtte bytast i ein anna del av huset, og han vart på nytt spurt om han kunne komme å hjelpe. "Sjølvsagt kan eg komme" svarte han men gav også utrykk for at viss vi betalte for hans hjelp, ville han bli fornærma og aldri komme tilbake. Eg tolkar dette som at han gjerne ville hjelpe oss fordi vi var hans venner, og venner fastset ikkje ein pris på hjelpa dei yter til kvarandre, dette samsvarar med erfaringane Ledeneva fekk i Russland: "People often provide favours in anticipation of some

return favours in order to create a certain image: 'no need to pay, it is a sign of friendship, no calculations between friends, I could be in the same situation myself, one day you'll prove useful'" (1998: 41). Med andre ord ville det å gje Emilio pengar ville vere det same som å seie at vi ikkje ville vere venner med han. For mellom venner er det ikkje vanleg å kalkulere eller kvantifisere hjelpa ein får frå kvarandre, men ein hjelper kvarandre etter evne og den vennens behov. Når Emilio fortel at han ikkje ville ha betaling var dette ein måte å seie at han gjerne vil vere venner med oss. Viss vi hadde insistert å betale han for arbeidet hadde vi sett ein "pris" på arbeidet hans, i motsetning til å delta i denne utvekslinga av tenester. Meir eller mindre samstundes med at dette skjedde, bad Emilio om å låne sykkelen av oss, alt frå nokre timer opp til ein dag. Ikkje berre dei dagane han hjelpte oss i huset men det kunne også vere andre dagar der han berre kom innom og spurte om å få låne ein sykkel.

Nokre dager etter at Emilio hadde sagt dette, har Rosalia på seg nye øyreringar, ho fortel at ho hadde introdusert nokre naboar til ein ven av seg, og at ho etterpå hadde fått desse øyreringane i gåve. Ho trekker på skuldrane å seier at denne gåva var i hennar uage heilt overflødig sidan ho hadde sett på naboane som sine vener. Men i og med at naboane kom å ga denne gåva som takk for hjelpa, viser det at ho og naboane ikkje er heil overeinstemt med kva relasjon som er mellom dei. Der naboane igjen kjenner dette som ein mellom kjenningar og synes det er på sin plass å komme med ei takkegåve, trudde Rosalia at dei var på meir vennskapeleg fot. Derfor hadde ho ikkje forventa ei gåve tilbake, men at ho hadde ein uteståande teneste hjå desse naboane.

Alle desse tenestene som blir bytta mellom vener og kjenningar kan i følgje Granovetter verte sett på som "an elaborate system of exchanging favours" (Granovetter 2007: 163). At Emilio reparerte og fiksa ulike rør i huset for oss utan å ville ha betaling for dette var for oss svært verdifullt, og kunne økonomisk sett fort ha blitt ganske dyrt. For Emilio derimot var det at han kunne låne sykkelen svært fordelaktig fordi han sjølv ikkje hadde tilgang på sykkel eller umiddelbare midlar til å kjøpe seg ein sykkel. For Emilio og for oss var dette eit verdifullt bytte av tenester, som vi ikkje kunne måle i verdi opp mot kvarandre. Vi haldt heller ikkje rekneskap med kor ofte han lånte sykkelen i forhold til kor ofte han hjelpte oss. Dette var heller ikkje relevant, det som var viktig var at vi hjelpte kvarandre gjensidig.

Granovetter hevdar at "Exchange of favours among equals [...] typically is embedded in expectations of a continuing relation, and this is one reason the exchange of favours can be carried out without definite expectations of the timing and nature of reciprocity. This affords

considerable flexibility to the exchange process” (2007: 160). Med andre ord er det ikkje kva som vert utveksla blant venner som står i fokus eller er viktig, men at det vert utveksla noko som er viktigast. Eg la merke til at cubanarane også gav sine venner gåver, men då var desse veldig billige. I følgje Rosendahl har dette noko med gåvas formål eller mål å gjere: ”the monetary value of the articles, goods and services subsumes a subordiante role to the creation and maintenance of social relations” (1997: 41). Kva som vert gitt i gåve mellom hushalda er altså ikkje av så stor tyding som at utvekslingane av tenester og gåver var med på å oppretthalde den sosiale relasjonen.

Manuelito, ein elektrikar i slutten av tjueåra, bytta nokre gamle leidningar i huset for oss. Etter at han var ferdig med dette kom han likevel jamleg innom på besøk. Nokre gonger tok han med seg frukt og grønnsaker, som han overrekte meg som ei lita gåve. Gjennom desse gåvene og alle besøka gjekk han meir og meir frå å vere ein kjenning til å verte ein venn. På grunn av frukta og grønnsakene Manuelito hadde med seg til oss, fekk han eit påskot til å kome på besøk. Vi slo av ein prat over ein liten kopp søt espresso og snakka omlaust og fast. Desse små gåvene han hadde med seg, hadde med andre ord den funksjonen at dei skapte og forsterka vennsapsrelasjonen (Rosendahl 1997: 41). Det at han hadde med seg frukt og grønnsaker gav han derimot eit påskot til å besøke oss regelmessig. I utgangspunktet var vi berre kjenningar og som kjenning ville det vere litt rart at han kom innom så mange gonger, for dette er vanlegast blant venner.

Samstundes var desse gåvene også ein objektiv måte å vise at han sette pris på vårt vennskap og var glad i oss. Han ville hjelpe til å skaffe mat i hushaldet, då især frukt som eg var glad i, utan at han nødvendigvis ynskte eit særskild vederlag, anna enn tenester som ein vanlegvis yter til sine venner. Av og til kunne han også spørje om å låne ein sykkel eller eventuelt om å få låne stigen.

Cubanarane la vekt på å vitje regelmessig, sjølv om det ikkje nødvendigvis var for å be om ein teneste kvar gong. På denne måten er det mogleg å oppretthalde og styrke den venskaplege relasjonen, og ved ei seinare høve be om hjelp. Fleire gonger var eg vitne til at mangel på slik gjesting resulterte i bebreidingar om å ikkje vere glad i denne personen lenger. Det å hamne utanfor slike relasjonar medførte ikkje berre at ein mista tilgang på ulike matvarer men også tilgangen på informasjon og kunnskap. Til dømes såg min ektemann under eit slikt besøk eit vann filter kjøpt i Havanna, som ikkje var selt i butikkane i Cienfuegos og som han derfor ikkje visste eksisterte eller kunne kjøpast på Cuba, før han såg det hjå dei. Etter at vi fekk vite kvar dei hadde kjøpt det og gjennom kven vi kunne kjøpe filteret, gjekk vi også til anskaffing av dette, og personar som kom på besøk til oss ville gjerne vite kvar vi

hadde fått dette ifrå. Dette er eit godt døme på kor mykje viktig informasjon ein kan få gjennom nettverka. Ein kunne nesten gå ut i frå, eller forvente at ein del informasjon var vanleg, men på Cuba er det stort sett mangel på det meste. Så informasjon frå andre kan gjerne føre til at ein finner mange produkt som er nyttige. Maritsa erkjende ein gong overfor meg at ho alltid serverte kaffi som ho hadde kjøpt på svartebørsen for dollar. For henne var det viktig å servere god kaffi så folk kom ofte innom og slo av ein prat, for relasjonane ho kunne byggje til andre personar gjennom dette, veide opp for det som kaffien kosta å kjøpe.

Rosendahl hevdar at ”reciprocal relationship most people keep up with their neighbours”, dette stemde til ein viss grad også med mine funn (1997: 45). Vi delte jamleg frukt og grønsaker med dei naboane vi var vener med, fordi vi var vener men ikkje fordi vi var naboar. Altså dei personane som vi hadde mest kontakt med og tillitt til, i praksis eit fåtal av familiane i vårt nabolag, og grunnen til dette var mangel på tillitt, noko som eg kjem tilbake til i kapitel fire.

Gåvene som vi fekk eller gav var alltid matvarer, anten kjøpt på marknaden, på ærend utanfor byen eller voks i eigen hage. Når vi hadde nokre til overs gav vi vekk og når andre hadde til overs fekk vi frukt og grønsaker med dei. Det er desse gåvene som vart gitt mellom venner, som ofte hadde uteståande tenester hjå kvarandre, eg kallar vennegåver. Kjenneteikn på desse gåvene er at det stort sett er matvarer, helst kjøpt for pesos og blir gitt til venner ein stoler på. Det å dele denne frukt av å lage juice av den som ein drikker i lag, eller berre drikke kaffi saman medfører at ein må bli bedt inn i huset. Heilt ukjende personar blir heller ikkje bedt inn i huset på denne måten heller, fordi huset er ein privat sfære for familien. Arenaen der ein omgås med kjenningar er stort sett gata, eller den yttarste delen av huset.

Granovetter målte intimiteten i eit vennskap gjennom resiprositeten, jo fleire gåver som vart gitt til sterkare var vennskapen dei i mellom hevda Granovetter (Granovetter 2001:1361 ). Eg vil hevde at dette må modifierast for å passe til den cubanske gåvegivinga. Målestokken for kor sterk vennskapen er, er avhenging av typen gåver som ein gir til kvarandre og ikkje kor ofte dette skjer. Stimuleringsgåvene var dei gåvene som var dyrast, og gitt til ukjende personar i byråkratiet, mens gåvene som vart gitt til dei næraste vennane kunne vere grønsaker frå eigen hage. Eg vil hevde at grunnen til at cubanarane unngjekk å gje dyre gåver til kvarandre, var for å legge vekt på at det var eit vederlagsfritt venskap. Når cubanarane gav dyre gåver eller dollar var dette for å skape ei plikt til å få noko tilbake, det vart lagt vekt på at mottakaren skuldar givaren ein teneste. Det er forskjell på å avsjå tre fire poteter enn tjue dollar som tilsvarer ei heil månadslønn eller bensin som kan vere både vanskeleg å få tak og dyr. Ut frå dette vil eg hevde at skilet mellom gåvene som blir gitt blant

venner til nasjonale pesos, og gåvene kjøpt for dollar som blir gitt til menneskjer i helsevesenet og i byråkratiet, har samanheng med dei ulike konnotasjonane som blir tillagt dei to økonomiane. Der pesos er vanleg og cubansk mens det som blir selt for dollar er ”luksusvarer”, ofte importer og derfor meir gilde gåver. Til gildare eller dyrare gåvene er til større forventningar har givaren til mottakaren om ei attyting, og desto større er forpliktelsen til å gjengjelde og det går jo mot prinsippet om å ikkje føre regnskap med kva ein skylder kvarandre i tenester som ikkje venner gjere med kvarandre. Venner hjelper kvarandre i vanskar og nød. Ved sjukdom kjem venner gjerne på besøk, der forskjellig mat i gåver til familien, for å vise at dei bryr seg. Dermed hjelper venner til å skaffe mat til hushaldet når ein av medlemmane i hushaldet ikkje sjølv så lett kan skaffe denne. Her igjen ligger forventninga om at andre hushald kjem til å hjelpe ein viss ein kjem i ein liknande situasjon, fordi hjelp er hjelp (*ayuda es ayuda*)(jf: Ledeneva 1998 :33)

Andrés hadde ein båtmotor som måtte reparerast Alejandro, og ein ettermiddag gjekk vi saman til før å sjå om han kunne hjelpe. Alejandro var først veldig motvillig med å hjelpe og sa at han hadde mange andre båtmotorar han skulle ha gjort noko med. Andres og Alejandro snakka litt meir fram og tilbake og under samtalen kom det fram at Alejandro eigentleg ville få måle huset sitt innvending. Problemet hans var at han ikkje fekk tak i eit stilas slik at han kom opp under taket og fekk måle taket og veggane høgst oppe. Andrés tilbydde seg å finne eit stilas mot at Alejandro fiksa båtmotoren i løpet av nokre få dagar. Alejandro vart kjempe glad over dette kompromisset, og fortalde at han i fleire månadar hadde leitt etter nokon som hadde eit stilas til å låne ut. Alejandro hadde sett fleire stilas i bruk i hus og spurt om å få låne det etterpå, men det hadde alltid vore nokon andre som skulle låne det, og han hadde ikkje hatt nokon som kjende ein person med tilgang på stilas. Ei heller til dei som hadde stillaset, Alejandro hadde tilbudd dei mykje pengar og blitt sint men ikkje noko hadde hjulpe. Andrés berre trakk på skuldrene og sa hjelp er hjelp (*ayuda es ayuda*). Andrés må fortsatt betale for reparaasjonen av båtmotoren men har sikra seg at Alejandro reparerar hans motor først, fordi han også fekk ei viktig teneste med Andrés som skaffa han eit stillas til låns.

Det er altså mogleg å oppsummere med at stimulerings gåvene og takke gåvene vert gitt i høve ein bestemt gjerning, og kan verte sett på som det som Sahlins definerar som balansert resiprositet. Det liknar eit kjøpt og sal i den forstand at det vert gitt til eit særskild høve, men likevel oppstår ein moralsk forpliktelse for å hjelpe., som ikkje kjem ved vanlege kjøp og sal. Vennegåver vert gitt blant venner for å styrke vennskapen i seg sjølv. Desse vert ikkje gitt, for å opprette ei plikt, fordi denne plikta allereie eksisterar, dei vert heller gitt for å forsterke og

reprodusere vennskapen. Vener kan gjerne ha hjulpt kvarandre fleire gongar med tenester av ulike sal før dei gir kvarandre ei gåve. Dermed står dei allereie i ei udefinerbar gjeld til kvarandre, som karakteristisk for den generelle resiprositeten i følgje Sahlins (Eriksen 2001: 230). Dette synet for også stønad frå Olivier de Sardan som hevdar at det personlege nettverket er eit system av ein generalisert resiprositet (1999: 41).

Vidare forskjellar mellom desse gåvene og deira tyding kjem eg tilbake til i konklusjons kapitelet.

### **GÅVER ELLER BETALINGAR (UN PAGO O UN REAGLO)?**

Til no har eg gjort greie for ulike typar gåver som blir gitt etter med ulike hensikter og formål. Gåvene som den cubanske staten gir innbyggjarane skulle vere med å forme ein ny mentalitet, skape eit egalitært samfunn der alle har like moglegheiter, og gi cubanarane ei sterkare tilhøyrighet til samfunnet. Stimuleringsgåver vart gitt til menneskjer ein ikkje kjende, for å få dei til å gjere noko som dei elles ikkje ville gjort. I denne gåva er den økonomisk verdien viktig, blant anna fordi alle har behov, og verdien av gåva er den delen som er medverkande til å oppmuntre mottakaren. Takkegåver er gåvene som skal takke for hjelpa og skape ein sjølvstendig relasjon mellom givar og mottakar som kan aktiverast seinare utan å involvere denne tredje personen.

Blant venner har givar og mottakar ein mykje større fridom når det gjeld å komme med ei tilbakekyting eller ei form for hjelp. Her blir det lagt stor vekt på vennskapen, der ein freistar å hjelpe kvarandre utan å ha økonomiske avrekningar inne i biletet. Med andre ord vert det i venskaps relasjonane ikkje spekulert i å gjere ei teneste for å ta i mot ei gåve, slik som ofte skjer mellom kjenningar.

Innleiingsvis i kapitelet viste eg korleis cubanarane gjekk til venner og kjenningar når dei trengde hjelp til å finne ulike typar varer eller til å få hjelp frå ein lege, eller ein reparatør. Kort sagt var ein persons moglegheiter til å løyse eit problem avhengig av personane han kjenner: Ved fleire høve i kapitelet viste seg at det var naudsynt å gje stimuleringsgåve til personar, for å få ukjende personar til å yte ein ekstra servise. I nokre tilfeller kunne felles kjenningar vere nok til å få dette, og då var det vanleg å gje gåver i etterkant, for å vise at ein sette pris på dette ekstra arbeidet som var blitt gjort. I dei tilfella ei stimuleringsgåve må verte gitt for å få hjelp, kan dette verte sett på som å ”kjøpe” denne tenesta eller denne hjelpa, ei

handling som ofte vert rekna for å vere korrupsjon(1999: 41). Det er akkurat dette eg vil sjå nærare utover i kapitelet, er alle desse gåvene som blir gitt ei form for korrupsjon. Eller er det berre å løyse eit problem på ein litt annan måte enn det dei andre medlemmane gjere gjennom bytte av tenester kombinert med litt gåvegiving? (Olivier de Sardan 1999: 41).

For å kunne avgjere om delar av gåvegivinga på Cuba kan forståast som korrupsjon tek eg utgangspunkt i Scheppeles definisjon: "Corruption is usually taken to refer to a practice in which someone violates the norms of a social setting by substituting self-interest and self-dealing for a socially defined responsibility to do something else" (1999: 511). Korrupsjon er med andre misbruk av tilliten og pengar til allmennheita, fordi pengane vert nytta til å fremje eigne interesser i staden for det førehands bestemte målet (Scheppele 1999: 511). På Cuba er det staten som rår over ressursane som lit på at dei tilsette skal følgje planøkonomien, og utføre arbeidet på den måten som gagnar staten best. Ifølgje Ché Guevara dette ville vere å arbeide mykje dugnadstimar for revolusjonen, som står i sterk motsetning til arbeidsmoralen som no rår på Cuba der det særleg er den yngre generasjonen som set spørsmål ved den private oppofrelsen. Vidare hevda informantane mine at det å stele frå staten var noko som "alle" gjere, ettersom det var umogleg å leve berre på statens lønn. Derfor såg cubanarane seg nøydde stele varer frå staten til sal eller utførar reperasjonar til vener, kjenningar og kontaktar. Både fordi dei sjølve trengde pengane og dei som kjøper desse varene og tenestene i like stor grad har behov for dei på grunn av statens manglande ytingar. Fordi statens reglement var for rigid til å etterkomme alle personlege behov, vart nettverka ein måte å oppfylle personlege ynskjer på. Der medlemmane freistar å utveksle varer og tenestar etter andres individuelle behov, viss dei evna til å gjere dette.

Ofte er det lettare å etterkomme ynskjer og behov frå vener, kjenningar og kontaktar både fordi ein sjølv vil få noko tilbake anten som ei stimulerings- eller takkegåve eller ha ein teneste til gode. Dessutan er det også slik at: "People have hearts; institutions do not. Those you know and love help to fulfill material interest, while the apersonal forces of the state are unrelaible at best and an obstacle at worst" hevdar Fernández (2000: 29). Cubanarane vil altså før hjelpe eigne vener og kjenningar, enn å vere lovlyding og pliktoppfyllande mot staten, som kan grunnast med at relasjonane til desse er både nærare og fastare. Medan staten vert ein litt abstrakt storleik og Fidel ei personifisering av samfunnsproblema som har kome med sosialismen, plikta cubanarane kjennar overfor staten minkar også i takt med dei mangelfulle ytingane gjennom dei siste åra.

Scheppeles funn frå sosialistiske land tilsa at: "The private sphere was the space of strong ethics, but the strong ethics of these informal economies had nothing to do with the



normatively bankrupt public world of the official ideology” (1999: 518). Ut frå dette forstår eg den private sfæren som den mellom venner og kjenningar som bygde på plikta til å hjelpe kvarandre. Når denne ikkje vart etterfølgt slik som den skulle kunne dei gjerne kritisere kvarandre for dette, ved høve der gåvene som vart gitt ikkje stod i forhold til hjelpa vennen eller kjenningen måtte yte. Eller at gåva var ganske stor i forhold til det initiativet vennen deretter tok for å hjelpe til. Kort sagt er pliktene ein følgjer og har i det uformelle systemet mykje sterkare enn offentlege systemet altså i forhold til staten. Der Scheppele hevdar at: ”Social relations are deeply moral, but through the attachments to specific individuals who are in the in ones network rather than through respect for abstract positions or abstract rules of conduct” (1999: 532). Plikt følelsen overfor Fidel kan ikkje måle seg med den følelsen cubanarane har overfor venner og kjenningane som er sjølve sikkerheita for å overleve i ein kvardag der det kan oppstå hundre problem. For å kort oppsummere er det mogleg å hevde at det ikkje finnast korrupsjon på Cuba fordi det å nytte statens ressursar til eige formål er ikkje eit brot på ei felles norm, og utan brot på ei felles norm kan det heller ikkje føreligge korrupsjon i følgje Scheppele (1999: 532). I følgje Henken , medfører cubanarane sine private initiativ, altså å det nytte ressursane til den cubanske staten, til eige formål og økonomisk vinning lite sosial stigmatisering (2005: 369)<sup>22</sup>Som igjen viser til at cubanarane ikkje der på dette som korrupsjon ettersom ingen moralske plikter vert brotne. Når cubanarane nytte ordet ”korrupsjon” (*corrupción*) var det i samtalane med meg fordi eg var utanlandsk (*extranjera*). Mens dei seg i mellom meir hadde ein forståing om at alle på Cuba hadde behov og at ein måtte hjelpe kvarandre så godt ein kunne, fordi dei aller er fanga i revolusjonen.

Først og fremst var det venner og kjenningar ein var pliktig til å hjelpe og derfor måtte gjerne små gåver eller ”pakker” gjevast til ukjende personar fordi dei også behøvde hjelp. ”The payment of bribes indicates that those who pay are outsiders to the networks and have to pay a premium for being allowed the favours that would come as a matter of course to insiders” (Scheppelle 1999: 531). Fordi givaren gjennom denne gåva ikkje får ei rettfærdig behandling ”fair treatment”, men fordelsmessig behandling, ”favorable treatment” (Scheppelle 1999: 531).

Gjennom kapitelet viste eg at stimuleringsgåver vert gitt til ukjende personar ,for å stimulere mottaktaren til å utføre noko som han ikkje er pliktig til å gjere verken frå eit statleg

---

<sup>22</sup> The use of public office for private advantage is not always widely perceived in a given society as corrupt. Particularly if an individual making personal gains simultaneously making a positive contribution to the society, many will see such actions as at least acceptable and sometimes even a 'just' reward (Friedrich 1966:74-5 i Ledeneva 1998: 42).

synspunkt eller relasjonell ståstad. I forhold til staten fordi dei fleste følte liten plikt mot denne, og heller ikkje relasjonelt fordi ein ikkje hadde felles vener eller kjenningar. Dermed kan ein sjå på gåva som ei erstatning for ein venskapsrelasjon som skal fordre ei betre behandling som alltid vert gitt til vener og kontakter, personar innad et same nettverket. Ein praksis som vert kalla kameraderi (*sociolismo*), som eg kjem tilbake til i kapitel fem.

Det som er viktig å legge merke til er at det dermed ikkje er sagt at det ikkje finnast moralske å rette seg etter i samfunnet, i dette kapitlet nemnde eg kva som var ein ”skitten forretning” (*negocio sucio*).

I neste kapitel vil eg sjå vidare på moglegheitene for dette ut frå korleis ein oppfører seg i det offentlege rom. Eit nettverk er ikkje gitt ein gong for alle men må stadig oppretthaldast, då kan det også vere andre ting som er avgjerande for å lukkast enn det å gje gåver.





## KAPITEL 4

### **RYKTE, SLADDER OG TILLIT:**

#### **AVGJERANDE FOR EIN CUBANARS NETTVERK OG KAPITAL.**

Tidlegare i oppgåva har eg vist korleis cubanarane nyttar venner, kjenningar og kontaktane dei har, til å få tak i matvarer, løyver, maskiner, verkty, bil delar, eller få utført reparaasjonar. Særleg etter at Spesial Perioden i fredstid starta i 90 åra, vart det vanleg å skaffe ting som ikkje vart solgt i butikkane gjennom nettverket sitt. Til fleire venner, kjenningar og kontaktar ein hadde, desto enklare var det å få tak i varer som berre kunne skaffast via svartebørsen (*por la calle*). Kort sagt gjorde forenkla nettverket den usikre kvardagen (*donde nada es seguro*) For cubanarane var det derfor ubeskriveleg viktig å oppretthalde alle sine sosiale relasjonar og å knytte til seg nye personar, som kunne gje hjelp i framtida. Eg la merke til at cubanarane strategisk knytte nye sosiale relasjonar ettersom personar dei vart presentert til såg ut til å vere potensielt nyttifulle kjenningar og kontaktar. Anten på grunn av dei hadde eit yrke som gav dei naturleg tilgang på knappe ressursar eller fordi dei gi tilgang på løyver som ein ikkje hadde rett på.

Når det er sagt, så viste det seg på same tid at nye kjenningar og kontaktar vert valde med omhug. I sær når det gjaldt å omgås med personar utover det som normal høflegheit tilsa. Det vil seie at dei ikkje vart invitert lenger inn i huset enn det yttarste rommet, og berre utveksla høflegheits fraser i motsetning til å diskuterte personlege problem eller andre si åtferd saman lenger inne i huse.

Dei personane som ein unngjekk å knytte eit sterkare relasjonar til var personane som var kjende for å ha eit dårleg omdømme og det florerte historier og rykte om deira mindre flatterande åtferd. Korleis ein personen oppførte seg på gata, det vil seie korleis han eller ho gjekk kledd, kven dei var saman med, var avgjerande for å lukkast med å få nye kontaktar. Eller det å opprette relasjonar til personar det verka som ein kunne trenge å få hjelp frå i framtida. Som innfallsvinkel til å forstå kva som verkar avgjerande i å lukkast med å knytte nye relasjonar, vil eg nytte Bourdieu og hans kapital omgrep.

I følge Kim Esmark opnar Bourdieus kapital begrep for ein ny metode der ein systematisk kunne beskrive korleis ”nedarvede kulturelle goder er med til at definere forholdet mellom forskjellige sosiale grupper og agenter og bægrense og regulere deres

handlemuligheter på same måte, som fordelingen av traditionel økonomisk kapital” (2006: 88). Bourdieu hevdar at kapital finnast ”i tre fundamentale skapnader, (som kvar har sine underformer), nemleg den økonomiske kapitalen, den kulturelle kapitalen og den sosiale kapitalen” (1986g i Bourdieu & Wacquant: 1995: 104). I tillegg finst det også ein symbolsk kapital, som er den evna eit menneskje har til å ”utnytte de andre kapitalformene og til å omsette kapital til andre former for verdi – f.eks. moral” (Wacquant 1998 i Wilken 2008: 39).

Den økonomiske kapitalen er summen av pengar og den egedomen ein person rår over (Bourdieu 1986: 98). Mens kulturell kapitalen er den ”kulturspesifikke kompetanse som kan omsettes til en ressurs i en bestemt sosial samanheng” (Bourdieu 1983/86: 241 i Wilken 2008: 56). Dette er både personens legitime kunnskap og hans utdanning og kompetanse. (Bourdieu 1983/86: 242 i Wilken 2008: 39). Dette gjere at den kulturelle kapitalen er både kroppsleg og materiell, med andre ord kan den konsumerast gjennom litteratur, kunst, film, teater og musikk. Dessutan er det også ein innebygd ”estetisk sans” eit menneskje har til ”å sette pris på bestemte former for materialitet” (Bourdieu 1979/84: 228, 1983/86: 242 i Wilken 2008: 39, 56). Fordelane ein person har, som medlem i eit personleg nettverk og kontaktane han har, er hans sosiale kapital (Wilken 2008: 56). Vidare beskriver Bourdieu sosial kapital som:

*”summen av ressursar, anten desse er aktuelle eller moglege, som eit individ eller ei gruppe forvaltar ut frå det forholdet at individet eller gruppa rår over eit varig tilfang av relasjonar, kjennskapar og gjensidige anerkjenningar som er meir eller mindre institusjonaliserte, det vil seie summen av kapital og makt som kan mobiliserast ut frå eit slikt tilfang” (Bourdieu & Wacquant: 1995: 104).*

Den sosiale kapitalen til eit individ er altså dei ressursane han har tilgang på, gjennom nettverket han er medlem av. Det vil seie kven han er i slekt med, har som venner, kjenningar og det Granovetter kalla ”strong weak-links”. I det cubanske tilfellet er tilgangen på ressursar også særleg avhengig av yrket desse personane har, fordi dei gjennom sitt yrke til dømes kan skaffe sine venner, kjenningar og kontaktar løyver som desse ikkje har rett på. Eller fordi yrket deira gir dei tilgang på sjeldne varer som gass og bildekk, som dei kan selje vidare. Altså kan medlemmane i nettverket skaffe kvarandre mykje verdifulle ressursar, eller viktig kunnskap i høve reparasjonar av maskinar, bilar, elektriske artiklar. Eller fagområde bygg og konstruksjons arbeid. Dette ser eg på som summen av kapital Bourdieu, hevdar det er mogleg å mobilisere i det personlege nettverket.

Det er viktig å legge merke til at ein persons nettverket, ikkje er gitt ein gong for alle. Relasjonane til andre menneskje må kontinuerleg opprettast og reproduserast (Bourdieu 1986: 103):

*”The network of relationships is the product of investment strategies, individual or collective<sup>23</sup>, consciously or unconsciously aimed at establishing or reproducing social relationships that are directly usable in the short or long term, that is, at transforming contingent relations, such as those of neighbourhood, the workplace or even kinship, into relationships that are at once necessary and elective, implying durable obligations subjectively felt (feelings of gratitude, respect, friendship, etc.) or institutionally guaranteed (rights)”(1986: 103).*

I følgje Bourdieu kan gåvegiving vere med på å oppnå dette, fordi denne både fremjar, forutset og skapar ei gjensidig gjenkjenning blant medlemmane i nettverket (1986: 103).

Ein persons moglegheiter til å auke sin sosiale kapital beror på hans økonomiske og kulturelle kapitalen (Bourdieu 1986: 103, Wilken 2008:56). Ettersom økonomiske kapital må nyttast til å reprodusere, og knytte nye kontaktar gjennom gåver. Vidare hevdar Bourdieu at gåvegivinga ”transforms the things exchanged into signs of recognition and, through the mutual recognition and the recognition of group membership that it implies re-produces the group” (1986: 103 - 104). Slik eg forstår Bourdieu her, hevdar han at personane i ei gruppe set pris på den same forma for materialitet, der gåva vert eit uttrykk på deira smak. I følgje Wilken hevdar Bourdieu at det er smakspreferansar forbinder menneskja som kjem frå det same miljøet, og skilje ut dei som har ein anna bakgrunn (Wilken 2008: 57). Med bakgrunn i dette vil eg hevde at personane med den same smaken, vil også ha ganske like oppfatningar for kva som er passande og upassande åtferd (Wilken 2008: 58). Dei delar med andre ord ei viss ”innebygd erkjenning av [dei same] verdiane” og gir kvarandre anerkjenning for dette (Bourdieu & Wacquant: 1995: 102). Utan denne gjensidige gjen –og anerkjenninga er forutsetninga for å vere i det same nettverket borte. Kort sagt kan ein person ikkje verte medlem av eit nettverk viss han ikkje har ein kapital som dei andre medlemmane i nettverket ser på som betydingfullt (Wilken 2008: 48).

Storleiken til nettverket er avhengig av kjennskapen og anerkjenninga medlemmane har til kvarandre (Bourdieu 1986: 103, Granovetter 1973: 1374 ). Etter mine erfaringar vil eg også hevde at storleiken til nettverka er avhengig av den tilliten medlemmane har til kvarandre. Derfor vil eg i dette kapitelet rette søkelyset mot kva er det som gir anerkjenning og tillitt blant medlemmane i nettverket? Kva underformer for kapital finnast på Cuba, og

---

<sup>23</sup> Sjå for øvrig også Caldwell 2004.

korleis spelar desse inn på nettverksbygginga? Betyr dette at det er andre aspekt enn gåvegivinga som er årsaka til å lukkast med å skape nye relasjonar?

Mange av samtalanene eg førte med informantane mine, handla om åtferda til felles kjenningar. Kva dei hadde sagt, gjort eller kven dei var blitt sett saman med, og på bakgrunn av denne informasjonen fekk kjenningane eit godt eller dårleg omdømme, Eg ynskjar her å sjå nærare på implikasjonane dette har. Korleis aukar moglegheitene for å profittere seg på sosialkapital med mengda av økonomisk og kulturell kapital på Cuba? Det vil seie korleis var moglegheitene til å konvertere økonomisk eller kulturell kapital til sosial kapital avhengig av personens åtferd, utdanning, gode namn og rykte?

Ein del av kapitelet vil også vere vigd til å forklare ryktespreiinga og sjå nærare på grunnane denne kan ha.

## **STRATEGIEN BAK PERSONLEGE NETTVERK**

I kapitel tre viste eg korleis personar hjalp ein venns venn eller kjenning, på grunn av det som Caldwell nemnde ”a personal sense of obligation to provide assistance” (Caldwell 2004: 85, Granovetter 1973: 1362). Olivier de Sardan hevdar at alle menneskjer, som medlem av eit nettverk, er forplikta til å hjelpe dei andre medlemma. Derfor er det ikkje mogleg å stille seg avvisande til “a service, a favour, a bit of string-pulling or compliance to a relative, neighbour, party comrade or friend. Nor ought one to refuse the same to someone who is ‘sent’ by any of the above” (1999: 40). Dette er ei gjensidig plikt som knyt medlemmane i nettverket tettare saman, men også gir kvar person større sosial kapital (1999: 40).

Ein persons sosiale kapitalen er altså fordelane han får ved å vere ein del av eit personleg nettverk (Wilken 2008: 56). Ser ein nærare på kva fordelar cubanarane får gjennom sitt nettverk og sine kontaktar er det to ting som skil seg ut. For det første gir nettverket stor tilgang på varer og tenester som det ikkje er mogleg å skaffe på andre måtar enn venner og kjenningar. Dei same forbindelsane meddelar også viktig informasjon. Om andre folk sitt liv og virke, kven som sel ei sjeldan vare eller leiger ut særskilde verkty.

Granovetter hevdar at vennane som er i det same nettverket i stor grad berre omgås med kvarandre og derfor i overvegande grad delar den same informasjonen. Derimot kjem kjenningar og kontaktar av typen ”strong weak ties”, frå andre nettverk, og kan komme med nye og spennande informasjon. På Cuba kan denne informasjonen handle om ein person i deira nabolag for tida sel bensin eller kvit måling, eller det kan vere informasjon om åtferda til andre personar. Eittersom ein meir eller mindre kjenner kva som vert selt i nabolaget kan



samtaler kjenningar og kontaktar gje kjennskap til personar som sel varer som ein ikkje har fått tak i det eigne nabolaget (*perdido*) Eller kjennskap til personar som leiger maskiner eller anna utstyr som ikkje kan kjøpast på Cuba- Nettverkets viktige tyding vert vidare forsterka gjennom varemangelen i butikkane, og at dei få varene vert selde til altfor stive prisar. Derfor freistar cubanarane å finne tilsvarende til rimelegare pris på svartebørsen. Av same grunn er det óg heilt vanleg å rope etter, - eller stogge ukjende personar på gata, for å spørje kvar dei har kjøpt frukta i handleposane, pizzaen dei et på, eller kosteskaftet dei ber på?

Venner og kjenningar ringer kvarandre for å fortelje i kva butikkar dei no sel sjeldne produkt,<sup>24</sup> eller for å åtvare kvarandre om at mattilsynets inspektørar gjekk på kontrollrundar i nabolaget. Deretter samanliknar dei gjerne åtferda til desse inspektørane, diskuterar erfaringar og gir kvarandre gode råd angående korleis dei på best mogleg måte kan gardere seg mot å få bøter Informasjon som var fordelaktig viss det oppstod situasjonar der det var naudsynt å overtale inspektørar til å la bøter forsvinne, med små gåver. I følgje informantane mine gjekk dei ofte på hyppigare kontroll rundar framover mot nyttår (*nuevo año*) der dei var på ”leiting etter dollar”. Det vil seie at dei lette etter brot på reglar som dei kunne true med å bøtelegge slik at dei fekk ei gåve under bordet mot at dei let dette vere. Grunnen til at dei kom fram mot nyttår var at dei ville ”finne” pengar til å halde ein stor fest på nyttårsaftan<sup>25</sup>. Å ha mange vener og kjenningar er altså ubeskriveleg viktig, fordi desse kan fortelje så mykje informasjon, som ein elles lett kunne gått glipp av.

Kort sagt er spelar det personlege nettverket på Cuba ei mykje større rolle enn det vi er vande med frå Noreg. Dessutan er desse nettverka også mykje større enn det som er vanleg i Noreg fordi ”links created within peer groups (primary school, secondary school and college friends) last until retirement. Comradeship, good neighbourliness and work relationships also multiply this ‘strength of weak ties’(Granovetter 1975)” (Olivier de Sardan 1999: 40). Dette tilsvarer også mine funn: personar oppsøkte kvarandre opp til fleire år etter at dei hadde gått på skule eller universitet saman. Når dei trengde hjelp kunne dei oppsøkje dei vener dei ikkje hadde hatt med på fleire år, dette viser at plikta til å hjelpe venner og kjenningar i nettverket vedvarar, over ganske lang tid.

---

<sup>24</sup> Når eg var på gjensitt hausten 2008 var det lite vaskepulver å oppspore i butikkane. Ryktet gjekk at det snart ville verte slutt på produksjon av vaskepulver som medførte at folk hamstra vaskepulver i massevis, for å lagre eller selje vidare og derfor tene ein liten slant. Når det dukka opp vaske middel i ein butikk vart det ofte ringt rundt til venner og varsla at det no fantes i den og den butikken så ein kunne gå å kjøpe. Som regel tok det veldig fort slutt på dette vaskemiddelet.

<sup>25</sup> Jula på Cuba vert ikkje feira i så stor grad som i Norge, der er det i staden for nyttårsaftan som må markerast med mange festligheiter.

Dette har også Caldwell lagt merke til Russland, og påstår at sider ved disse sosiale relasjonane kvalitativt kan minne om valuta transaksjonar. “Within an everyday survival system focused on material provisioning, social relations are themselves a form of long-term economic capital that Muscovites invest and cash in as needed. The personal connection that people cultivate may lie dormant, as a form of investment until a future moment when they are needed a phenomenon Carolyn Stevens has called “deposits in the favour bank (Stevens 1997: 231)” (Caldwell 2004: 99). Eg tolkar Stevens dit hen at vennskap kan ha ein økonomisk side, ved at venner utfører tenester til kvarandre som økonomisk sett kan ha høg verdi. Der personar investerer i denne relasjonen, gjennom til dømes ei gåve eller gjennom å utføre eit arbeid gratis.(jf. Kap.3)

Emilio insisterte at han ville reparere nokre rør utan å få betaling for dette, og utan at det vart eksplisitt avtalt kunne han no låne ein sykkel av oss. Dermed bytta vi to tenester utan at desse to tenesta nødvendigvis har den same økonomiske verdien. Både stimuleringsgåvene og takkegåvene vart gitt med det formålet å skape ein relasjon som varte utover den hjelpe personen mottok der og då. Slik som vi såg at Maritsa fekk sleppe forbi køa då ho kom tilbake kontoret ho hadde kjøpt saksbehandlaren mat. Der Esteban gjekk til ein lege han kjende for å få raskare behandling av den knekte nasen sin. Pedro hevda at det var betre å ha uteståande teneste hos sine vener, enn å få gåver med desse. Ettersom det kan ta tid før ein treng denne tenesta vil relasjonen i mellom tida ligge i ein dvale.

Det er med andre ord vennskapen i seg sjølv som er ”banken”, der ein kan ”gjere eit ”uttak” etter eige behov. For at dette systemet skal fungere er det ein føresetnaden at begge personane er pliktoppfyllande og hjelper kvarandre, viss dei har anledning. Dersom dette ikkje skulle skje, altså at ein person får mykje hjelp utan å gje noko form for hjelp igjen, vil han verte kritisert av dei andre i nettverket. Theresa jordmor 35 år, vart ein gong gansk irritert på ei vennine av seg fordi” ho heile tida kjem til meg og seier ” eg manglar ditt og eg manglar datt (*a mi me falta eso y a mi me falta el otro* ) og forventar alltid at vi skal hjelpe henne”. Fortsetter dette vil denne vennina få eit dårleg rykte på seg, og kan også tilslutt verte avvist frå andre medlemmane i nettverket (Caldwell 2004: 85, Olivier de Sardan 1999: 41, Rosendahl 1997: 42, 50).

## KAPITAL KONVERTERINGAR OG PERSONARS SOSIALE HISTORIE

Som eg har nemnd tidlegare, legg cubanarane merke til kva andre gjere på gata, kva ærend dei er ute i, korleis dei går kledd og kven dei snakkar med. Dette vert ofte gjenstand for diskusjonar og kommentarar mellom vener og kjenningar. Ut frå korleis åtferda på gata vert tolka og bedømt får kvart menneskje, tursitar på lik linje med cubanarar eit godt eller dårleg rykte. Dette ryktet spreier seg sjølvstøtt også til andre delar av nettverket enn det ein sjølv ferdast mest i, ettersom åtferda gjerne kan verte eit samtale emne for korleis ein bør oppføre seg og kva ein ikkje bør gjere. Eit godt eller dårleg rykte er igjen svært avgjerande for ein persons moglegheiter til å kunne konvertere mellom dei ulike formene for kapital.

I følgje Wilken kan kapital både ”arves og settes over styr og derfor er agentenes sosiokulturelle historie betydningsfull” (2008: 57). Kapital kan arvast, i form av pengar og eigedom men også som kjende etternamn eller titlar. Men også den sosiale kapitalen kan gå i arv, ved at ein person drar nytte av relasjonane og kontaktane til sine foreldre. Under feltarbeidet la eg merke til korleis Pincho, ein student i starten på tjue åra, gjorde dette: Han ville gjerne søkje seg inn på ein mastergrad i psykologi, men faget har mange søkjarar og få studieplassar. Derfor er det vanskeleg å komme inn, men Pincho veit at eit anbefalingsbrev frå instituttet kunne gje søknaden ein ekstra tyngde. Vanlegvis skal slike anbefalingsbrev verte utstedt av forelesarane, men Pincho bestemte seg i staden for å gå direkte til avdelingsleiaren på instituttet. Han grunna denne avgjersla med at han då kunne få eit meir personleg tilpassa brev, som skilde seg frå den malen av eit anbefalingsbrev forelesarane nytta. Der desse som regel berre bytta ut namna, men ikkje skreiv særskilt om den enkeltes personlege eigenskapar.

Vidare fortalte Pincho at før han la fram ynsket sitt hjå avdelingsleiaren, forklarte han denne kven han er: Sonen til Lupe, ei tidlegare veninne til avdelingsleiaren, der dei før ofte brukte å vitje kvarandre, også helsar han frå faren, eit tidlegare medlem i karateklubben avdelingsleiaren trenar i. Kort sagt forklarar Pincho avdelingsleiaren kven han er, gjennom å gjere sistnemnde merksam på kven han har kva relasjonar til. Fordi avdelingsleiaren kjenner desse personane skriver han eit anbefalingsbrev til Pincho. Det er viktig å legge merke til at før avdelingsleiaren veit kven foreldra til Pincho er, forblir han ein ”ubetydeleg storleik. Men i det han har fortald kven foreldra hans er blir Pincho ikkje berre gjenkjent som nokon han burde hjelpe, men eg vil også hevde at han kan få ei viss anerkjenning. Der Pinchos universitetets utdanning, klesstil vil gje han den same anerkjenninga som avdelingsleiaren har til foreldra. Det er med andre ord ikkje berre ”a personal sense of obligation to provide

assistance” (Caldwell 2004: 85), som gjere det enklare å få hjelp med ukjende menneskje men også utdanning, væremåte og utsjånad<sup>26</sup>.

For å kort oppsummere har Pincho arva sosial kapital frå foreldra, men som det sosiale nettverket er det ikkje gitt ein gong for alle (Bourdieu 1986: 103). Pincho må no freiste å oppretthalde relasjonen til avdelingsleiaren, med andre ord skape ein relasjon som kan ved vare over lengre tid. Det er derfor viktig at han oppfyller plikta som vert forventa i dei ulike relasjonane, i dette dømet bør Pincho å gje avdelingsleiaren ei ”takk for hjelpa gåve”. Dette gjorde han også, og sikra seg på denne måten å moglegheita til å få hjelp av han på nytte ved seinare høve. På ein annan måte er det også mogleg å hevde at Pincho med dette overtok eller arva ein sosial relasjon frå foreldra.

Føresetnaden for å vere medlem av eit nettverk er å vere i stand til å oppfylle forventningane og pliktene som ein vert tillagt. Utover i kapitelet vil eg vise kva for rolle den sosiale historia spelar, både ved arv og konverteringar av kapital. Med sosiale historia forstår eg måten ein person oppfører seg på, kven han er saman med og har nære relasjonar til over ein lenger tidsperiode. Eg observerte at alle desse faktorane var avgjerande for kva omdømme cubanarane gav kvarandre, og moglegheitene dei hadde for å knytte nye relasjonar.

Mona Rosendahl, som også gjorde feltarbeid på Cuba la óg merke til dette:

”There is one form of reciprocity that is almost totally social and in which the monetary value of the articles, goods, and services subsumes a subordinate role to the creation and maintenance of social relations. At times there are no gifts involved in the transactions, just 'symbolic capital' (Bourdieu 1977) via *cultura*<sup>27</sup> (cultured behaviour) that strengthens one's reputation as a 'good person' within the context of an established relationship” (Rosendahl 1997:41).

I følgje Rosendahl kan “the concept of having *cultura*, [...]be translated as “being cultured” det vil med andre ord vere å kunne oppføre seg skikkeleg overfor framande (1997:45). Samt å ikkje snakke ufint eller vulgært og kjenne til resiprositets reglane: ”Being generous and hospitable is a very important part of being a good person in Palmera“ (Rosendahl 1997:45). Vidare hevdar Rosendahl at: “following the rules of reciprocity is a way of showing one is a good Cuban, a socially competent and acceptable person. It is also a way of creating and maintaining social relations” (1997:50). Der personane som ikkje oppfyller sine resiprositets

---

<sup>26</sup> Her vert det lagt vekt på å ha eit kort klippt hår, gå pent kledd utan holete eller slikke klede, gjerne med lange busker og t-skjoter for å få den formelle ”looken”.

<sup>27</sup> ”Å vere gjestfri og sjenerøs spesielt med ens hus og ens tid, er viktige kvaliteter ved det å vere cubaner, og refereres ofte til som et aspekt ved *cultura* (Rosendahl 1997). *Cultura* kan således sies å være knyttet opp til en intimitetskode, der det er viktig å behandle folk korrekt ut i fra hvilken relasjon en har til dem, og konteksten for besøket. Dette gjelder også ens plassering av de besøkende i rommet” (Ørmen 2004: 149).

plikter i eit nettverk vil verte utelukka, og at resiprositet er naudsynt i vennskapa på Cuba (1997: 50). Det betyr at ein har ganske stabile vennskaps band innan dei personlege nettverka, og ein kan derfor gå ut i frå at bandet mellom to personar som er i den same gjengen kan karakteriserast som "strong tie". Ein påstand som også Granovetter gir stønad: "empirical evidence [show] that the stronger the tie connecting two individuals, the more similar they are, in various ways" (1973: 1362).

Bourdieu hevdar at "alle agenter i det sosiale rom klassifiserer og blir klassifisert" (1979/84: 169 i Wilken 2008: 61). Dette gjere sjølvsagt også cubanarane, mange gongar høyrde eg ordtaket: "fortel meg kven du er saman med, og eg skal fortelje deg kven du er" (*dime con quién andas, y te diré quién eres*). Eg forstår dette ordtaket på den måten at ein person vert forbunden med menneskja som er i vennekrinsen hans, og korleis denne vennegjengen oppfører seg i det offentlege. Der også deira klesstil og språkbruk vert lagt merke til. Med dei konsekvensane at dersom åtferda til personane i hans vennegjeng vert sett på som umoralsk eller dårleg vil denne personen også få eit dårleg omdømme.

Nokre laurdagskveldar var musikk studenten Samuel 18 år, å treffe på strandpromenaden, han bur aleine med mora og tanta si. Dette syntes han var veldig tøft og vanskeleg, ettersom dei kjende få i Cienfuegos og han var avhengig av hjelpa frå broren til sin avdøde stefar, til å finne ting dei hadde bruk for. Samuel uttrykte bekymring og frustrasjon over at dette, sidan denne personen var kjend for å ha "tusen defektar" (*tiene mil defectos*). Det Samuel er redd for, er at denne personens dårlege rykte skal smitte over på han, fordi dei vart sett så mykje saman. Tilslutt konkluderte han med at dette var berre ein sjanse han måtte ta, broren til stefaren var i starten på seksti åra, og har derfor mange venner og kjenningar frå studie tida og eit langt yrkes liv i ulike jobbar. Samuel derimot er i slutten av tenåra og hans kontaktnettverk avgrensar seg i stort sett jamaldra personar.

Det var ganske populært å henge på strandpromenade laurdagskveldane så det var også her eg vart kjend med Wilfredo og Ariel. Dei to er i midten av tjue åra og studerer informatikk. Då dei høyrde at eg kunne snakke engelsk, ville dei gjerne nytte høvet til å praktisere den engelsken dei hadde lært gjennom studietida. Det viste seg snart at Ariel både snakka og forstod meir engelsk enn Wilfredo. Då Ariel gjorde Wilfredo merksam på dette, svarte han:

*"Alle har sine kunnskaps felt, nokre er flinke i språk, slik som du. Mitt kunnskapsfelt ligger i det som skjer på gata. Eg veit mykje meir om alle menneskje enn det du gjere, for eksempel kven eg ikkje bør vere saman med. Det brukar eg å vise til dama mi, altså kven ho ikkje bør treffe for ofte fordi det er ein dårleg person (eso es una mala persona). Grunnen til at*

*eg ber henne om å halde seg vekke frå desse personane, er ikkje fordi eg mislikar dei, eller har noko personleg mot dei, men fordi eg veit at dei oppfører seg dårleg.”*

Det som Wilfredo her kallar kunnskapsfelt er også mogleg å sjå på som formar for kapital, sosialkapital og kulturell kapital. Der det å vere flink i språk heilt klart ein kulturell kapital, fordi dette er kunnskap som han har tilegna seg gjennom utdanninga si. Wilfredo påstår at han har meir kunnskap om andre personar enn Ariel, fordi han er meir ute i gatene enn Ariel. I motsetning til Wilfredo som bur saman med mora si og ei søster på tolv år, bur Ariel saman med begge foreldra sine og ein bror i tenåra. Fordi Wilfredo er den einaste mannen i hushaldet, har han fleire plikter og større ansvar enn Ariel. Med andre ord grunnar Wilfredo sine manglande engelsk kunnskapar med at han har mindre tid til å studere enn Ariel, fordi han må gå mange ærend på gata. Men dette klarar han igjen å snu til sin fordel ved å hevde at han ute på gata får mykje kunnskap om andre. På gata kan han legge merke til kva andre personar gjere og kven dei er saman med. Ein kunnskap som han sjølv synes har større verdi, er meir anvendeleg og nyttig enn det å kunne engelsk. Blant anna fordi han dermed kan åtvare kjærasten sin, som kjem frå ein annan by, til å halde seg unna personane med eit dårleg omdømme. I tillegg kan han høyre og sjå kven han bør snakke med, for å få tak i ulike varer som han treng. Kort sagt er det mykje kunnskap som berre kan verte tilegna på gata og ikkje ved å vere heime og pugge engelske gloser.

Lazaro ein tannlege i tredve åra, fortalde korleis naboen hans hadde lært seg å reparere bilen sin sjølv, fordi det var så dyrt å betale for reparaasjonen. Han konkluderte med at det å lære å gjere alt sjølv, frå å reparere bilar til å legge rør eller fliser var viktigare for å kunne overleve på Cuba enn det å verte ingeniør. For sjølv om ein person er advokat eller ingeniør kan han ikkje leve på lønna aleine, ei bi inntekt, ein *negocio* er naudsyn å ha.

Dei personlege nettverka spelar ei viktig rolle i dagleglivet, og mykje av dagen vert nytta til å oppretthalde desse, eller knytte nye nye kontaktar og relasjonar til framande menneskje. I eit land der ”alle har behov”, er det viktig å vere dyktig til å auke sin sosiale kapital, men denne dyktigheita beror også på å kunne å fornemme kven som ville følt seg støtt ved eit direkte eller indirekte tilbod om ei gåve.

I følgje Olivier de Sardan vil kvart individ etter kvart gjere seg erfaringar for korleis ein bør gå fram ved slike forespørslar, når og korleis gåva bør bli gitt (1999: 28). Det blir kort sagt ein tillært ”know-how” for korleis ein bør gå fram for å løyse ulike problem (Bourdieu 1986: 104, Olivier de Sardan 1999: 28). Etersom denne kunnskapen kan bli sett på som den kompetansen som personen har til å vite kven han kan ta kontakt med, for å løyse eit problem,

er dette ein del av hans kulturelle kapital (Bourdieu 1986: 104, Olivier de Sardan 1999: 28). Dermed er det mogleg å å hevde at ein person må kombinere sin økonomiske og kulturelle kapitalen når han vil knytte nye relasjonar. Til dømes nytta ikkje Pincho berre sin sosiale kapital for å få eit godt anbefalingsbrev, i like stor grad brukte han også sin kulturelle kapital og økonomiske kapital. Den kulturelle ved finne ein person i rett posisjon som han kunne spørje om hjelp, som han på ein eller annan måte også hadde ein forbindelse til. Der han fann ut at avdelingsleiaren var ein gamal treningskamerat til faren og veninne til mora. Så aktiverte han bevisst relasjonen til foreldra, framfor avdelingsleiaren, og formulerte problemet på ein måte som sikra at han fekk den hjelpa han trengde. Etterpå kjøpte han ei takk for hjelpa gåve til avdelingsleiaren, og nytta på denne måten også delar av sin økonomiske kapital. Ein anna grunn som er like viktig som Pinchos kunnige bruk av sine kapitalar er også at han har ein ”plettfri” vandel på sitt sosial-historiske rulleblad.

Det er dette kapitelet vidare vil dreie seg om. Kva som vert sett på som moralsk og umoralsk åtferd og kva vidare konsekvensar dette kan få i ulike samanhengar.

#### **ÅTFERDA PÅ GATA: HISTORIA SOM VERT HENGANDE VED MENNESKJA**

Cubanarar er mykje på gata, for å finne mat, forbruksvarer eller verkty, betale rekningar og i ærend i forbindelse med sine bi inntekter (*negocio*). Svartebørsseljaren Eloy, 35år, nytta uttrykket at han ”var ein hund på gata”, (*estoy un perro de la calle*) for å presisere kor mykje han opphaldt seg der. Dette var ikkje ei gate men det offentlege rom generelt, han reiste frå gate til gate eller bydel til bydel for å hente varene som han selde. Han forsikra meg også om at dette gav han eit godt innblikk i andre sitt liv og virke, slik som også Wilfredo hevda. Til dømes hadde han må han regelmessig hente varer i ein by som ligger eit lite stykke utanfor Cienfuegos, lagt merke til at ei kvinne var utro mot mannen sin. Dette var ei kvinne som budde saman med ein mykje eldre turist i Cienfuegos, men også samstundes var saman med denne cubanske mannen på hennar alder.

Då eg diskuterte denne historia med mine informantar verka det som om dei ikkje synes dette var særeleg umoralsk åtferd. Dei grunna det med at ho var *jinetera*. Det betydde at ho er saman er saman med ein eller fleire turistar av økonomiske grunnar, for å skaffe pengar til å forsørgje seg sjølv og familien. Derfor var det heller ikkje uvanleg at ho hadde eit forhold til ein cubansk mann på eigen alder.

Hovudfagsstudenten Ørmen påstår at det eksisterar ”en utbredt oppfatning om at alle *jineternas* har kubanske elskere for å bli seksuelt tilfredstilt mens europeiske menn kun er til for å fylle lommeboka” (2004: 134). Kvinner som prostituerte seg for cubanske menn derimot vart stempla som horer (*putas*), og sett på som umoralske. Der det vart hevda at desse kvinnene prostituerte seg, fordi dei likte å ha samleie med mange menn. Med bakgrunn i egne erfaringar og utsegnene til informantane til Linn Ørmen, vil eg hevde at det var ein gradvis overgang mellom å vere *jinetera* og prostituert. Avhengig av korleis kvinnene gjekk kledd og i kor stor grad dei hadde ein seksuell ladd åtferd når dei viste i det offentlege rom (2004: 133). Kvinner som gjekk med korte shortsar, ettersittande topper med utfrodrande utringingar og vart sett saman med utanlandske menn hamna i prostituert kategorien. Då Eloy såg ei slik kvinne i den ovan forgitte samanhengen utbraut han: ”uniforma for prostituerte er lik heile verda over”. Kvinner med ein meir diskret åtferd og klesstil vil ikkje nødvendigvis verte sett på som verken prostituerte eller *jineternas*, og då især ikkje viss ho seinare inngår ekteskap med denne mannen. Fordi forholdet då vert eit normalt ”kjærlichetsforhold som tilhører huset og derfor er moralsk akseptert” (Ørmen 2004: 135).

Ørmen hevdar at menn på Cuba vert kategorisert anten som *callero* eller *casero* (2004: 128). *Casero* er avleda av det spanske ordet for hus (*casa*), og visar til at denne mannen ”prioriterer huset og dets medlemmer” i staden for å kaste bort ”pengene sine på alkohol og kvinner i gata” (2004: 128). Ein *callero* derimot er som ordet tilseier mykje på gata (*calles*). Det er viktig å legge merke til at sjølv om Eloy hevdar at han bur på gata, må ikkje dette forvekslast med at han er ein *callero*. For sjølv om han er mykje på gata i forbindelse med jobben sin, nyttar han dei pengane som han tente på hushaldet og familien sin. Hadde Eloy derimot nytta pengane på venner, damer, drikking og festing, i staden for sin familie og hushaldet hadde han vorte rekna for å vere ein *callero* (Ørmen 2004: 128). Denne rangeringa mellom menn stemmer også overeins med synspunkta til mine informantar for kva som vart rekna for å vere god eller dårleg åtferd. For å ha eit godt omdømme burde ikkje mennene vere synleg rusa på gata eller legge seg etter for mange jenter. Menn skulle arbeide og bidra til å forsørgje familien, og derfor får ein *casero* meir anerkjenning enn ein *callero*. (Sjå også Ørmen 129-130).

*Jineteros* har ein endå lågare status enn *calleros*, dette er som regel menn som ikkje får invitert med seg ut cubanske jenter, fordi det er kjent at dei kjem frå tronge kår. Ettersom dei dermed ikkje har høve til å spandere diskotek billetter eller alkohol på jentene som er det kulturelle idealet (sjå også Opjordsmoen 2001:117). Det som skiller ein *callero* frå ein *jinetero* er at den førstnemnde sjølv skaffar pengane han nyttar på fest og moro saman med sine



kamerater. *Jineteros* derimot har ikkje pengar, og betenar seg av pengane til sine utanlandske veninner som om det skulle vere hans egne (Ørmen 2004: 139). Ørmen hevdar at ein *jineteros* ”økonomiske suksess blir et bevis på hans evne som erobrер. [Den utanlandske kjærestens] økonomiske ressurser betraktes således som en forlengelse av hans” (2004: 140). *Jineteros* nyttar med andre ord tilgangen på økonomisk kapital, frå sine utanlandske veninner til å auke sin respekt og popularitet hjå egne vener. Fordi desse utanlandske jentene spanderar øl og rom på han og hans vennegjeng aukar hans popularitet og sosiale status dramatisk. Det at han har ein kjæraste som verker svært spandabel når det gjeld alkohol og andre festligheter, er han meir spennande å vere saman med fordi det skjer meir kring han. Kort sagt konverterar *jineteroen* sin sosiale kapital (utanlandsk veninne) til økonomisk kapital (alkohol, mat, fest) til meir sosial kapital (høgare status blant sine venner). Vidare nyttar dei ikkje berre pengane til sine kjærestar til å ha det moro, men også for å få tak i dyre merke klede (sjå også Opjordsmoen 2001, Ørmen 2004: 139). Dette gjere at *jineteros* er lette å kjenne igjen på gata, dei går alltid veldig moteriktig kledd. Med dongeri bukser som gjerne har ein litt røff vask, store italienske solbriller og joggesko av eit dyrt merke. Ved fleire høve la eg også merke til at dei kunne ha veldig moderne og dyre sykklar. Både klesstilen deira, at dei var ilag med ei utanlandskjente som spanderte mykje alkohol på dei og vennane medførte at dei vart lagt mykje meir merke til enn andre cubanarar. Dei gjekk med andre ord frå å vere forholdsvis fattige og at få personar brydde seg om dei til å verte veldig populære med ein stor vennegjeng kring seg. Eller det som Bourdieu ville beskrive å vere ein ”ubetydeleg storleik” (Bourdieu & Wacquant: 1995: 84).

Eg vil påstå at grunnen til at ein *jineteros* handlingar vert sett på som meir umoralske enn den til *jineteras*, er å finne i måten han nyttar pengane han ervervar seg: mest på seg sjølv og sine vener. Ein av informantane til Ørmen uttrykte seg i desse ordelag: ”De er ikke skikkelige mennesker, de arbeider ikke og bidrar ikke til samfunnet” (2004: 138). Kvinnene nyttar derimot pengane til å forsørgje familien sin, dei tek med andre ord pengane tilbake til hushaldet<sup>28</sup>. Det er til å anta at noko av pengane til ein *jinetero* også vil ende opp i hushaldet men ein mykje mindre sum.

Dei fleste som vart kalla *jinetero* i Cienfuegos var menn, observert svært ofte i selskap med dei skandinaviske jentene som studerte der. Men det var ikkje alle som vart kalla *jinetero*, som synes at dette uttrykket var passande på det dei gjorde. Dei påstod at ein **ekte** *jinetero* hadde forhold til jenter frå heile verda, mens dei derimot berre inneleia romantiske og

---

<sup>28</sup> Jf. Bloch & Parry (1989) som hevdar at moralsk problematiske aktiviteter kan bli gjort meir akseptable gjennom konverteringa til sosial reproduksjon.

seksuelle forhold til skandinaviske jenter. Sjølv sagt var det ikkje opp til desse mennene å sjølve avgjere vart stempla som, og alle utanom dei sjølve ville vel heller ikkje ha vore einige. Men det å hamne i ein slik kategori fekk ein fort på seg viss ein hang mykje saman med desse jentene. Som til dømes Thómas fekk rykte på seg for å vere *jinetero*, fordi han hang meir og meir saman med di skandinaviske jentene. Og sjølv om han ikkje hadde anna enn platoniske vennskapsforhold til dei, men det som bidrog til å ”gjere vondt verre” er at på samstundes med dette slutta å studere. Derfor vil eg hevde at det er fleire ting som skal til for å verte stempla som ein *jinetero*. For det første må ein mann henge saman med ei eller fleire utanlandske jenter over lang tid. For det andre ikkje ha ein fast jobb eller slutte å studere, og for det tredje korleis dei kler seg.

Ein av informantane mine brukte å seie om *jineteros* at dette var personar med ei historie (*eso son gente con una historia*). Med andre ord vil bakgrunnen og historia til korleis folk oppfører seg over tid hefte ved dei. Kva konsekvensar dette kan få vil eg komme tilbake til etter at eg har vist andre døme på umoralsk åtferd. Det er viktig å legge merke til er at *jineteros* berre er eit fåtal av befolkninga, dei er ikkje representative for det cubanske befolkninga. Grunnen til at eg valdet å ta dei med her er at dei er ”ytterpunktet” for ein moralsk forkastelege åtferda, og det får fram mønsteret eller cubanarane sine synspunkt veldig godt. No vil eg vidare rette merksemda mot anna åtferd som også kan verte sett på som umoralsk.

Ørmen hevdar at cubanarar har store motførestillingane mot *jineteros*, fordi dei ikkje oppfyller forventninga og den kulturelle norma at dei bør forsørgje familien og gje eit bidrag til fellesskapet (2004: 138). Åtferda deira vert sett ned på av dei fleste i samfunnet med unntak av kameratane deira som anerkjenner sine kameratar som store kvinnebedårere og gode forførere. Ei *jinetera* derimot er ikkje like umoralsk fordi ho nyttar pengane til å forsørgje familien sin, og bidrar dermed til noko positivt med desse pengane. Andre former for åtferd som kan verte sett på som umoralsk, især frå ein revolusjonært standpunkt er personane som har freista å flykte frå Cuba med flåtar. Eittersom kystvakta har oppdaga dei og plukka dei opp og tatt dei med til land vert dei sleppte fri igjen etter eit fengselsopphald. Men uttrykket ”flåte-mark” (*gusano balsero*) vil alltid hefte ved dei, og med dette stampelet hengande over seg vil miste tilgangen til på dei beste jobbane. Desse personane vert sett på som feige og utan ryggrad, derav ordet mark. Fordi dei før vil reise på flåtar til den kapitalistiske fienden i nord, enn å verte verande å kjempe sosialismens sak mot dei. Dei er kort sagt nokre slags indre fiendar mot revolusjonen i følge partiets retorikk.

Det er også dei som slaktar storfe eller hestar. Mange av mine informantar stilte seg uforståande til dei lange fengselsstraffene dette hadde som var på lik linje med andre grove lovbrøt. Personane som gjorde dette, vart på lik linje med *jineternas* møtt med lite fordømmelse, og i større grad forståelse. Frå staten si side var det ei kontra revolusjonær handling å slakte storfe eller hestar. Fordi mangel på bensin har gjort det naudsynt å sette inn igjen oksane som trekk kraft på landsbygda i staden for traktorar. I byane fungerer vogner dradd av hestar (*coche*)<sup>29</sup> som framkomstmiddel på korte distansar. Vert for mange av desse dyra slakta kan det medføre ein vidare handlingslamming i det frå før lite effektive jordbruket eller forverre kollektiv transport tilbodet i byen. Når storfe eller hestar då vert slakta vil staten sikre seg at kjøttet skal leverast til staten redistribusjon, og ikkje seljast på svartebørsen som gjerne var utfallet. På same måte som *gusano balseros* kunne få problem med å få gode jobbar etterpå, var dei som vart fengsla for ulovleg slakt av storfe og hestar fordømt på av revolusjonenes tilhengere.

Mens ordet *jinetero* er eit skjellsord på Cuba, høyrde eg ikkje *gusano balsero* verte nemnd i andre samanhengar enn som direkte eller indirekte politisk retorikk. Det verka som folk flest forstår trongen til å reise ut for å tene meir pengar og på mange måtar få eit meir komfortabelt og lett liv. Eller dei sa at dei som hadde drept eit storfe eller hesten vel også hadde ein familie som dei måtte brødfø. Vidare var det for mange cubanarar heilt uforståeleg at storfekjøtt berre kunne bli gitt på diett, men var eit tilbod turistane fekk på alle restaurantar. Dei spøkte gjerne med at kyrne også var heilage på Cuba og ikkje berre i India, og at ein vart fengsla for dette såg dei fleste berre på som eit av mange håplause problem dei måtte leve med på Cuba.

For å kort oppsummere er verkar blant anna ein persons politiske ståstad inn på kva som vert sett på som dårleg åtferd. Det som av nokre personar vart sett på som umoralsk handling, treng ikkje å vere dette ifølge andre personar, alt etter kva som er deira politiske haldning. Den anerkjenninga ein *jinetero* får, er ikkje basert på at han oppfyller forventningane til samfunnet. Dermed klarar han heller ikkje å konvertere prestisjen han har hjå sine venner til meir sosial kapital utanfor eigen omgangskrets. Med andre ord har ein *jinetero* innanfor eit gitt sosialt miljø høg anerkjenning, fordi han er rik på ein bestemt type kapital som i dette miljøet blir lagt vekt på. Men ettersom desse verdiane ikkje har den same betydninga i eit anna miljø, men at det derimot er det andre verdiar som vert vektlagt, klarar han ikkje å oppretthalde anerkjenninga si, i dette miljøet. Kort sagt er føresetnaden for å vere

---

<sup>29</sup> Viss vogna var full ville det vere plass til åtte stykker i denne, utenom kusken og eventuelt ein person til som kunne ta plass framme.

medlem i eit nettverk at ein delar visse innebygde verdiar, den same forma for moral, med dei andre medlemmane. Det finnast altså ein overenskomst på kva som er god og dårleg åtferd som verkar samlande på medlemmane nettverket. I tillegg til at det stengjer ute dei som ikkje delar den same moralen. For ein *jinetero* betyr det at han kan få vanskar med å få venner utanfor sin sosiale sirkel. Til ein viss grad kan han få det, og det gjeld då dei personane som er avhengige av han. Det er personane som leiger ut rom i huset sitt til turistar, eller har driver restaurantar og bar. Desse vil til ein viss grad gjerne pleie ein forbindelse med *jineteros*, men som aldri vil gå utover det overflatiske høflege samværet. Ikkje fordi dei har noko personleg mot desse personane men fordi dei ikkje vil verte assosiert med det ein *jinetero* står for. Er ein for mykje saman med ein person kan ein få det same ryktet som denne personen slik som eg nemnde skjedde med Thómas.

Fordi *jineteros* byggjer sin prestisje og anerkjenning på andre verdiar enn dei fleste i samfunnet, vert dei tatt avstand frå. Sjølv om det å *jinetear*, er ein svært gunstig måte å skaffe pengar på er det forholdsvis få personar pr. innbyggjar som gjere dette. Sjølv om det er mange cubanarar som teoretisk sett kunne hatt relativt gode utsikter til å få klare dette godt, med tanke på dei gode engelsk kunnskapar som til dømes legar og ingeniørar har. Der det var deira eigne moralske verdiar som stoggar dei frå dette, for det er ikkje ein moralsk god åtferd å *jinetear*. Ettersom dei verdiane *jinetero* byggjer sin prestisje og anerkjenning på er andre verdiar enn det som gir ein høg kulturell kapital. Vil dei som har ein høg kulturell kapital og har stor anerkjenning, ikkje øydelegge dette ved å verte assosiert med det ein *jinetero* står for. Ikkje fordi dei har noko personleg mot desse personane men fordi dei ikkje vil verte assosiert med det ein *jinetero* står for. Det er med bakgrunn i dette at vi må sjå på utsegna til Wilfredo, som påstår at han ikkje vil vere saman med personane som har eit dårleg rykte. Ikkje fordi han har noko personleg i mot han, men på grunn av måten han oppfører seg på. Ettersom han er redd for at han kan få det same ryktet. Martha fortalde meg at ho forstår grunnane til at ei *jinetera* må gå ut med turistar, for å få pengar for å overleve. Samstundes som ho ikkje ville vorte sett for mykje saman med ei som er *jinetera*, av redsel for å få rykte på seg for å vere *jinetera*.

Eg vil hevde at også partimedlemmar til ein viss grad forstår og skjønner ein *jinetero* eller personen som ulovleg slaktar storfe for å overleve. Men hans personlege mening vert overskygga at han må gje partiet eit godt ansikt utad. Eller den høge stillinga han har til byens forvaltningsorgan, medfører at han må vere særskild merksam på korleis han forvaltar sitt eige omdømme og rykte.

På bakgrunn av dette vil eg hevde at det er mogleg å skissere opp to slags miljø. Eller to endepunkt, der linja mellom består av gradvise overgangar mellom det å vere meir *casero* eller meir *callero*. I følgje mine og Ørmens funn vil ein *casero* rangerer over ein *callero* (2004: 129-130)<sup>30</sup>:

Casero: rik på kulturell kapital. Gjerne medlem av partiet eventuelt er sosialist eller fidelist<sup>31</sup>. Denne personen har høg utdanning og embetsstillingar innan akademia, jus eller medisin. Danna åtferd og kultivert språkbruk.

Callero: rik på økonomisk kapital, jobbar gjerne på svartebørsen, og andre ”arbeidarklasse yrker” i yttarste tilfellet er han ein *jinetero*. Har ofte ein ufin og vulgær åtferd og språkbruk (*falta la cultura*).

Samuel er ein typisk *casero*, han har studert på universitetet, og har derfor mykje kulturell kapital og tek godt vare på familien sin. Men broren til stefaren heller meir imot å vere ein *callero*. Han bruker meir tid på gata saman med sine kameratar, på fest og moro, enn han tek vare på familien sin. Dette har igjen gitt han den fordelten at han har mange kameratar noko som Samuel manglar. Dermed er Samuel i meir eller mindre grad tvungen til å gå saman med han på gata for å verte introdusert til ulike viktige personar. Samstundes er Samuel redd for at dette skal skade hans ry, fordi han er saman med ein som er kjend for å vere *callero* og derfor lett kan verte sett i same bås viss dei vert sett saman for mykje. Samuel sa at folk kan starte å undre seg kvifor dei så ofte er saman med ein som er *callero*. Viss han er saman med mange for dei ukjende folk kan hans kjenningar reagere på dette med å verte meir reserverte ovanfor han når det gjeld å gi han tillit. Rett og slett fordi han var mykje saman med folk som dei ikkje kjende til. Derfor må Samuel finne ein balansegang mellom det å skade sitt eige rykte og å verte introdusert til personar som gje han mykje hjelp framtida.

For å betre kunne illustrere kva personar som var i besittelse av ulike kapitalar, har eg nedanfor sett opp eit koordinat system. Her den enkeltes posisjon av personane eg nemner i oppgåva merka av. Der plasseringa til *Casero*, *Callero*, *Jinetera* og *Jinetero* kan sjåast på rettleiande anvisingar, der desse er innan det gitte område i større eller mindre grad.

---

<sup>30</sup> (Sjå også Ystanes 2003:164)

<sup>31</sup> Defined by Andrés Suarez (1985) as anti-Americanism, social change through revolution, militarization of society, centralization of power in the maximum leader, mass participation in controlled organizations and nationalism. (sjå også Bye og Hoel 2006: 321).

<u>+ kulturell kapital</u>	
Larissa	Sofia
Samuel Ariel	Pincho <b>Casero</b> Pedro
Martha	Tannlegen  Jeanette
<u>- øk.kap.</u>	<b>Jinetera</b> <u>+ øk. kap</u>
Nicolas	Eloy
Wilfredo	Emilio
Thómas	Svartebørshandlar
<b>Callero</b>	<b>Jinetero</b>
<u>-kulturell kapital</u>	

Personane som er plasser oppe tilhøgre og venstre har alle ei høg utdanning på universitetet bak seg, men har meir eller mindre økonomisk kapital. Samuel og Ariel har begge forholdsvis liten økonomisk kapital ettersom begge studerer. Pincho, Pedro og tannlegen har også høge universitetsutdanningar bak seg, men er i motsetning til Samuel og Ariel eldre. Dessutan har dei av ulike årsaker ei høg inntekt som resultat av sin *negocio*. Wilfredo og Thómas manglar begge økonomisk kapital, og har også ei forholdsvis alv utdanning frå universitetet. Verken Larissa, Eloy eller dei som har spesialisert seg på svartebørshandel har så stor universitetsutdanning, det same manglar *jinteros*, men alle er forholdsvis rike.

Pincho og Samuel er ganske like når det gjeld kulturell kapital, men svært ulike når det gjeld besittelse av økonomisk og sosialkapital. Der Pincho stiller sterkt på sistnemnde, der han blant anna bevist drar fordel av foreldra sine sosiale relasjonar. Samuel derimot er i ein kinkig situasjon i og med at han er avhengig av å få hjelp frå broren til stefaren. Ein er med andre ord kven ein er saman med, men også kven ein kan få hjelp frå, fordi alt handlar om å ha kontaktar og relasjonar til dei rette personane.

Det er viktig å legge merke til at ein *jinetero* kan vere rik på både økonomisk og sosial kapital, sjølv om han ikkje har så mykje kulturell kapital. Fordi alle cubanarar har behov for meir pengar, og ein *jinetero* er ei kjelde til dette. Derfor vil han ha mange kontaktar blant dei som leiger ut hus, køyrer taxi svart og er i restaurant bransjen. Eit anna poeng er at ei *jinetera* har ei sterkare stilling når det gjeld kulturell kapital enn ein *jinetero*, fordi hennar handlingar vert sett på som mindre umoralske enn den til ein *jinetero*. Ettersom ho brukar pengane på å forsørge familien og ikkje øydslar desse bort på gata.

Eg hevdar altså at det på Cuba er veldig viktig å ha eit godt rykte, dette og kven ein er saman med gir utslag på tilliten ein får frå andre personar i nettverket. Fordi mangel på tillitt kan føre til problem med å skaffe varer *por la calle*, i tillegg førar manglande tillitt frå andre menneskje at ein kan knyte mindre relasjonar til ukjende personar. Dermed kan det verte vanskeleg å auke den sosiale kapitalen. Denne effekten / mekanismen kan lettare verte forstått ved å kjenne til den store tydinga til ryktet innan nettverket, der vil eg først ta for meg dette og vende attende til tillitens tyding.

### SLADDER OG ONDE TUNGER: NETTVERKETS VIKTIGASTE INFORMASJON

Korleis venner og kjenningar oppfører seg på gata, og kva dei gjere i fritida er eit ynda samtale emne blant cubanarane. Dei diskuterar korleis andre oppfører seg, kva ein person har sagt eller gjort, kven dei har vorte sett saman med og kvifor. Det var i løpet av ein slik samtale Sofia, som leigde ut rom til utanlandske studentane fortalde om Patricia. Ei jente som under eit tidlegare opphald hadde budd i huset hennar. Patricia hadde under studieopphaldet sitt blitt saman med den cubanske studenten Nicolas, som budde i ein fattig bydel i Cienfuegos.

*Patricia kunne lite spansk når ho kom, men ho lærte fort og vi sat ofte ute på trappa og prata om kveldane for det var telenovela (såpeopera). Veka før Patricia skulle reise heim igjen, fortalde ho meg at ho hadde bestemt seg for å gje vekk mesteparten av kleda sine. Dagen før studentane skulle reise heim igjen såg vil nesten ikkje noko til Patricia for heile dagen. Ho kom først like før avskjedsmiddagen. Då fortalde ho at ho hadde vore ute saman med Nicolas heile dagen. Han hadde tatt Patricia med seg til sine naboar og kjenningar for å vise kor fattigsleg dei levde. Patricia forklarte meg med tårer i auga, kor kummerleg dei hadde hatt det. Og at ho hadde synest så synd i dei at ho hadde gitt kleda sine til desse familiane.*

Sofia lever i relativt gode kår, har ei god utdanning frå universitetet og i fleire år jobba innan akademia, tvilar eg på at Sofia fortalde meg denne historia for å illustrere at ho var lei seg for å sjølv ikkje å ha fått ei gåve. Vidare ho si økonomiske framtid sikra ettersom det kjem meir og meir turistar til Cuba og leiger ut rom som gir henne ei god inntekt. Eg trur derimot Sofia gjerne ville påpeike korleis Nicolas hadde utnytta Patricia.

Temaet i denne samtalen er altså ikkje berre Nicolas si dårlege åtferd, men også kvifor åtferda hans er beklageleg. Nettopp det som vart påpeika før i oppgåva, at *jineteros* tek seg den fridommen til å råde over den utanlandske kjærastens pengar eller i dette tilfellet hennar klede. Nicolas har etter normene som ligger i samfunnet ikkje rett til å gjere dette, så han bryter også

samfunnets normer to gonger. Først ved å bestemme kven Patricia bør gje gåvene til, og deretter fordi han dermed skapar uteståande tenester hjå sine naboar og kjenningar. Eventuelt yter han med dette tilbake tenester som han tidlegare har fått av dei, slik at desse kledda då fungerer som nokre slags "takke gåver". Men uansett medfører dette at Nicolas skor seg økonomisk på premisa til Patricia. Fordi Nicolas no sikrar seg at personane som tek i mot denne gåva pliktar seg til å hjelpe Nicolas ved eit seinare høve, slike uteståande tenester kan vere veldig verdifulle. (jf. kapitel 3).

Kort sagt påpeikar Sofia her, at ho tek avstand frå åtferda til Nicolas fordi han handla umoralsk ved å tydeleg styre kven Patricia skulle gje kledda sine til, for å profitterte på dette sosialt. Sjølv om Nicolas ikkje er ein jinetero har hans delvis tatt skade, og han mister anerkjenning i Sofias auger. Nicolas har i motsetning til Sofia både lite økonomisk og kulturell kapital, dette aleine ville likevel ikkje stogge dei frå å inngå ein relasjon der dei hjelpte kvarandre. Sofia hadde nok heilt klart hjelpt Nicolas viss han ahdde spurte henne ettersom at han er ein venn til Patricia som ho ser på som si veninne. Men ved å begå denne handlinga som Sofia ser på som så umoralsk så mister han anerkjenning hjå henne, noko som betyr at det kan verte vanskelegare å få hjelp av henne. Dette er sett frå eit sosial kapitalisk synspunkt ille. Sofia har også ganske stor sosial kapital, noko som Nicolas manglar og nok vil auke denne gjennom å gje gåvene til sine naboar og kjenningar. Fordi han bur i ein fattig bydel går eg ut frå at hans naboar og kjenningar også gjere det, så derfor auka han sin kapital til menneskje som ein kan rekne med er likestilte med han når det gjeld kulturell og økonomisk kapital. Dermed er han no blitt mykje rikare på sosial kapital, men har samstundes mista ein del av anerkjenninga til Sofia. Eit godt omdømme og eit godt rykte, altså en god kulturell kapital, spelar ei mykje større rolle når den sosiale kapitalen skal aukast enn det den økonomiske kapitalen gjere. Dermed kjem vi inn på eit anna viktig poeng denne historia er ein god illustrasjon på: konsekvensane sladder har i eit nettverk. La meg vidare utdjupe poenget ved å sjå nærare på Epsteins teori om dette.

I følge Epstein vil medlemmane av eit nettverket dele erfaringar, utveksle siste nytt om felles vener og diskutere personlege problem med kvarandre. Desse samtalane handlar også indirekte om normene, verdiane og haldningane til personane og samfunnet elles. Kort sagt handlar desse samtalane om meir enn berre personlege problem. I diskusjonane om venner og kjenningars åtferd, vil det også indirekte verte snakka om felles verdiar og normer. Dette grunnar Epstein med at sladder:



”implies the existence of some norm in terms of which one’s character or behaviour is evaluated and condemned. In this sense the function of gossip is the reaffirmation of norms of behaviour held in common by those who participate in it. [...] In other words gossip denotes a certain community of interest, even if the limits of community can only be vaguely defined” (1971: 112-113)

Når Sofia fortalde denne historia til meg, kunne vi saman bekrefte at vi hadde eit samkøyrt syn på kva som er rett og gal åtferd. Vi var begge einige om at Nicolas ikkje hadde oppført seg på ein måte som vi syntes var moralsk rett. Vidare hevdar Epstein at “one of the functions of gossip for those who are party to it, is to define or reaffirm the norms regulating behaviour amongst themselves and making themselves off from others” (1971: 124). Her ser eg ein klar parallell til Bourdieu som hevda at smakspreferansar verkar samlande på folk som kjem frå det same miljøet, og verkar å skiljande frå dei menneskja ein ikkje deler denne smaken med (Wilken 2008: 57).

Eg vil påstå at smak og avsmak for andre sin smak, også kan nyttast på åtferd. Der ein tek avstand frå dei personane som har ein åtferd ein er misnøgd med. Både fordi ein ikkje likar åtferda deira, og i dette tilfellet for å tydeleg vise at ein tek avstand frå desse personane. Eitersom ein på Cuba lett vert assosiert med personane som ein er mykje saman med og får det same gode eller dårlege omdømmet som dei. Vidare vil eg hevde at det å sladre om andre menneskjer si dårlege åtferd, også kan vere ein måte å ta avstand frå andre personar på. Dermed kan sladder vere med på å foreinar personane innad i eit nettverk. Sladder er med andre ord med på å forsterke relasjonane til andre menneskje fordi dei gjennom rykte om andre har moglegheita til å reprodusere den same moralen. Kort sagt vert det ein måte å trekke opp grenser mellom dei som er medlemmar av nettverket og dei som ikkje er det.

Moralen i historia til Sofia er at Nicolas er har brote ei samfunns norm og dermed også plikta som dei andre medlemmane i nettverket følgjer. Dette var ikkje ei eineståande historie som informantane nytta for å gje døme på cubanarars umoralsk åtferd. Mange cubanske menn og kvinner inngjekk nokre dagar før deira kjærastane deira kom til byen, ein avtale med *casa particulares*, om å overnatte der mot at dei fekk kommisjon etterpå. Det vil seie at når deira utanlandske kjæraste hadde reist heim igjen, kom dei tilbake til dette huset for å motta ein del av rom prisen turisten hadde betalt. Det betyr at turisten måtte betale dei i overnatting fordi ein del av denne leiga etterpå skulle verte gitt til kjærasten deira. Sjølv sagt visste dei utanlandske kjærastane ikkje om dette, eller så kunne dei berre pruta ned prisen. Cubanarane reagerte på dette med litt blanda følelsar, kjærleiksrelasjonar skal idealistisk sett vere bygd på kjærleik, og ikkje at den eine parten lurar den andre økonomisk. Det å krevje kommisjon av venner og kjenningar var ikkje sett på som så ille, men meir normalt og ”noko alle gjorde”.

Det var vanleg at utleige husa anbefalte turistane nye hus i neste by, og då etterpå får tilsendt ein kommisjon for kvar natt denne bur der. Men dette er turistar, ukjende menneskje, altså har ein her ein balansert resiprositet. Mens kommisjonar frå eigne kjærestar, koner eller ektemenn er umoralsk fordi det her skal gjelde ein generalisert resiprositet mellom partane, ikkje at den eine parten skal ha økonomisk vinning på den andre si rekning.(jf. kap.3) Det er altså den vennskapelege intimiteten som står i fokus her, det er i orden å "lure" ein turist som ein ikkje kjenner så godt, i motsetning til ektemannen eller kjærasten. Fordi dette forholdet ideelt skal byggje på kjærleik og at ein er ærleg mot kvarandre.

Gjennom si umoralske handling mista altså Nicolas anerkjenning hjå Sofia og fleire personar som igjen spelar inn på hans framtidige moglegheiter til å hjelp av desse. Dei vil hugse at han gjorde dette, hans framtidige åtferd, som vil utgjere hans samla sosiale historie vil få innflytelse på hans vidare moglegheiter for konverteringar. No får denne hendinga, sett på som isolert ikkje så store konsekvensar for Nicolas. Sett i den større samanhengen kobla opp mot andre rykte eller hans sosiale historie elles, kan det medvirke til eit dårleg rykte. Eit anna viktig poeng som eg vil vise til her, er korleis desse rykta kan filtrere gjennom nettverk, og lett gå som "ild i tørt gress" til store deler av byen. Fordi cubanarane ikkje kan kontrollere kva personar som får høyre rykta, personleg er det veldig viktig å freiste å kontrollere kva informasjon desse rykta inneheld. Noko som eg går nærmare inn på lenger ute utover i kapitelet.

Epstein hevda at sladder er med på å definere grensene til nettverket, fordi ein deler sladder med dei personane delar synet på moral (1971: 113). På bakgrunn av mine funn vil eg hevde at cubanarane ikkje delar all informasjon med venner, kjenningar og kontaktar. Der det også er svært lett å sjå kven ein stoler mykje eller lite på. Berre med dei aller næraste vennane vert personlege problem diskutert, og det er berre personane ein stoler mest på som vert invitert inn på kjøkkenet. Besøkande som cubanarane derimot ikkje kjenner så godt eller ser på som tillitsfulle menneskjer (*no son gente de confianza*) blir mottekne stova. Det er det rommet som ligger lengst ute mot gata og har ei innreiing som skal fungere som hushaldets ansikt utad. Ofte derfor pynta med porselensfigurar og plastblomster. Er personar som kjem på besøk viktige å ha gode kontaktar til, vert dei gjerne servert litt kald brus eller øl.

Besøkande som ein har nære vennskskapsforhold til, og lit på (*gente de confianza*) vert bedne med heilt inn på kjøkkenet. Som vanlegvis låg lengst inne i huset, og derfor må ein gå forbi alle soveromma på vegen dit. Her blir vennane vidare traktert med kaffe, te juice eller rom. Har ikkje verten noko av dette å tilby, er det vanleg å beklage dette men forsikre om at viss ho hadde hatt kaffe skulle ho gjerne ha laga, men at det diverre ikkje er meir igjen. Dette

er med på å vise at ein er så gode venner at ein skulle fått noko servert, men at ein diverre ikkje har noko som ein kan dele med gjesten sin.

Som oftast vart all sladderer delt mellom gode vener, og personlege problem kunne verte diskutert i plenum. Men så snart dette var litt personlege problem trakk personane seg gjerne tilbake på tomannshand. Viss det var fleire inne på kjøkkenet gjekk ein då inn på soverommet, eller ut i bakhagen. Dette gjaldt både menn og kvinner, altså at både menn og kvinner kunne gå saman inn på soverommet for å snakke der på tomanns hand. Eg vart ein gong invitert inn på soverommet fordi ektemannen også var tilstade i kjøkkenet, sjølv om dette , sjølv om dette problemet ikkje handla om han, men berre indirekte angikk han, skulle det snakkast om på tomannshand. Kvinner kunne seg i mellom også kritisere kjærastane sine, men dette måtte aldri skje framfor ein anna mann, for då la det” æra til den eigne kjærasten på golvet”.

I kapitel tre nemnde eg Maritsa som alltid serverte kaffi til venner og kjende som ho brukte å kjøpe for dollar på svartebørsen. Vanlegvis vart kaffe kjøpt på rasjoneringskorta, og varte kanskje ei veke eller to. Det var då mogleg å kjøpe *por la calle* eller for dollar på svartebørsen slik som Maritsa gjorde. Dermed sikra ho seg å alltid ha kaffe til alle besøkande. Maritsa synes at prisen som ho måtte betale for kaffien var verdt den informasjonen ho fekk rundt kaffekoppen, altså både vanlege nyhende om sal av ulike varer og sladder om andre personar. At ho ekstra kjøpte meir kaffe på svartebørsen ser eg på som ein strategi frå hennar si side for å få fleire besøkande og dermed tilgang på meir informasjon. Fordi ville gjerne venner og kjenningar komme innom får å ta ein kaffitår, slå av ein prat, og under desse samtalane kunne det kome fram mykje nyttig informasjon.

Sladder og rykte er noko ein finner i alle samfunn, men eg vil påstå at rolla til rykte og sladder på Cuba spelar ei heilt anna rolle enn i mange andre land. Fordi konsekvensane av sladderer på Cuba er mykje større og alvorlege enn den i mange andre land, kan informasjon om illegal aktivitet komme fram til inspektørar eller politi og dette frå fatale konsekvensar. Dette må ein er noko cubanarane freistar å unngå, og korleis det blir gjort gjenspeglar seg igjen i den romlege inndelinga av huset. Den besøkande vert plassert i huset proporsjonalt med tilliten han vert gitt av husets medlemmer. Framande vert tatt i mot i stova som ligger ytterst mot gata, mens venner av familien får bli bedt med heilt inn i det aller heilgaste; kjøkkenet. Både kjøkkenet og soverommet vert sett på som eit av dei mest intime romma, der berre dei næraste vennane vert invitert inn (sjå også Ystanes 2003: 168).

Den pensjonerte kvinna Larissa, bruker av og til å leige ut eit soverom i huset sitt utan at å ha utleie løyve. Over ein kaffikopp betrudde ho meg at ho at *jineteros* ikkje får komme inn

i huset hennar. Ei avgjerd ho sikkert tapar ein del pengar på, men som ho grunna med at huset hennar skulle verte forbunde med denne typen personar. Både for å behalde respekten ovanfor seg sjølv og sine born, like viktig var det nok også oppretthalde sin høge kulturelle og sosiale kapital på. Dette var ein strategi ho hadde for å halde reint huset sitt for den umoralen som ho syntes *jineteros* stod for.

På same måte som huset er inndelt i to soner, den intime familiære og den ytre offentlege vil skilje sladderer på same måte. Der ein har den intime familiære sladderer eller samtalene om familie forholda og den offentlege sladderer som handlar om kva folk har gjort på gata. (Sjå også Ystanes 2003: 164). Personleg og private informasjon blir berre fortalt til personar ein har stor tillitt til. Dette kan til dømes vere at ein fortel ein venn om som naboen sel bensin, eller i huset driv ulovleg restaurantdrift. Alle desse føretaka er noko som skjer innan husets fire vegger og bak lukka bør heller ikkje forlate huset. Kva som skjer i husa hjå andre, er noko som ein ikkje bør snakke om til alle andre enn dei ein stolte godt på (*gente de confianza*). Dette var ikkje historier eller fakta som skulle gjerast til gjenstand for sladder, fordi det var farleg. Ettersom dette er forretningar det vankar straffer for å befatte seg med. Nokre folk snakka likevel om dette, og vart kalla sladrehanke (*chismoso*). Der det ikkje var eit kompliment å verte kalla dette, som gjenspeglar seg på at dette var ein sladder det var umoralsk å fare med. I motsetning til det å sladre om kva personar hadde funne på å gjere eller seie på gata. Altså i det ”offentlege rom, og dermed mogleg for alle å sjå kva som skjedde. Det sistnemnde seg eg på som ein positiv sladder, fordi den ikkje utgjere ein trussel for dei involverte i forhold til at det er noko som kan medføre straff frå staten. Når det vert snakka om deira dårlege åtfærd er dette meir ein reproduksjon av nettverkets verdiar.

Sladrehankane som då snakka om kva ulovlegheiter naboane, venner eller kjenningar dreiv med, eg ser på som ein negativ sladder. Fordi desse personane delte ein informasjon som ikkje angjekk dei men var av privat karakter og hadde med huset å gjere. Dessutan var dette ein informasjon som ikkje burde komme ut til alle personar sidan det var større eller mindre ulovlegheiter som medlemmane i huset dreiv med. Desse personane vart eg sjølv sagt åtvare mot, når informantane mine ville vise at ein person var ein sladrehank, brukte han å peike på tunga si som stakk ut: for å vise at dette var menneske som snakka for mykje. Så teiknet var klart og tydeleg desse personane har ei lang tunge, ikkje snakk for mykje med dei. Personane som vart sett på som sladrehankar burde heller ikkje sleppast langt inn i huset, der dei fekk sjå kva ein eventuelt dreiv med som var meir eller mindre lovstridig. Fortalde dei då vidare kva dei hadde sett av det som var av ulovelge *negocios* eller det som kunne tyde på mykje rikdom kunne dette få fatale konsekvensar. Mange av informantane mine var redd for at andre personar

skulle få det for seg at dei hadde mykje pengar og ville øydelegge for dei, fordi dei av ein eller annan grunn var sjalu. Sjølv om dei kanskje ikkje hadde grunnar til å ta dei for ulovlege verksemder var dei redde for at myndighetene kunne finne opp nokre.

Etter ein tur til Havanna, fann eg ut at denne redselen ikkje var utan grunn. Sjøføren til taxien var Victor 40 år, og tidlegare bonde frå Santiago. Han hadde for nokre år sidan flytta til Havanna. Under bilturen fortel han om broren sin som set i fengsel, etter at staten har stilt tiltale på fabrikkerte bevis:

*Broren min, Angel budde i fleire år i Europa. For sju år sidan traff han ei europeisk jente heime i Santiago. Dei forelska seg, gifta seg slik at han kunne flytte til heimlandet hennar. Angel hadde studert informatikk og fekk fort jobb. Han vart veldig glad sidan han tente så godt. Vi kom frå fattige kår og Angel var sjølvsagt heilt vill etter pengar. Han ville til dømes kjøpe eit nytt moderne kjøleskap til mor. Eg veit ikkje heilt korleis det gjekk med kjærleiken, om dei fekk nokre problem, men i alle fall starta Angel å henge mykje ilag med nokre andre cubanarar på ein bar om kvelden. Dei starta eit band, og spelte cubansk musikk der om kvelden, tok nokre spelejobbar. Det var slutt mellom han og kona, men Angel fortsetter å jobbe innan informatikk og spele nokre kveldar i veka. Han sender oss ein del pengar men må også ha spart seg opp ein del. Så etter nokre år var han lei og bestemte seg for å ta ein lengre pause og bli på Cuba nokre månader. Her kjøper han seg ny bil og går i pene klede, mange cubanarar vart missunelege på han. Ein dag er han berre ute og går og det kjem ein vilt framand mann bort til han stopper, helser og spør korleis det går med gamlingen? (Hola seré, como anda el viejo?) Den ukjende mannen held fram handa for å handhelse. Angel helser og merker at det blir lagt noko i handa hans. Før han veit ordet av det, kjem det bort ein politimann og ber om å få sjå legitimasjon. Så ber politimannen han om å opna handa, der han har det som skal vise seg å vere ein liten pakke kokain. Angel blir arrestert på flekken, mannen som kom og helste på han, har han ikkje sett verken før eller sidan. Det må ha vore nokon som jobba i det hemmelege politiet. Ein eller anna person kan ikkje ha likt at Angel kom tilbake som ein rik mann, også fekk dei i stand dette. Etter at eg flytta hit til Havanna har eg høyrte om fleire liknande historier. Dei som har mykje pengar utgjere ein trussel for myndighetene. Som gjere kva som helst for at du skal miste pengane. Angel hadde aldri brukt dop, han visste ikkje korleis det såg ut ein gong.*

Eg høyrde fleire gongar cubanarar ytre skepsis mot det å ha for mykje pengar og at dei var redd at naboar eller andre kom til å verte sjalu og gje hemmelege tips til politiet. I Cienfuegos var det ein mann som var kjend for å ha kjempe mykje pengar som han tente på ulike *negocio*. Men for å ikkje tiltrekke seg så mykje merksemd på gata gjekk han i holete og slitne klede. Informantane mine forklarte dette med at han var redd for at folk skulle sladre om kor rik han var og aksjonere mot han. Til dømes ved å ta frå han huset og gje han eit anna som var i mykje dårlegare stand.

## TILLIT: EIN UVURDERLEG KAPITAL

Ettersom det er vanleg å dagleg bryte statens regelverk, gjennom kjøp og sal av varer på svartebørsen eller bruk av statens ressursar til private formål er tillitt ein avgjerande faktor for å kunne lukkast. Ettersom nokre varer berre vart tilbydd dei personane følte ein kunne setje sin lit til. Det er då viktig å ta sine forholdsreglar for å kunne vite kven ein kan ha tillitt til, og sjølv sikre seg at ein er saman med dei personane som vert sett på som tillitsfulle. Viss ein ikkje verker som ein tillitts full person kan ein gå glipp av å få tilbodet til å kjøpe mange viktige varer eller tenester. Tillitt er noko som ein får gjennom nettverket, der ein gjerne stoler på ukjende personar viss ein venn eller kjenning kan forsikre om at dette er tillitsfulle menneskjer (Granovetter 1973: 1374). Ein kan med andre ord seie at tilliten som vert gitt til andre menneskjer i stor grad byggjer på relasjonar. Slik eg ser det byggjer tilliten ein får frå andre personar etter kva rykte ein har på gata og kven ein er saman med. Det er mogleg å seie at personen vert plassert i ein kontekst altså i ein vennegjeng eller i eit nabolag alltid i forhold til relasjonar han har, og kven dette er. Eg viste korleis Pincho fekk hjelp gjennom å vise til sine relasjonar, dette var avgjerande for at han skulle få hjelp fordi avdelingsleiaren plikta seg til å hjelp gamle kjenningar. Samstundes må han ha stole på at Pincho ikkje kjem til å misbruke denne relasjonen. Ved å fortelje til alle kjenningar og alle kontaktane sine korleis han fekk tak i dette brevet, som han eigentleg ikkje hadde rett på. Og som avdelingsleiaren eigentleg ikkje burde utstett til han heller, og som han kan få problem for viss det vert oppdaga. Denne tilliten vert vist til Pincho fordi han kan vise til kven han er ut frå sine relasjonar og dette vert sett på som fornuftige menneskjer som er til å stole på. Det å vere saman med menneskjer som vert sett på som umoralske eller som ein ikkje kjenner så godt vil med ein gong føre til at dei andre personane i det næraste nettverket vert reservvert overfor ein.

Dermed vert den sosiale kapitalen ein person har avhengig av to faktorar. Den første er storleiken på nettverket som han har frå før og kor tette band som eksisterar mellom desse personane. Altså kjennskapen dei har til kvarandre blant anna i form av rykte og informasjon som dei har blitt gitt, frå familie eller venner kjenningar og kontaktar. Eller moglegheitene ein person har for å vise til kva relasjonar ein har i form av kven som er foreldre og vener. Kort sagt at han kan sette seg sjølv inn i eit større nettverk som denne personen har tillitt til. Det vil seie kven som er den næraste familien og vennane, viss ein kan stole på dei, er det også mogleg å stole på denne personen sidan ein stort sett kan rekne med at dei er likedane. For det andre er det ryktet desse personane har og korleis væremåten deira er. Sagt med få ord korleis deira åtfærd vert oppfatta av andre i det offentlege rom. Det er med andre ord veldig viktig å

oppretthalde den gode moralske fasaden utad (keep up the apperances). Altså det å oppretthalde sitt gode namn og rykte i offentlege samanhengar.

Eg la merke til at alle cubanarane hadde sine svin på skogen men ofte freista å halde desse skjult også for nære venner. Både for å sikre at ikkje noko om illegal aktivitet skulle komme ut og truge dei, like mykje som det skulle oppretthalde deira gode namn og rykte. Dette var ikkje alltid like enkelt og kunne ofte medføre litt meirarbeid, ved at ein gjekk ein liten omveg for å sleppe å gå forbi eit hus til sladrehanker. Så dei ikkje skulle sjå kven ein gjekk saman med eller at det hadde blitt handla mykje varer i butikkane eller på marknaden. Førskule lærarinna Clara på 45, er intet unntak, etter at mora døde for to år sidan hadde ho starta å leige ut eit rom i huset sitt til turistar, for å ha betre inntekt.

På veg heim frå marknaden gjekk eg vanlegvis forbi huset hennar og kunne ein gong legge merke til ein opphissa diskusjon utanfor huset hennar. Clara ber meg inn på kaffe for å fortelje meg utfyllande kva som hadde skjedd. For tre dagar sidan hadde det kommt ein turist på døra og spurt om å få overnatte. Ho hadde gitt han beskjed om at reglane var slik ta han berre kunne tas med seg ei cubansk dame heim i løpet av opphalde i huset hennar. Fordi ho ikkje kunne registrere fleire. Dette hadde han vore innforstått med, den første natta hadde han tatt med seg ei veninne heim, ei *jinetera*. Neste kveld hadde han også gått ut på byen slik som alle desse turistane gjere, men om natta hadde Clara berre høyrte at han hadde låst seg stille inn. Ho hadde for sikkerheits skuld sjekka at han var aleine og ikkje tatt med seg ein ny dame heim igjen. Neste morgon på veg til brød utsalet hadde ho derimot blitt sett så rart på. Snart viste det seg at den italienske turisten hadde hatt følgje framtil døra av ei anna *jinetera*. Men ettersom ho ikkje kunne bli med han inn, hadde ho utført oralsex på han mens han sat på trammen. Dette hadde andre naboar sett og dette var no det store samtale emnet i nabolaget.

Clara var nesten på gråtens rand, og påstod at no kom alle til å tru at huset hennar var eit bordell. Noko som eg igjen synes var litt komisk. Fordi eg viste at ho lånte ut dette soverommet til kjenningar for samleie, viss det ikkje var utleigt til turistar. Dette gjorde ho anten for å få ein teneste eller oppfylle ein uteståande teneste hjå desse personane. Likevel verker det som om dette er noko som det i større grad var mogleg å skjule innanfor husets fire vegger. Der dei elskande para som ein sjeldan gong kom innom, og vere der i lys av at berre var på besøk.

Det som skjedde på gata derimot, i full offentlegheit, var noko som alle kunne legge merke til, sladre om og som ga henne eit dårleg omdømme. Dette var sladder som ho i liten grad kunne grad beskytte seg mot, eller hindre at den vart danna. I motsetning til at ho kunne avgrense kven som ho bad med heilt inn i huset og kva dei fekk erfare der av hushaldets røyndommar.

Eg la merke til at eit "weak tie" (Granovetter 1973,1983) kunne ligge meir eller mindre i dvale. På den måten at to personar ikkje høyrer frå kvarandre på mange år, og når dei møtes så verkar det likevel som dei er gode venner. Til dømes møtte eg på ein kveldstur langs Prado (lang allé midt i byen) med Martha og Pedro Manuel. Pedro og Manuel helste hjarteleg på kvarandre og Pedro sa at Manuel var som ein bror for han, sjølv om det seinare i samtalen kom fram at dei nok ikkje hadde sett kvarandre på eit par år. I ein anna situasjon vart eg vitne til at Ariel fekk besøk frå Camilo, ein kamerat som han dei siste tre åra berre sett heilt sporadisk. Etter dei vanlege innleiande høflegheits frasene viste det seg at Camilo gjerne ville få hjelp til å lære engelsk av Ariel, som Ariel til mi overrasking lovde å hjelpe han med ein gong. Då eg spurte Ariel kvifor dei ikkje hadde hatt kontakt så lenge og om det ikkje var rart at han plutselig kom no, svarte Ariel at dei hadde gått saman i barnehagen og at Camilo var ein bra mann (*es un hombre bueno*).

Eg ser på vennskapen som ligger mellom Pedro og Manuel og den mellom Ariel og Camilo, som "strong- weak ties", dette er personar som dei har hatt lite kontakt med over fleire år. Når ein møtes så legger ein likevel vekt på at den andre er ein god venn og vil hjelpe denne, ved forespørsel. Det er som om vennskapen mellom dei to personane har ligget i dvale, og at tilliten er like sterk i vennskapen som den var før. Dette vil eg grunne med at sjølv om dei to personane ikkje har sett kvarandre ansikt til ansikt, har dei sikkert fått informasjon om kvarandre gjennom andre personar. Slik som eg fekk høyre om Nicolas og kva han gjorde utan at eg hadde truffe han personleg.

Kort sagt er det mogleg å hevde at relasjonar som "stong weak ties" byggjer på informasjonen, ryktet og omdømmet som ein person har. Det var derfor det var så ille for Clara at naboane hadde sett kva italienaren hadde gjort på gata fordi det kunne få alvorlege konsekvensar på ryktet hennar. Nicolas hadde også fått ei skramme i sitt rykte som berre vil forverre seg viss ikkje etter kvart vil vise ei betre åtferd i relasjonen til Patricia. Eller så kan det i verste fall skje slik som med Thómas. Dette kan medføre at ho kan miste den tilliten og anerkjenninga Clara får hjå mange av sine strong weak ties, altså sine kontaktar, venner og kjenningar.

Menneskjer har eit behov for å kategorisere andre og vil sjølve freiste å vise til kva kategori ein tilhøyrer gjennom personleg stil og kroppsspråk. Dette vert gjort for å lettare finne si tilhøyrighet og vite kven ein kan stole på. (Ystanes 2003: 160). Eg hevda før i oppgåva at dei som er *jineteroer* er lett gjenkjennelege i bybildet fordi dei kler seg på ein spesiell måte og gjerne har ein litt meir hypp og moderne frisyre enn andre. Korleis eg og min mann gjekk kledd i gata var for min sviger familie av stor tyding og eg ser på dette om eit ledd i denne



taktikken for å ”Keep up the Appearances”. Der ein gjennom klesstil kunne vise kva verdiar ein hadde, og kva person ein var, altså i kva gruppering av samfunnet ein høyrte til i. Til dømes så gjekk dei cubanarane som gjerne ville vise at dei hadde mykje pengar rundt med mykje gullsmykke, armband, ringer og store øyreringar. Gjerne mykje sminke, og klede som var forholdsvis vestelege gjerne med mykje broderi i gull eller sølv på eller paljettar. Dette var klede som ikkje vart selde i butikkane men frå privat hus og derfor litt dyrare meir eksklusive fordi det ikkje fantes maken.

Ut frå Lomnitz påstand (i Ystanes 2003:160) om at ein persons frisyre, klesstil og kroppsspråk, vil eg hevde i tillegg var vokabularet avgjerande for kva gruppe ein vert assosiert med. Kor moralsk åtferd denne gruppa har og dermed vert tilliten ein får frå framande tilskriven gjennom dette. Vidare vert tilliten haldt i hevd ved den eigne og den nære omgangskretsen åtferd, der alvorlege brot på den sosiale etikette medfører at eins venner vil trekke seg tilbake for å ikkje verte assosiert med dette. Slike brot på anerkjent åtferd vert det sladra om blant cubanarane, slik som eg har vist i dette kapitlet. Denne informasjonen går vidare frå person til person ut i dei ulike nettverka, til forskjellige stader rundt i byen og mange personar. Med bakgrunn i dette vil eg hevde at tilliten til personar som ein ser forholdsvis sjeldan, ”weak links”, blir oppretthaldt eller går til grunne med bakgrunn i kva som blir sagt om ein. Sjølv sagt i særleg grad om det vert sagt av ein påliteleg person<sup>32</sup>.

Fordi dette nettverket er så viktig og avgjerande for cubanarane er viktig å vedlikehalde det. Dette kan gjerast både å jamleg komme innom på visitt men også var det viktig å oppretthalde sitt gode namn og rykte eller så ville vennane gradvis bli meir reserverte på grunn av mangel på tillitt. Måten ein då ikkje oppfører seg i forhold til den andres forventningar og forpliktelsar kan vere som eg nemnde i kapitel tre unnlate å gje ei takk for hjelpa gåve eller komme på besøk kor tid etter at ein har vore invitert til eit hus på mat. Kor stort nettverk av venner og kjende ein har er avhengig av kor godt ein oppfyller pliktene ein har i slike resiprositets forhold og forventningane desse personane har. Andre ting som tillitt og ryktet ein har på gata er også avgjerande for kva innstilling andre ukjende personar har til ein og i hvilken grad eller utstrekning dei er beredt å yte hjelp. Kva ein gjere på gata og korleis ein oppfører seg vert snakka om av andre og gir anten eit godt eller dårleg rykte. Til og med kva jobb ein skal finne seg på si som ekstra inntekt er derfor veldig avgjerande, fordi dette kan skade det personlege ryktet og medføre at ein får problem med å knytte nye vennsksbands eller få hjelp

---

<sup>32</sup> Det var ein gong eg hadde spurt etter opprinnelsen til eit rykte, om dette var sant og då vart det sagt at det er Lupe som har fortalt det og ho veit alltid alt. Det er bra viss du vil vite ting, men viss du vil halde noko hemleg er det selfølgeleg veldig dumt om ho får vite det.

frå framande personar. Ved å ha ein *negocio* som personar ser på som umoralsk viss ein har eit godt rykte, så kan dette ”settes over styr” ved å ikkje handle i forhold til det som vert sett på som god åtferd. Så då må ein med andre ord velje seg ein *negocio* som passer til eige omdømme. Mangel på tillitt kan også føre til problem med å skaffe varer *por la calle*, i tillegg førar manglande tillitt frå andre menneskje at ein kan knyte mindre relasjonar til ukjende personar. Dermed kan det verte vanskeleg å auke den sosiale kapitalen.

Den som ikkje klarar å etterkomme desse vert fryst ut at nettverket, samstundes som hans åtferd også vert diskutert av andre. Dette stoggar ikkje berre konverteringsmoglegheitene til denne personen fordi han ved visse konverteringar mistar kapital, men han kan også miste sosialkapital. Det vil seie anten tidlegare vener eller at han har problem med å knytte nye relasjonar. Fordi andre personar kjennar hans dårlege rykte og unngår å vere saman med han sidan dette kan ”smitte over” på dei. Dette igjen har sjølv sagt ringverknadar med dei konsekvensane at det vert vanskeleg å få tak i varer som ein trenger eller informasjon som ein får gjennom nettverk. Eit dårleg rykte som til dømes det å vere kjend som *jinetero* kan også medføre at ein får mindre servise på ved ulike offentlege instansar.

I neste kapitel vil eg kort oppsummere funna i oppgåva, og avrunde oppgåva med å sjå nærare på det som gjere kameraderiet på Cuba så særeigent.

## Kapitel 5

### **VI HAR IKKJE SOSIALISME - VI HAR KAMERADERI**

#### ***(Aquí no hay socialismo – Lo que hay es sociolismo)***

Cubanarane sjølve er overbeviste sosialistar<sup>33</sup> hevdar at det ikkje finnast sosialisme på Cuba ettersom den sosialistiske staten ikkje klarar å forsørgje cubanarane med sine ytingar. Det som derimot finnast er kameraderi, (*sociolismo*) fordi ein må gå til sine venner og kjenningar for å skaffe varene ein behøver, og menneskjer gir kvarandre hjelp, med bakgrunn i at dei er i den same vennekrisen. Desse personane treng heler ikkje å kjenne kvarandre, men kan berre vise til felles venner eller kjenningar for å finne ein veg rundt byråkratiets lover eller får tilgang på varer eller tenester, som ukjende menneskjer ikkje får. Archibald Ritter definerar kameraderi som "the reciprocal exchange of favours by individuals. Any person with control over resources could exchange access to those resources for some current or future personal material benefit" (2005:39).

Gjennom oppgåva har eg fleire gongar vist kor stor rolle det personlege nettverket spelar i cubanaranes kvardag. Der plikta til å hjelpe vener og kjenningar er med på å rettferdiggjere lovbrøt, eller det å nytte statens ressursar til eige formål (Fernández 2000: 111). I følgje Fernández er den uformelle økonomien på Cuba som ein "shadow state", der det personlege og medmenneskelege står i fokus (2000: 110).

Han hevdar vidare at "*sociolismo* is the system of access to goods and social standing based on who you know and who you love, on *amiguismo* and cronyism [...] In sociolismo your personal qualities and your personal connections, not your political rectitude or your professional credentials, are your greatest resource, for they make survival possible" (2000: 110). Dei personlege verdiane som vert lagt vekt på er "*simpatía* (likability), *confianza* (familiarity that leads to trust), and *ser buena gente* (being a nice person) its main tenet is personal exceptionalism and particularism due to affection" (Fernández 2000: 29). Dette stemmer overens med mine funn. I førre kapitel nemnde eg at Camilo kom til Ariel for å få hjelp med engelsken, sjølv om dei ikkje hadde treffes så mykje i dei seinare åra. Ariel fortalde meg etterpå at han hjalp Camilo

---

<sup>33</sup>Nokre cubanarar er også medlemmar av partiet "for syns skuld"

fordi han ein bra mann (*es un hombre bueno*). Der også Pincho fekk hjelp frå avdelingsleiaren fordi sistnemnde synes han var sympatisk.

Eit anna tema i oppgåva har vore at det personlege nettverket består av fleire relasjonar, enn berre til familie medlemmar og gode vener. Der lausare relasjonar som "weak ties" spelar ei like stor og viktig rolle. Korleis desse relasjonane skil seg frå kvarandre er også ein argumentasjon Fernández går djupare inn på: "Whereas family members and friends are united by the bond of affection as well as of interest, associates are linked by instrumental considerations and by trust and reciprocity" (Fernández 2000: 108).

Gåver som blir gitt for at tenester skal utførast eller fordi tenester har blitt utført, vert ofte sett på som ei undergraving av det økonomiske systemet. Bourdieu hevdar derimot at det verkar kompletterande på den offisielle økonomien (Bourdieu 1977 i Caldwell 2004: 85). Scheppeles (1999) tilnærming til korrupsjon byggjer på at dette må verte forstått ut frå landets økonomi og samfunnets føresetnader. I land med ein sosialistisk plan økonomi kan ikkje innbyggjarane vere sikre på at staten klarar å oppfylle deira daglege behov. Derfor er det å oppfylle forventningane innan sosiale relasjonar viktigare enn å vere lojal mot staten, fordi desse byggjer på vissheita om at ein bør hjelpe kvarandre ved vanskar. Derfor konkluderar Scheppele med at "what looks like corruption are the survival skills of people who are still living in uncertain times" (1999: 522).

I følgje mine og Ystanes sine funn i Guatemala der ordet tillit ofte vert nytta til å beskrive kven dei står spesielt nær fordi dei stolar på kvarandre. Dette trenger ikkje å vere samanfalande med dei personane ein brukte å vere mykje i lag med (2003: 63). I kapitel fire viste eg at tillitt er avhengig av ein persons sosiale historie. Til lenger ut ein kjem i nettveker altså til svakare banda vert også mistilliten vere større, og affeksjon vil ha mindre innverknad. Derfor spelar den sosiale historia ei større rolle det er viktig å oppretthalde ansiktet utad; "keep up the appearances". Fordi eit godt omdøme er avgjerande for om ein får tillitt frå andre eller ikkje, og tilgang på kjøpe stolne varer.

## ”LA DOBLE CARA”: EI OFFENTLEG- OG EI PRIVAT SFÆRE

Alle cubanarane har to ansikt, og følgjer to moralar: ei for det offentlege og ein anna i det private hevdar Fernández (2000:87). Det er svært viktig for alle familiar og hushald å oppretthalde eit godt ”ansikt utad”. Hushaldets medlemmar skulle både kle seg bra og oppføre seg skikkeleg på gata, for å sikre å oppretthalde eit godt rykte og omdøme.

Samstundes var det viktig å ikkje kome i konflikt med staten på grunn av uformelle yrker som ein hadde. Men *la doble cara* er ikkje berre ein måte å beskytte seg mot naboanes sladder på, det er også ein mot reaksjon på statens politikk<sup>34</sup>. I det offentlege liv, i det formelle arbeidet vil ein så langt ein er nøydd rette seg etter staten viss det ikkje finnast ein annan utveg (Fernández 2000: 32). “The coexistence of two opposing codes of conduct, the official and the unofficial, renders social life very complex as individuals must adapt their behaviour to accommodate both”( 2000:111). Det betyr at cubanarane i offentlege samanhengar freistar å verke som gode revolusjonære, mens dei utanfor det offentleges kontroll gjerne nyttar statens ressursar til å hjelpe venar og kjenningar, eller eiga økonomisk vinning.

Caldwell hevdar at det var mogleg å måle graden av ”social trust” mellom to personar i Russland ved å sjå på kva gåver dei gir kvarandre (2004: 118). Den sosiale intimiteten mellom venner på Cuba kan målast på same måte, til dømes blir storfe kjøtt berre gitt til personar ein lit mykje på. Ettersom dette er vare som det er illegalt å konsumere med mindre dei er delt ut av staten på diett, så derfor blir det berre gitt til vener ein er sikker på ikkje kjem til å angi ein til staten.

Det er statens forbod som gjeld mot konsumering av kjøtet, så for cubanarane er det ikkje tabu belagt å ete dette, heller det motsette: at dei spøker med at det berre er i India og på Cuba at kyrne er heilage. Storfekjøtt er eit forholdsvis dyrt kjøtt, som på same måte som skaldyr derfor vart servert i ein heimelaga majones ved fester. Det var med andre ord visse typar av mat som anten berre vart spist aleine innan familien eller ved festlege tilstellingar. Dette gir gjerne medlemmane som delar denne maten, som dei veit er ulovleg å kjøpe ein ”communal trust” (Rogers 2005: 64). Dette vil eg hevde også skjer med anna mat og drikke slik som kaffe som ein drikker saman inne på kjøkkenet eller drikk juice av frukt saman.

---

<sup>34</sup> Sjå også hovudfagsoppgåvene til Gry Kibsgaard. 1998., Olsen og Solberg frå Cuba

Rogers skildring av rolla til heimebrent på landsbygda i Russland, som har fleire likskapar med utvekslinga av frukt og grønt på Cuba. Når menn delar ei flaske heimebrent i Russland førte dette til "cementing relationships that ultimately led to nonmonetary inputs to the household" (2005: 67). På Cuba vart det ikkje drukke heimebrent, menn delte gjerne ei flaske rom og kvinner gjerne ein kopp kaffe ilag. Nokre gonger drakk også kvinner rom men då ikkje utan brus, og menn kunne drikke kaffe eller juice alt etter kva som var for hånden. Men den typiske "bonding" drikken mellom venner var då rom for menn og kaffe for kvinner. Gjennom dette vart det delt rykter og sladder om andre eller det la grunnlag for å kunne "låne" varer med kvarandre det var mangel på. Altså det medfører at ein seinare kan drive eit utbytte av tenester som eg har nemnd i kapitel tre, til dømes låne sykkel og stiger og forskjellige ting som gagnar begge partar men ikkje vert omrekna i økonomi. Personane som sladrar saman, drikker også gjerne noko saman og er som oftast i den innerste delen av huset, kjøkkenet. Dei einaste gongane personar vart traktert i mottaks stova var viss dette var viktige personar. Med andre ord er det her mogleg å sjå eit mønster, der visse matvarer vert spist og delt med personane ein stoler mest på. Dei same matvarene utgjere også vennegåvene, grunnen til at ein fekk denne gåva gjerne er at ein "hadde den til overs". Martha sa ein gong at ein god venn var den som deler tjue pesos med deg viss den var blitt til overs. Der ein får desse pesoane kjøper noko å drikke eller ete, for å ha det moro *para divertirse*.

Fernández hevdar det uformelle rommet ein plass der menneskja kan slappe av, ein arena for sladder og vitser<sup>35</sup> som eit alternativ til det offisielle ritual og sosialiseringa. "Informality allows people to relax; one of its messages is *no cojas lucha* (take it easy, don't worry, relax), as opposed to the government's call for *sacrificio* (sacrifice) (Fernández 2000: 110, jf. Scheppele 1999: 521). Her står verdiane til den formelle økonomien, der ein skal ofre seg for revolusjonen og samfunnets beste, stå i rak motsetning til verdiane til den uformelle økonomien. Der det å ta vare på familien og vennane står i fokus. Stimulerings gåver og takkegåver er noko som tilhøyrer den uformelle økonomien, men då dens offentlege del. Fordi dette er gåver som blir gitt i det offentlege rom på kontor eller eventuelt i mottaks rommet i

---

<sup>35</sup> Eg og ei vennine gjekk opp ein bakke fordjupa i ein privat samtale så derfor merka vi merka ikkje at ein felles kjenning kom opp tett bak oss. Ettersom eg ikkje visste kor lenge han hadde vore bak oss spurte eg om han hadde gått der i lang tid, og spionert på oss gjennom tyv lytting? Der han bryt ut i latter og svarer at no hadde eg lært meg den cubanske humoren eller spøkemåten.

eit hus som fortsatt er den offentlege delen til huset. Stimuleringsgåvene og takkegåvene er også dollar gåver som står i rak motsetning til det pesos forbruket ein finner blant venner. Dermed kan ein få denne oppdelinga, der ein kan ha to slags ansikt som vert vist:

Gate (stue)	dollar gåve	offentleg
Hus (kjøkken)	peso gåve	intim/nærleik

Vennegåver vert berre gitt til dei ein stoler mest på, dei som ein kan sleppe lengst inn i huset og vite at dei ikkje er sladrehanke. I følge Fernández er den uformelle heimesfæren ein plass der "the truth" can be spoken. (Fernández 2000:110). Ved eit høve vart eg og ektemannen min invitert med å vitje Lazaros familie ogi det vi kom inn døra introduserte han oss som gode vener. Dette var ein måte å fortelje implisitt med at vi kan snakke "om alt eller snakke veldig fritt", desse er til å stole, er ikkje sladre hankar og vi treng ikkje å unngå visse politiske tema. Slik som ein til dømes eventuelt må gjere i det offentlege fordi ein ikkje veit kven som er med i det sikkerheits politiet. Det private ansikt står altså i rak motsetning til det offentlege der ein i ein viss grad prøver å framstå som ein god revolusjonær.

### **KAMERADERI MED SOSIALISME**

Det personlege nettverket som jo er bygd opp kring kameraderi, *sociolismo* er ein måte å tilpasse seg- og overleve i det sosialistiske systemet på. Samstundes er det også innad i dette systemet litt stømlinje forma og tilpassa til det sosialistiske regimet. Strømlinje forma på den måten at cubanarane også innad i nettverket til ein viss grad vil forvalte sin kapital, sitt rykte og omdømme slik at det passer til det revolusjonære forbildet. Ikkje fordi dei har desse verdiane sjølve, men fordi cubanarane ikkje veit kven dei kan stole på og dermed nesten alltid vil verke som ein "god revolusjonær". Blant anna ved å gjere alt for å unngå å vise at ein har mykje pengar, eller halde sin *negocio* skjult for sine aller nærmaste. For å vere heil sikker på å ikkje kome på kant med makthavarane og verte straffa gjennom bøter eller fengsel. Med andre ord blir det personlege nettverket både ein tilpassingsstrategi som i seg sjølv er tilpassa den

totalitære og sosialistiske staten. Fordi ein tilpasser seg til det offentlege etter revolusjonens verdiar, men privat gjere det som er best for familien og venane.

Staten driver ein redsistribusjon, der målet er å sikre likskap til innbyggjarane av varer og tenester. Dette vil dei gjerne gje som slags gåver fordi dette skal stå mot ein kapitalistisk økonomi. Problemet er at dei har problem med å yte nok til innbyggjaranes behov, og at innbyggjarane retter seg til sine venner og kjenningar for å tilfredstille det daglege behov. Men også innan dette kameraderiet ser ein klare sosialistiske haldingar der kvar ven yter etter evne og får etter behov. Det vert ytt etter evne på den måten at kvar ven gir etter dei moglegheitene han har for å finne eller skaffe ulike varer og tenester. Men vennane spør først etter dette ettersom dei har behov for ein tannlege eller bilreparasjonar. Her knyter cubanarane også strategisk relasjonar til personar som dei ser på som strategiske ut frå det behovet dei har eller kan komme til å få. Innanfor faste vennskap yter venner kvarandre tenester etter behov og evne, til dømes at Emilio reparerte rør hjå oss og fekk låne sykkelen.

Innan desse bytte relasjonane er stimuleringsgåvene og takkegåvene ein balansert resiprositet og vennegåvene som ein generalisert resiprositet (Eriksen 2001: 230). Gjennom vennegåver vert det ytt etter evne altså også kva moglegheiter man har, og ein får etter behov. Det er jo sosialismens slag ord. Så på Cuba kan ein hevde at det finnast ein sosialistisk kameraderi.

Blant anna følgjer cubanarane ofte prinsippet om å kunne beskatte dei rike, ved å krevje meir løn frå personar dei viste leigde ut hust til turistar, fekk løna i dollar eller var saman med ein turist og på denne måten kunne få tak i meir pengar.

## **TANKAR KRING VIDARE FORSKNING**

Bourdieu hevdar at statusen til ei gruppe vert halden i hevd og vist til andre gjennom forbruk. På Cuba kunne dette ikkje komme tydelegare fram enn på laurdagskveldane då dei fleste cubanarane møttes på strandpromenaden (*Malceon*). Det var ein møteplass som var for å sjå og bli sett samt å møte vener. Hit kom tenåringar, ungdommar og vaksne folk. For å dele ei flaske rom i sjø brisen, til tonane av musikken til det næraste diskoteket. Medan dei som hadde pengar gjekk inn på bensinstasjonar med air condition og drakk kald øl mens dei hørte på europeisk og nord amerikansk musikk, gjerne frå ein tv i ein krok. Dermed kunne ein etterkvart ane



konturane at det etterkvar veks fram to "eliter" på Cuba. Der dei som tilhøyrrer den som er rik på økonomisk kapital går på diskotek og set på bensinstasjonane og drikker øl. Medan den andre eliten som er rik på kulturelle kapital etter ei lang universitets utdanning ikkje har pengar til dette og er å finne på *Malceon*.

Før DSP var det berre personane som var rik på kulturell kapital som kunne kallast elite. På grunn av si høge utdanning fekk dei gjerne reise utanlands, og derfrå kjøpe med seg varer som var sjeldne på Cuba, til dømes ulike brunevarer eller pyntegjenstandar. I og med at dei arbeidde utanlands gjennom cubanske prosjekt tente dei også meir pengar enn dei som forblei på Cuba. Dermed var dei både den kulturelle og økonomiske eliten.

Men etter at Cuba igjen har vorte eit stort mål for turistar, har mange personar med ganske lav utdanning blitt rike på å leige rom til turistar. Dette har nesten hatt med litt flaks å gjere, der dei har vore så heldig å bu i eit hus som egna seg til utleige. Og plutselig tener mykje meir enn dei som har høg utdanning bak seg som i fleire år arbeidd høgt innan academia. Dette synes eg ville vere interessant å drive vidare forskning, korleis desse skilnadane mellom "elitene" vil utvikle seg framover. Vil dei som har mykje kulturell kapital freiste å "stengje ute" dei ny-rike? Ved å ikkje hjelpe dei på same måte som dei vil hjelpe kvarandre med bakgrunn i at dei har høg kulturell kapital. Eller vil plikta ein har til å hjelpe eigne vener og kjenningar slutte å gå framfor dyre gåver?

Det er fortsatt mogleg for cubanarar å arbeide i utlandet gjennom visse prosjekt, til dømes vert mange leger sendt til Venezuela. Dette er også oppdrag ein tener ein del pengar på. Finnast det måtar cubanarane legger strategiar for å få slike jobba eller oppdrag, for å tene meir pengar utan å på kant med det sosialistiske systemet.

## LITTERATUR

Appadurai, Arjun.

1986. Introduction: commodities and the politics of value i: *The social life of things: Commodities in cultural perspective*, A. Appadurai (red.) 3-63. Cambridge: Cambridge University Press.

Barth, Fredrik

1994. Økonomiske sfærer i Darfur, i *Manifestasjon og prosess*, 46-65. Oslo: Universitetsforlaget.

Bloch, Maurice og Parry, Jonathan

1989 *Money and the Morality of Exchange* Cambridge. Cambridge University Press

Bohannan, Paul

1959 "The Impact on Money on an African Subsistence Economy" *Journal of Economic History* 19: 491-503

Bourdieu, Pierre.

1977. *Outline of a Theory of Practice*. Trans. Richard Nice. Cambridge: Cambridge University Press

Bourdieu, Pierre.

1979/84. *Distinction: a Social Critique of a the Judgement of Taste*. Oversatt av Richard Nice frå *La Distinction: critique sociale du jugement*. Cambridge, MA Harvard University Press

Bourdieu, Pierre

(1983/1986) "The Forms of Capital" i *The Sociology of Economic Life*. Boulder, Colo: Westview Press: 241-258.

Bourdieu, Pierre

1984/93. *Sociology in Question*. Oversatt av Richard Nice frå *Questions de Sociologie*. London: Sage Publications.

Bourdieu & Wacquant

1995. *Den kritiske ettertanke: Grunnlag for samfunnsanalyse*. Omsett og med tillegg ved Bjørn Nic. Kvalsvik. Oslo: Det Norske Samlaget.

Brundenius, Claes

2002. "Whither the Cuban economy after recovery? The reform process, upgrading strategies and the question of transition" i *The Journal of Latin American Studies* vol. 34, No. 2 365- 395 Cambridge University Press

Brusewitz; Elin med fleire.

2007. *Kuba på riktig*. Sverige. Murbruk Förlag.

Bye, Vegard og Hoel, Dag.

2006. *Dette er Cuba alt annet er løgn!* Oslo: Spartacus forlag AS

Campbell, J.K.

1977. "Honour, Family and Patronage: A Study of Institutions and Moral Values in a Greek Mountain Community", i S.W. Schmidt, J. C. Scott, C. Lande og L. Guasti (eds.), *Friends, Followers and Factions*. Berkeley: University of California Press

Caldwell, Melissa L.

2004. *Not by Bread Alone: Social Support in the New Russia*. Berkley/ Los Angeles/ London: University of California press.

Eriksen , Thomas Hylland

2001. *Etterord i Gaven: Utvekslingens form og årsak i arkaiske samfunn*. Oslo: Cappelen Uppulære.

Fernández, Damián, J

2000. *Cuba and the Politics of Passion*. Austin: University of Texas Press

Feldman, Allen

1991. *Formations of Violence: The Narrative of the Body and Political Terror in Northern Ireland*. Chicago and London: The University of Chicago Press

Friedrich, C.J

1966. Political Pathology, *The Political Quarterly* 37 (1), 70-85.

Granovetter, Mark S.

1973. "The Strength of Weak Ties" i: *American Journal of Sociology*, vol. 78 issue 6 (May 1973), 1360-1380.

1983. "The Strength of Weak Ties : A Network Theory Revisited" i: *Sociological Theory*, vol. 1. (1983), 201-233.

2007. "The Social Construction of Corruption" Pp 152-172 i Victor Nee and Richard Swedberg, editors, *On Capitalism*, Stanford University Press.

Grossman, Gregory.

1979. "Notes on the Illegal Private Economy and Corruption." I: *Soviet Economy in a Time of Change* Vol. 1, 834- 855 (842- 847). Washington, D.C.: U.S Government Printing Office.

1989. "Informal Personal Incomes and Outlays of the Soviet Urban Population." I *The Informal Economy: Studies in Advanced and Less Developed Countries*, utgitt av: Alejandro Portes, Manuel Castells, and Lauren A. Benton, 150-170 (152-153) Baltimore: The Johns Hopkins University Press.

Guevara, Ernesto Che

2005 "Socialism and Man in Cuba" i *The Che Reader: Writings on Politics & Revolution* side 61- 76. Melbourne: Ocean Press.

Heldal, Fredrik.

2008 "Cuba: Pragmatisk dogmatisme" i *Corriente del Golfo, Revista Noruega de Estudios Latinoamericanos* 5 utgitt av Coco, M., Askeland, J., Ohldieck, H. ved institutt for framandspråk: Bergen.

Henken, Ted

2005 "Entrepreneurship, Informality, and the Second Economy: Cuba's Underground Economy in Comparative Perspective" i: *Cuba in Transition: Volume 15*. Papers and Proceedings of the Fifteenth Annual Meeting of the Association for the Study of the Cuban Economy (ASCE)

Homanns, Gerorge.\*

1950. *The Human Group*. New York: Harcourt, Brace & World.

Horowitz I. og Suchlicki, J.

1998. *Cuban Communism*. New Jersey

Krylova, Anna.

1999. "Saying "Lenin" And Meaning "Party": Subversion and Laughter in Soviet and Post-Soviet Society" I: *Consuming Russia: Popular Culture, Sex and Society since Gorbachev*, ed Adele Marie Baker, 243-265. Durham, N.C.: Duke University Press.

Ledeneva, Alena

1998. *Russia's Economy of Favours: Blat, Networking and Informal Exchange*. Cambridge University Press.

Lomnitz, Larissa Adler

1977. *Networks and Marginality. Life in a Mexican Shantytown*. New York & London: Academic Press, Inc./ltd. Kapitel 9 side 189-206.

Mauss, Marcel.

1990. *The Gift: The Form and Reason for Exchange in Archaic Societies*. Trans. W.D. Halls London: Routledge.

2001. *Gaven: Uvekslingens form og årsak i arkaiske samfunn*. Oslo: Cappelen U populære.

Olivier de Sardan, J.P(\*)

1999 "A Moral Economy of Corruption in Africa?" *The Journal of Modern African Studies* 1:25-52

Olsen, Siren Skjold.

2000. *Entramos juntos, pero salimos solos: Stat, individ og endring på Cuba*. Bergen: Universitetet i Bergen, hovudfagsoppgåve i sosialantropologi.

Opjordsmoen, Line:

2001. *Her finnes ingenting, men alt kan skaffes likevel: Nettverk og erverv i en kubansk landkommune*. Oslo: Universitetet i Oslo, hovedsfagoppgave i sosialantropologi.

Polyani, K

1957. "Aristotle Discovers the Economy" side:64-94 og "The Economy as Instituted Process" side 243-270 i *Trade and Market in the Early Empires*, Glencoe IL: Free Press

Prieur, Annick & Sestoft, Carsten

2006. *Pierre Bourdieu. En introduktion*. kap. 3 side 71- 99. København: Hans Reitzels Forlag.

Ritter, Archibald R.M

2005. *Cubas Underground Economy Economies and International Affairs*, Carleton University, Canada

Rogers, Douglas

2005. Moonshine, money and the politics of liquidity in rural Russia. *American Ethnologist* Volume 32 (1) 63-81.

Rosendahl. Mona.

1997. *Inside the Revolution: Everyday Life in Socialist Cuba*. Ithaca & London: Cornell University Press.

Scheppele, Kim

1999."The Inevitable Corruption of Transition." *Connecticut Journal of International Law* 14: 509-532.

Solberg, Majken:

1996. *Liten by, stort helvete: mangfoldige overlevelses strategier i 90 årenes Cuba*. Oslo: Universitetet i Oslo, hovedsfagoppgave i sosialantropologi.

Stevens, Carolyn S.

1997. *On the Margins of Japanese Society: Volunteers and the Welfare of the Urban Underclass*. London: Routledge

Suchlicki, Jaime.

2002. *Cuba: from Columbus to Castro and Beyond* Virginia: Brasseys's Inc. Kapittel 11 side 116-133.

Suarez, Andrés

1985 "Cuba: Ideology and Pragmatism" in *Cuba: Continuity and Change* ed. Jaime Suchlicki, Antonio Jorge and Damián Fernández. Miami: Institute of Interamerican Studies: 129- 146.

Underlid, Even Sandvik

2008. 100 kroner i måneden? Om pressedekning av reformer på Cuba i *Corriente del Golfo, Revista Noruega de Estudios Latinoamericanos* 5 utgitt av Coco, M., Askeland, J., Ohldieck, H. ved institutt for framandspråk: Bergen.

Wilken, Lisanne

2008 "*Pierre Bourdieu*". Oversatt til norsk av Vebjørn F. Andreassen. Trondheim: Tapir akademiske forlag.

Wacquant, Loic J.D. (\*)

1998 "Pierre Bourdieu" i *Stones* (red.): *Key Sociological Thinkers*. New York: NYU Press: 215-228.

Yan, Yunxiang

1996. *The Flow of Gifts: Reciprocity and Social Networks in a Chinese Village*. Stanford, California: Stanford University Press.

Ystanes, Margit :

2003. ”Venner finner man i familien, ute på gata finner man bare fiender”  
-En studie av moralitetsdiskurser og mestring av utrygghet i Quetzaltenango,  
Guatemala. Bergen: Universitetet i Bergen, hovedfagoppgave i sosialantropologi.

Ørmen, Linn Helen :

2004. *Huset og gata*. -Et studie av kubansk hverdagsorganisasjon. Oslo: Universitetet  
i Oslo, hovedfagoppgave i sosialantropologi.

Ånestad, Siv Elin

2004. *Tourism and the Politics of the Body in Cuba: Male and Female sexualized  
Strategies*. Bergen : Universitetet i Bergen hovedfagsoppgåve i sosialantropologi.